



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Metode for kartlegging og kartfesting av  
eigedomsgods

Method for historical estate surveying

**Gina-Agathe Takle Tytingvåg, Helen  
Solheim og Iris Dahl Sandø**

Landmåling og Egedomsdesign

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap

Rettleiarar Lars Kvestad og Ane Margrethe Lyng

Innleveringsdato 22 mai 2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Forord

Denne bacheloroppgåva markerer avslutninga på vårt bachelorforløp for Landmåling og Egedomsdesign ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Omfanget av oppgåva utgjør 20 studiepoeng per student. Arbeidet med å samle inn data byrja hausten 2022 og oppgåva vart avslutta i mai 2023.

Vi blei presentert for Lyseklostergodset og idéen om å lage ein metode for kartlegging av egedomsgods av rettleiar. Gjennom tidlegare emne i utdanningsløpet fatta vi interesse for egedomshistorie og egedomskartlegging. Arbeid med visuelle analyser er òg noko vi har satt pris på, og arbeidet med denne oppgåva har kombinert desse interessene. Arbeidet med oppgåva har vore interessant, morosamt, slitsamt og lærerikt, samstundes har prosessen bydd på både opp- og nedturar.


Vi vil rette ein stor takk til Yngve Nedrebø på Statsarkivet i Bergen for hjelp med å finne fram i historiske dokument og materiale tilknytt Lysekloster-arkivet. Utan hans assistanse ville oppgåva vår ha mangla viktige poeng og datamateriale.

Vi vil takke vår rettleiar Ane Margrethe Lyng for sin faglege ekspertise og konstruktive tilbakemeldingar.

Vi vil rette ein ekstra stor takk til Lars Kvestad som har rettleia oss gjennom heile prosessen, og som gjennom sitt engasjement og fagleg ekspertise har vore uvurderleg for utviklinga av denne oppgåva.

Til slutt vil vi rette ein takk til nære og kjære som har vore gode støttespelarar denne våren.


God lesing!



Iris Dahl Sandø



Gina-Agathe Takle Tytingvåg



Helen Solheim

## Samandrag

Denne oppgåva tar utgangspunkt i Lysklostergodset som var eit eigedomsgods på Vestlandet mellom 1146 og 1871. Godset vart først drive som eit klostergods, deretter som krongods og til sist som privateigd eigedomsgods. Ved å nytte Lyseklostergodset som case, ynskjer vi å finne ein formålstenleg måte for å kartlegge og kartfeste norske eigedomsgods. Vi skal fordjupe oss i dei tilgjengeleg kjeldemateriala tilhøyrande Lyseklostergodset for å svare på to problemstillingar:

- *Kva vil det seie at ein eigedom var eigd av Lyseklostergodset?*
- *Kan vi med bakgrunn i kjelder frå Lyseklostergodset finne ein formålstenleg metode for kartlegging og kartfesting av norske eigedomsgods?*

For at vi skal vite kva eigedomar vi skal kartlegge og kartfeste i oppgåva må vi vite kva eigedommar som har vore eigd av Lyseklostergodset, jf. første problemstilling. I den samanheng ser vi på kva som kan ligge i omgrepet «å eige». Vi konkluderer her med at alle gardar der Lyseklostergodset har hatt eigarinteresser kan reknast som «eigd av Lyseklostergodset».

Gjennom arbeidet kjem vi fram til at kjeldene som er unike for Lyseklostergodset ikkje har ein direkte overføringsverdi. Kjeldene vil difor ikkje gi oss ein formålstenleg metode for kartlegging og kartfesting av eigedomsgods, jf. andre problemstilling. Erfaringane vi gjer oss undervegs har derimot overføringsverdi for seinare undersøkingar og kan vere rettleiande.

I oppgåva viser vi framgangsmåtar for innhenting og systematisering av eigedomsinformasjon, deretter korleis ein kan overføre denne informasjonen til kart ved å nytte ArcGIS-Pro. Dette dannar grunnlag for ein generell metode for kartlegging og kartfesting av eigedomsgods basert på framgangsmåtane vi erfarer er formålstenlege.

## Abstract

This assignment is based on Lyseklostergodset, which was an estate in Western Norway between 1146 and 1871. The estate was first run as a monastery estate, then as a crown estate and finally as a privately owned estate. By using Lyseklostergodset as a case, we wish to find an appropriate way to map and record Norwegian real estates. We will immerse ourselves in the available source material belonging to Lyseklostergodset, in order to answer two main questions:

- *What does it mean that a property was owned by Lyseklostergodset?*
- *With a background in sources from Lyseklostergodset, can we find a suitable method for examining and mapping Norwegian real estate?*

In order for us to know which properties we are going to examine and map in this assignment, we need to know which properties have been owned by Lyseklostergodset, cf. the first question. In this context, we look at what can be included in the term "to own". We conclude that all properties in which Lyseklostergodset has had an ownership interest can be considered "owned by Lyseklostergodset".

Through the work, we come to the conclusion that the sources unique to Lyseklostergodset do not have a direct transfer value. The sources will therefore not provide us with a suitable method for examining and mapping real estate, cf. second question. The experiences we gain along the way, on the other hand, have transfer value for later investigations and can be used as a guide.

In the assignment, we show procedures for obtaining and systematizing property information, then how to transfer this information to maps by using ArcGIS-Pro. This forms the basis for a general method for examining and mapping real estate based on the procedures we have found to be appropriate.

## Innholdsfortegnelse

1	Innleiing .....	9
1.1	Problemstilling.....	10
1.2	Avgrensing .....	10
1.3	Metode .....	10
2	Teori og omgrepsavklaring .....	11
2.1	Pantebok og realregister .....	11
2.2	Matrikkel .....	12
2.3	Eigedomsomgrep i dag.....	14
2.3.1	Fast eigedom .....	14
2.3.2	Eigedomsrett som juridisk term .....	15
2.4	Eigedomsomgrep i eldre tider .....	15
2.4.1	Leiglendingsvesenet og løysingsrett.....	16
2.4.2	Bygsel, landskyld, skyldeige, matrikkelskyld .....	16
2.4.3	Sikt og sakefall, rosteneste og leidang .....	17
2.5	Jurisdiksjon- og administrasjonsinndelingar .....	18
2.6	Utskiftingslov frå 1821 og 1857.....	21
3	Historisk bakgrunn.....	21
3.1	Lyse Kloster 1146-1536 .....	21
3.1.1	Eigedomsmassen i klostertida .....	22
3.2	Lyseklostergodset 1536- 1669.....	24
3.3	Lyseklostergodset 1670 – d.d. ....	25
3.3.1	Rettar lagt til godset .....	25
3.3.2	Godset etter 1819 .....	26
3.3.3	Godset etter 1871 .....	27
3.3.4	Endringar i jurisdiksjon og administrasjon .....	27
4	Framgangsmåtar for kartlegging og kartfesting av eigedomsgods .....	28
4.1	Kjeldegrunnlag.....	29
4.1.1	Dokument som ligg i Lysekloster-arkivet .....	30
4.2	Forklaring på oversiktstabellen .....	31
4.3	Korleis finne matrikkelinformasjon .....	34
4.4	Frå data via tabell til kart.....	37
4.4.1	Omarbeiding av matrikkeldata .....	37
4.4.2	Rydding av tabell .....	38
4.4.3	Import av tabell .....	39
4.5	Arealkartlegging og arealkartfesting .....	41

4.5.1	Kartfesting av areal ved hjelp av grenseforretningar og utskiftingar.....	41
4.5.2	Kartlegging av areal ved hjelp av bruksnummer .....	48
5	Resultat og drøfting av funn .....	51
5.1	Drøfting om eigedomsomgrepet for Lyseklostergodset .....	51
5.1.1	Døme på ulike eigarforhold på Holmefjord Nordre .....	58
5.1.2	Vår definisjon av eigedomsomgrepet .....	61
5.2	Problem med smalt kjeldemateriale .....	61
5.2.1	Nils Tveit: «Lysekloster gjennom 800-år» og Langgåt: «Lyse klosters jordegods» .....	61
5.3	Fleire gardar med same gardsnamn.....	69
5.3.1	Tveit.....	70
5.3.2	Rød og Helland .....	73
5.4	Utfordringar knytt til eldre matriklar .....	74
5.4.1	Skattematrikkelen 1647 .....	74
5.4.2	1838-matrikkelen .....	76
5.4.3	1855-matrikkelen .....	76
5.5	Utfordringar knytt til kartlegging av bruksnummer .....	78
5.5.1	Arealendringar.....	78
5.5.2	Feilinnføring i offentlege dokument.....	79
5.5.3	Kartlegging der eigedomsrett ikkje kan knytast til areal.....	80
5.6	Gardar som ikkje finst i Lyseklosterdokument .....	82
6	Drøfting av framgangsmåte for kartlegging og kartfesting.....	83
6.1	Kartlegging av eigedomsgods.....	83
6.1.1	Utfordringar med kartlegging.....	83
6.1.2	Kva fungerer? .....	84
6.2	Kartfesting av eigedomsgods .....	84
6.2.1	Utfordringar med kartfesting .....	84
6.2.2	Kva fungerer? .....	85
6.3	Kritikk av eige arbeid .....	86
6.4	Overføringsverdi.....	86
7	Konklusjon .....	87
8	Kjeldeliste .....	88
	Vedlegg.....	100
	Vedlegg 1: Oversiktstabellen.....	100
	Vedlegg 2: Kartlegging av bruksnummer .....	100

## Figurliste

Figur 1 Dømer på innføringar i skattematrikkelen frå 1647. Utklipp frå nb.no (Marthinsen et al., 1977; Winge et al., 1976a) .....	13
Figur 2 Illustrasjon som viser endringar mellom 1838- og 1855-matrikkelen for garden Flatøen. Foto: privat (Matrikkel 1852-1855 Søndre Bergenhus Amt, 1855, fol. 35a) .....	14
Figur 3 Illustrasjon (til venstre) inndeling av len i Norge rundt 1630. Illustrasjon (til høgre) viser meir innfløkt inndeling frå sør-aust Norge med fleire eigne klosterlen. Utklipp frå lokalhistoriewiki. (Leksikon:Len – lokalhistoriewiki.no, u.å.) .....	19
Figur 4 Endringar i jurisdiksjonar i gamle Hordaland Fylke. Illustrasjon henta frå lokalhistoriewiki.no (Leksikon:Skipreide – lokalhistoriewiki.no, 2004b) .....	20
Figur 5 Eignedomsmasse i klostertida, basert på jordeboka frå 1626 og dagens matrikkel. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro. ....	23
Figur 6 Utklipp som viser teksten frå skiftet etter H. H Formann slik det er skrive inn i panteregisteret for Ljones. Utklipp frå Digitalarkivet. (Tinglysingsmateriale, u.å.-n) .....	26
Figur 7 Fordeling av eigedommar mellom H. Formann og J. Nagell i 1819. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro. ....	27
Figur 8 Illustrasjon original handskrift og avskrift. Markert i rødt på begge "Aassen". Foto: privat. (Skjøtebok over kongelig avhendet jordegods, u.å.) .....	29
Figur 9 Utklipp som viser omlag halvparten av innføringane i oversiktstabellen. Utklipp frå Excel...31	
Figur 10 Som viser dømer på fargekoding av eigedomar i oversiktstabellen. Utklipp frå Excel. ....	32
Figur 11 Utklipp frå oversiktstabellen som viser kolonne A til E. Utklipp frå Excel.....	32
Figur 12 Illustrasjon av matrikkelendringar. Utklipp frå Excel. ....	33
Figur 13 Korleis koding av innføringar i kjelder er gjort. Utklipp frå Excel.....	34
Figur 14 Utklipp som viser søk på Nordvik. Henta frå digitalarkivet.no.....	35
Figur 15 Utklipp som viser korleis tilhøyrighet til Lyseklostergodset er ført i panteregistert. Utklipp frå digitalarkivet. (Tinglysingsmateriale, u.å.-g) .....	35
Figur 16 Registrering av kjelder for Nordvik. Utklipp frå Excel. ....	35
Figur 17 Innføring i 1855-matrikkelen for Nordvik. Foto: Privat. (Matrikkel 1852-1855 Søndre Bergenhus Amt, 1855, fol. 43).....	36
Figur 18 Innføring for Holmefjord Nordre i 1855-matrikkelen.. Foto: Privat. (Matrikkel 1852-1855 Søndre Bergenhus Amt, 1855, fol. 52) .....	37
Figur 19 Illustrasjon av kopling mellom teigar og matrikkelnummer. Eigen illustrasjon. ....	38
Figur 20 Illustrasjon av samanslåing av tabellar med ein unik koplingsnøkkel. Eigen illustrasjon. ....	39
Figur 21 Kart over alle Lyseklostergardane basert på dagens matrikkel. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro. ....	40
Figur 22 Utklipp av transkribert grensegangsforretning på Nordvik. (Tinglysingsmateriale, u.å.-k) ..	43
Figur 23 Grensemerkeforklaring frå transkribert grensegangsforretninga på Nordvik. (Tinglysingsmateriale, u.å.-j) .....	44
Figur 24 Grensemerke/hovudmerke frå Førde i Øygarden. Foto: J.E.Førde .....	44
Figur 25 Forsøk på plassering av bruk under Nordvik med referanse i delingsforretning frå 1846 og avriss frå 1851. Foto: privat.....	46
Figur 26 Illustrasjon over plassering av avriss omtrentleg plassert til dagens kart, med Storelva som referanse. Utklipp frå norgeskart.no.....	46
Figur 27 Georefererte utmarkskart frå 1937 over Nordvik. Illustrasjon laga med ArcGIS-Pro. ....	47
Figur 28 Georeferert utmarkskart som syner grenselinje mellom innmark og utmark på Nordvik. Illustrasjon laga med ArcGIS-Pro. ....	48

Figur 29 Innføring i panteregisteret for Sakstad nedre som viser at denne garden har vore eigd av Nagell. Utklipp frå Digitalarkivet. (Tinglysingsmateriale, u.å.-m).....	49
Figur 30 Utdrag frå tabell av kartlegging av bruksnummer. Utklipp frå Excel .....	50
Figur 31 Visualisering av fordeling av skatteinnbetaling. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro. ....	52
Figur 32 Kart over kva bygselsrett Lyseklostergodset hadde for dei ulike gardane i Hordaland. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro. ....	53
Figur 33 Illustrasjon av bygsel for gardar som svara skatt til lenet. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro. ....	54
Figur 34 Illustrasjon av bygsel for gardar som svara skatt til Lysekloster. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro. ....	54
Figur 35 Innføring i panteregisteret som viser sal av laus landskyld. Utklipp frå Digitalarkivet (Tinglysingsmateriale, u.å.-b) .....	55
Figur 36 Illustrasjon av kva panteregistera fortel blei selt. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro. ...	56
Figur 37 Samanlikning av kor skatten blei betalt og kva som blei selt. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro. ....	57
Figur 38 Samanlikning av kva som blir selt og om det var frå Formann eller Nagell. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.....	58
Figur 39 Markert i gult ser vi namna leiglendingen tilknytt Lyseklostergodset og sjølveigarane på Holmefjord Nordre. Foto: privat. (Skanna materiale, u.å.-a) .....	59
Figur 40 Avriss frå 1852 over Holmefjord Nordre som refererer til "De 2 andre under Lehnets beliggende Brug af Nordre Holmefjord". Foto: privat.....	60
Figur 41 Avriss fordeling mellom leiglending og sjølveige på Holmefjord Nordre. Foto: privat.....	60
Figur 42 Utklipp frå jordeboka for 1626. Utklipp frå digitalarkivet.(Jordebøker for Bergenhus len, 1626).....	62
Figur 43 Kart over gardar i 1626 og 1670. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro. ....	63
Figur 44 Innføring i matrikkelen frå 1886 for Lien, knr. 4624, gnr. 81. Utklipp frå digitalarkivet.(«Fortegnelse over matrikulerede Eiendomme og deres Skyld i», 1890) .....	65
Figur 45 Plassering av Buena, Steinkùllen, Tveit og Lü i forhold til hovudgarden. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro. ....	66
Figur 46 Innføring for Singelsæter i 1626. Utklipp frå Digitalarkivet. (Jordebøker for Bergenhus len, 1626).....	66
Figur 47 Kart som viser kor nær kvarandre same gardsnamn låg. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro. ....	70
Figur 48 Kart som viser SAB sin plassering av Tveit og kor Tveit som høyrte til godset er plassert. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.....	71
Figur 49 Inndeling av futedøme i Bergenhus Stiftsamt ca. 1640. Utklipp henta frå Nasjonalbiblioteket («Norges historie. B. 15», 1995) .....	72
Figur 50 Innføring for Storeim i 1838-matrikkelen. Viser filter for «Lyse klostets gods». Utklipp frå digitalarkivet. (Skattematrikkel 1838 Nordhordaland Tinglag, u.å.) .....	77
Figur 51 Innføring for Storeim i 1855-matrikkelen. Foto: privat. (Matrikkel 1852-1855 Søndre Bergenhus Amt, 1855, fol. 14b).....	77
Figur 52 Innføring i 1855-matrikkelen for Lyseklostergodset i Hardanger og Strandebarm tinglag. Foto: privat. (Matrikkel 1852-1855 Søndre Bergenhus Amt, 1855, fol. 74a).....	78
Figur 53 Innføring i elektronisk grunnbok for grensejustering på Sakstad Nedre. Utklipp frå seeiendom.no.(Se eiendom - Sagstadvegen 152, u.å.) .....	79
Figur 54 Utklipp frå gammal grunnbok for Aspeviken knr. 4624, gnr. 86, bnr. 2. Utklipp frå digitalarkivet. (Skanna arkiver - Arkivverket, u.å.-b).....	80
Figur 55 Illustrasjon av endringar for eigartilhøve på Mjøvatne. Eigenlaga illustrasjon.....	82



## Tabelliste

Tabell 1 Eigarar, forvaltarar og bakgrunn for forvaltarett.....	24
Tabell 2 Oversikt over eigarar etter 1670 .....	25
Tabell 3 Oversikt over historiske kjelder og sum av innføringar i kjeldene .....	30
Tabell 4 Plassering av bruk på Nordvik ifølge delings- og skyldesetningsforretning 1846 .....	45
Tabell 5 Tabell som viser koding av innføringar for Lyseklostergodset i 1855-matrikkelen .....	49
Tabell 6 Korleis eigedommane fordeler seg i oppebørselboka for 1804-1814 .....	52
Tabell 7 Dei ulike kategoriane av bygselsrett og prosentvisfordeling av desse for høvesvis gardar som skatta til lenet og Lyseklostergodset .....	55
Tabell 8 Namn på bruk/plassar som låg under hovudgarden i 1670 .....	65
Tabell 9 Gardar der N. Tveit ikkje har delt opp namnegardar.....	67
Tabell 10 Namnegardar kor Langgåt feilaktig har identifisera delar som Lyseklostergods .....	68
Tabell 11 Samanlikning av N. Tveit og Langgåt sine feilføringar for namnegardar.....	68
Tabell 12 Gardar med innføring i jordebøkene 1626-1657, men ikkje har Lyseklostergodset som bygsel- eller lotteigar i 1647-matrikkelen .....	75
Tabell 13 Gardar som har Lyseklostergodset som bygsel- eller lotteigar i 1647-matrikkelen, men som ikkje har innføring i jordebøkene 1626-1657, eller har innføring i berre ei av jordebøkene.....	75
Tabell 14 Oversikt over gardar i Hordaland kor vi ikkje kan knytte bruksnummer til Lyseklostergodset.....	81

# 1 Innleiing

Lyseklostergodset<sup>1</sup> var eit strøgods med eigedommar spreidd ut over store delar av Vestlandet og var i drift som kloster frå 1100-talet fram til reformasjonen blei innført i Norge i 1536. Sjølve hovudgarden ligg i Os i Bjørnafjorden kommune.

I 1981 utarbeida Statsarkivet i Bergen<sup>2</sup> ein katalog over Lyseklosterarkivet. Dette gjeld alt materialet dei har som omhandlar godset. Arkivet strekk seg over 11,5 hyllemeter (Torleif Hansen, 1981, s. 25). Denne katalogen tek mellom anna for seg dei 163 gardane ein oppfatta som å vere ein del av Lyseklostergodset, desse er utgangspunktet for vår vidare kartlegging (Torleif Hansen, 1981, s. 32). I denne oppgåva skal vi gå systematisk til verks for å samanlikne SAB si oversikt med andre kjelder. Dette med mål om å lage ein metode for ei grundig og formålstenleg kartlegging av eigedomsgods generelt, med utgangspunkt i Lyseklostergodset.

Tidlegare publikasjonar har primært teke for seg Lyseklostergodset i eit historisk perspektiv. Desse har hovudsakleg nytta eit avgrensa utval kjelder som kun har lista eigedomsmassen på eit spesifikt tidspunkt, i tillegg til å ha lite fokus på nøyaktig geografisk stadfesting. Vi skal ta for oss eit mykje breiare kjeldegrunnlag enn det som tidlegare har blitt nytta og verifisere desse opp mot kvarandre.

Frå vårt eige nærområde har vi allereie ei oversikt over Rosendal-baroniet (Tora Katrine Haugland & Ingrid Askheim Liknes, 2021) som nyttar GIS-verktøy<sup>3</sup> for å skildre utviklinga av godset, men noko liknande har endå ikkje vore gjort for Lyseklostergodset.

Innfallsvinkelen til denne oppgåva vil ha eit perspektiv kopla mot dagens matrikkel når vi fokuserer på utstrekninga av eigedomsmassar. I tillegg tilfører oppgåva eit historisk og klargjerande perspektiv på kva det tidlegare ville seie å eige eigedom. Ved å sjå på bruken av eigedomsomgrepet i ein konkret kontekst, her Lyseklostergodset, vert det lettare å skjønne samanhengen mellom eldre former for eigarskap og slik vi forstår eigarskap i dag.

Kartlegging av eigedomsgods er ein omstendeleg prosess som krev grundig gjennomgang av skriftleg kjeldemateriale, anten som originale dokument eller transkribert materiale. Det finst i tillegg sekundærlitteratur slik som bygdebøker og andre publikasjonar som tek for seg Lyseklostergodset. I dag har vi i tillegg fordelen med å kunne nytte GIS-verktøy utvikla for å presentere, visualisere og analysere geografisk data. Tilgang på slike verktøy gjer det òg lettare å avdekke særsegneheit eller mønster i datamaterialet på ein effektiv måte.

For å ha best mogleg grunnlag til å forstå arbeidet, samanhengane og metodevala vi har gjort, vil sjølve oppgåva starte med å ta for seg grunnleggande teori og omgrepsavklaring. Vidare kjem ei kort historisk innføring for å sette datamaterialet vårt inn i ein større kontekst. I hovuddelen skildrar vi framgangsmåtane våre og korleis vi nytta dei ulike tilgjengelege kjeldene og GIS-verktøy for å kartlegge og kartfeste eigedomsgodset. Dette fører oss vidare til ei meir inngåande drøfting av funna våre, korleis forstå eldre former for eigedomsomgrep, utfordringar knytt til dei ulike kjeldene og kva metodiske val vi har tatt undervegs i kartlegginga og kartfestinga.

Til slutt vil vi summerer opp resultatet i ein konklusjon.

---

<sup>1</sup> Vi vil bruke termane «Lyseklostergodset», «godset» eller «eigedomsgodset» når vi referer til sjølve samlinga av eigedommar. Når vi referer til hovudgarden vil vi skrive «Lysekloster» eller «Lysekloster-hovudgard».

<sup>2</sup> Vi vil heretter bruke termen SAB for å omtale Statsarkivet i Bergen

<sup>3</sup> GIS = Geografisk Informasjonssystem

## 1.1 Problemstilling

Målet for oppgåva er å kartlegge og kartfeste eigedomar, som tidlegare har høyrte til Lyseklostergodset, på ein formålstenleg måte. Det vi legg i omgrepet kartlegging er å spore opp eigedommar som høyrte til godset. Med kartfestning meiner vi å finne den geografiske utstrekninga til Lyseklostergodset og visualisere dette.

Vår forståing av omgrepet å eige eigedom har i dag ei eintydig forankring til det å stå som heimelshavar i grunnboka<sup>4</sup>. Tidlegare meiningsinnhald til omgrepet eigarskap skil seg frå dette, til dømes gjennom at eigarskap var knytt til skyldige heller enn fysisk areal. Under leiglendingsvesenet var det tydeleg skilje mellom brukarar og eigarar, og denne måten å eige på haldt fram til slutten av 1800-talet då mesteparten av eigedomane i Norge var blitt bondesjølveige. Dette førte til at bruk gjekk over til å bli sjølvstendige eigedomar (Sevatdal, 2017, s. 108). I samband med kartlegging av eigedomsgodset må vi presisere korleis vi vurderer om ein eigedom høyrer til Lyseklostergodset eller ikkje. Den første problemstillinga vår vert med dette å forklare:

- *Kva vil det seie at ein eigedom var eigd av Lyseklostergodset?*

Når dette er drøfta vil vi gå vidare til hovudfokus i oppgåva som vil vere å undersøke om vi ved datainnhenting, kjeldebruk og visualisering kan utarbeide ein formålstenleg metode for kartlegging og kartfesting av eigedomsgods. Vi vil ut frå dette svare på:

- *Kan vi med bakgrunn i kjelder frå Lyseklostergodset finne ein formålstenleg metode for kartlegging og kartfesting av norske eigedomsgods?*

## 1.2 Avgrensing

Etter å ha gått gjennom kjeldene knytt til godset enda vi opp med mykje ulik informasjon. Ei viktig oppgåve er difor å avgrense utstrekninga av oppgåva til å berre omfatte den informasjonen som er relevant for å svare på problemstillinga vår. I kjernen til oppgåva, utarbeidinga av metode for kartlegging og kartfesting av eigedomsgods, vil vi fokusere på kjeldemateriale frå tidsperioden 1626 til 1871. Denne perioden vert avgrensa av mangel på kjeldemateriale frå før 1626 og at den siste godseigaren, H.H. Formann, dør i 1871 og dei fleste eigedomane tilhøyrande Lyseklostergodset vart seld. For å forstå den historiske utviklinga frå klostergodset til privat eigedomsgods tek vi òg for oss tidsrommet før denne perioden, samtidig som vi går nærmare opp til vår eiga tid for å kunne overføre informasjon frå dei eldre kjeldene til dagens matrikkel.

Geografisk vil vi i hovudsak halde oss i gamle Hordaland fylke sidan det er her hovudtyngda av Lyseklostereigedomane ligg.

Når det kjem til kartfesting av areal og visualisering av utstrekninga til eigedomsgodset er det også viktig å påpeike at sjølve opplistinga av eigedomar ikkje er knytt til eit bestemt tidspunkt i Lyseklosterhistoria, men heller eit forsøk på å famne total utstrekning gjennom tidene.

## 1.3 Metode

Sidan dette hovudsakleg er ei metodeoppgåve vil hovuddelen i kapittel 4 fokusere på ulike framgangsmåtar vi nytta for å innhente, systematisere og visualisere kartlegginga av eigedomane

---

<sup>4</sup> Det finst situasjonar der ein ikkje kan ta utgangspunkt i opplysningane i grunnboka. Dette kan t.d. vere der heimelshavaren er død eller 0/0-eigedomar.

som hørte til Lyseklostergodset. Dette gjer at ein inngåande metodedel som følgjer IMRoD-modellen<sup>5</sup> for oppbygging av oppgåve vil vere overflødig. Det er likevel naturleg med ei oppsummering av arbeidsprosessen vi har hatt under arbeidet med oppgåva.

Vi starta med å danne oss ei oversikt over kva eigedomar som har høyrte til godset. Undervegs i oppgåva fant vi ny informasjon, feil og manglar som måtte redigerast eller tilførst i datamaterialet vårt. Dette førte til at det under heile arbeidsprosessen blei gjort nye forbetringar og presiseringar. Tekst, analysar og illustrasjonar har difor blitt kontinuerleg oppdatert fram til innleveringsdatoen.

Store delar av datainnsamlinga vår går ut på å undersøke elder kjelder. Dette er ei kvalitativ tilnærming der vi samlar og tolkar informasjon frå skrivne kjelder, både faglitteratur og eldre dokument.

Sjølv om vi ved hjelp av kvalitative kjelder finn ut kva eigedomar som hadde tilknytning til Lyseklostergodset, er det ynskjeleg å finne den geografiske utstrekninga av desse. Mykje har skjedd med matrikkelnummereringa og arealet til eigedomane etter dei gjekk ut av godset. Ein del av oppgåva er å finne ein metode for korleis vi på mest føremålstenleg måte kan rekonstruere den geografiske utstrekninga. I den forbindelse er det avgjerande at våre kvalitative data kan gjerast om til kvantitative data slik at vi kan køyre geografiske og statistiske analysar ved hjelp av GIS-verktøy. Ein anna måte å kartfeste på er å sjå nærmare på utskiftingar som er gjort på eigedomar tilknytt Lyseklostergodset for å finne den geografiske utstrekninga til eigedomane og korleis dei var organisert då dei var ein del av eigedomsgodset. I denne samanheng er det som nemnt relevant å vite kva det betyr å eige ein eigedom, då dette er ikkje nødvendigvis så enkelt at vi utan vidare kan merke av eigedomsareal i eit kart.

## 2 Teori og omgrepsavklaring

Realregistra er fundamentet for å finne informasjon om eigedomsobjekta, matrikkelen er rammeverket for å kartfeste desse objekta i dagens matrikkelkart. Vi vil difor starte med å avklare kva realregistra inneheld av informasjon og utviklinga av desse. Deretter ser vi på innhaldet og funksjonen matrikkelen har hatt på ulike tidspunkt. Vidare ser vi nærmare på forståinga av kva det ligg i å eige noko i dag (her: eigedomsrett og fast eigedom) før vi ser på ulike eldre omgrep knytt til å eige eigedom. Føring av realregister og organisering av eigedomar og skattlegging av desse skjer med bakgrunn i ulike jurisdiksjonar på nasjonalt og lokalt nivå, dette vil vi også sjå nærmare på, før vi avsluttar med teori knytt til utskiftingar, i dag kalla jordskifte.

### 2.1 Pantebok og realregister

*Pantebok* er ei «[...]bok med gjenparter eller avskrifter av tinglyste dokumenter» («pantebok», 2023). Panteboka blei påboden å føre allereie i 1643, men det var ikkje før på 1700-talet at det blei eit fungerande system i heile landet. I byrjinga blei pantebøkene ført for heile sorenskriveri, men ein gjekk etter kvart over til å føre bøker for kvart tinglag, sjå punkt 2.5 (*Pantebok – lokalhistoriewiki.no*, 2022).

I 1738 blei det ved kongeleg forordning bestemt at ein i tillegg til pantebøkene skulle «[...] sette opp et register over all fast eigedom» (*Leksikon:Tinglysing – lokalhistoriewiki.no*, 2004), eit såkalla *realregister*. Eit realregister kan definerast som «[...] et offentlig rettighetsregister, der rettigheter

---

<sup>5</sup> IMRoD: Introduksjon – Metode – Resultat - Diskusjon

til formuesgoder kan registreres slik at de oppnår rettsvern[...]»(Realregister, 2012). Realregister vil her sei at kvar gard fekk si unike innføring. Til å byrje med blei alle tinglyste dokument ført på same side, men etter 1848 skulle kvart bruk, eller løpenummer som det heitte då, ha si eiga side. Dei dokument realregistra viser til kan vere skøyter, delings- og utskiftningsforretningar, kårbreve m.m. (Panteregister – lokalhistoriewiki.no, 2022).

Med tinglysingsloven av 7. juni 1935 blei pantebøkene og realregistra erstatta av det vi i dag kallar grunnbok (Pantebok – lokalhistoriewiki.no, 2022). Første generasjon av desse blir kalla *gammal grunnbok*. Dette er eit dokument som kan vise tinglysingar tilbake til 1800-talet og kva eldre tinglysingar som framleis er gjeldande i dag. Dokumentet er ført inn for hand eller med skrivemaskin og fordi den er analog vil ikkje utgåtte innføringar blitt sletta. Vi kan difor spore endringar bakover i tid slik som t.d. heimsendring eller oppretting/sletting av obligasjonar/pant. I tillegg er det referert til kvar i pantebøkene ein kan finne detaljar rundt kvar innføring. Gammal grunnbok kan ein søke opp ved hjelp av gards- og bruksnummer (gnr./bnr.) og få tilsendt i pdf-format frå Digitalarkivet. I dag har vi den *elektroniske grunnboka*, den blei innført på slutten av 1980-talet (Historiske opplysninger fra grunnboken, 2022) og kan lastas ned frå seeiendom.no ved hjelp av innlogging med BankID. Sidan den er elektronisk vert den oppdatert undervegs og vil difor ikkje vise t.d. endringar i heimelshavarar.

## 2.2 Matrikkel

Matrikkelen har gjennomgått mange endringar. Slik vi kjenner matrikkelen i dag er den eit register over fast eigedom sin fysiske utstrekking med gards- og bruksnummer, eit senterkoordinat, bygningar og adresser<sup>6</sup>.

Den eldste matrikkelen vi har er frå 1647. Målsetjinga med denne var å dokumentere eigedomsverdien slik at ein kunne skattlegge riktig ut frå føresetnadane. 1647-matrikkelen gir oss eigarforhold, størrelse på landskyld og kven som rådde over bygsla for alle gardane i landet. Den bygger på lensjordebøkene<sup>7</sup> og skattemantal<sup>8</sup> (Leksikon:Matrikkel – lokalhistoriewiki.no, 2004). Gardsnamna blei anten lista med brukarar og eigarar under, eller brukaren/eigaren blei oppført og fekk gardsnamnet som eit etternamn (Skattematrikkelen 1647 – lokalhistoriewiki.no, 2023). Illustrasjonen under viser dømer på begge tilfella. Til venstre er det vist brukarar med gardsnamn som etternamn og til høgre kjem gardsnamnet øvst og brukarane er namngitt ved fornamn under.

---

<sup>6</sup> Sjølve eigedomsregisteret i dag består av to delar; matrikkelen og rettighetsregistert. Matrikkelen gir oss det fysiske eigedomsobjektet med gnr. og bnr., medan rettighetsregisteret viser heftingar og rettar som er tinglyste (Sevatdal, 2017, s. 228). Dette til forskjell frå Matricula i eldre tider som var eit register over eigedomsverdi.

<sup>7</sup> Ei jordebok var ei nedskrivning av gardar/bruk og kva for plikter og avgifter som låg til desse. Kongen, kyrkjene og private godseigarar førde sine egne jordebøker. Dei eldste bevarte jordebøkene i Norge stammar frå Munkeliv kloster i Bergen og Jonskyrkja i Nidaros, som begge er frå 1100-talet («jordebok», 2020).

<sup>8</sup> «Skattemantall er oversikter over skattytere som har betalt eller var pliktige til å betale skatt» (aug. 2018 et al., 2018).

Indre Sogn futedømme	Sunnhordland futedømme
Narffue Nornes 2 løber smør 1 hud 16 meller koren. Giffuet Welb. frue Ellin Marsuin eiger och bøgger.	Landrønn smør 1 løb, huder 1. Jorgenn bruger dett. Welb. Christoffer Orningh eier och bygger, och er hanns vgedagstienner till Haalandts-gaard.
Ellend Slinnde 3 løber smør 4 huder 20 meller koren. Giffuet Anne Jensdatter eiger och bøgger.	Sunde smør 2 pd., huder $\frac{1}{2}$ . Mogenns bruger dett Halsnøe cloester eier och bygger.

Figur 1 Dømer på innføringar i skattematrikkelen frå 1647. Utklipp frå nb.no (Marthinsen et al., 1977; Winge et al., 1976a)

I 1661 blei landkommisjonen oppretta. Den hadde som oppgåve å registrere alle jordeigedommar i landet og hadde ansvar for oppebørsel<sup>9</sup> og forvaltning av dei norske statsinntektene. I utgangspunktet skulle kommisjonen òg utarbeide ein ny matrikkel, men det arbeidet blei avbrote. Kommisjonen sitt arbeid resulterte i eit grunnlagsmateriale i form av jordebøker (*Landkommisariatet – lokalhistoriewiki.no*, 2023).

Matrikkelarbeidet som landkommisjonen starta blei fullført i åra 1665-1670. Resultatet av dette blei ein matrikkel<sup>10</sup> som blei ståande fram til 1836<sup>11</sup> sjølv om skattefordeling innan i ein gard etterkvart blei urimeleg som følge av endring i verdi på bruka (*Leksikon:Matrikkel – lokalhistoriewiki.no*, 2004).

Matrikkelen blei fornya i samband med revisjonen av skatteverdiar som fann stad i tidsrommet 1818-1838. Resultatet blei ein ny «Norges Matrikkel» som blei gitt ut i 1838 (Falkanger, Reusch, Mæhlum, et al., 2023). I denne matrikkelen har vi fått nye matrikelnummer (gardsnummer) og løpenummer som identifiserer dei enkelte underbruk samt eigar eller brukar/oppsttar. Matrikelnummera kom rekkevis for kvart tinglag. Løpenummera stammar frå slik forholda var på ein gard rundt 1820, og bruk nyare enn dette fekk gjerne tillegg i form av bokstavar og tal etter sjølve løpenummeret (*Leksikon:Matrikkel – lokalhistoriewiki.no*, 2004). Vi må her nemne at Lyseklostergodset og Rosendal-baroniet hadde sine egne tinglag, noko som gjer at eigedommane ikkje blir ført i matrikkelen på same måte som resten av eigedommane landet. Dette kjem vi tilbake til i punkt 3.3.1.

I 1855 kjem ein ny matrikkel for Hordaland i samband med endring av sorenskriveri og at Lyseklostergodset og Rosendal-baroniet blei nedlagd som egne jurisdiksjonar, sjå punkt 3.3.4. Den er stort sett lik matrikkelen frå 1838, men dei aller fleste gardar har fått nye gards- og løpenummer som eit resultat av endringane i jurisdiksjonane. Her får vi mellom anna oversikt over samanslåingar av løpenummer med suffiks til eit bruk eller delingar og samanslåingar som har skjedd sidan 1838. Eit døme på dette ser vi frå utklippet med «Flatøen» under. Der det har gått frå tre bruk med same løpenummer og med a, b og c bak for å skilje dei, til tre bruk med nye og unike nummer.

<sup>9</sup> Oppebørsel er eit dansk ord for innkassering/mottak. I denne samanhengen brukast ordet i betydning av å innkassere skatt (*Oppebørsel – lokalhistoriewiki.no*, u.å.).

<sup>10</sup> Og kalla «Den Gamle Matrikkel» (Sevatdal, 2017, s. 233)

<sup>11</sup> Det blei utført eit nytt matrikkelarbeid i 1723, men dette munna ikkje ut i ein ny matrikkel. Den inneheldt fleire opplysningar enn «Den Gamle Matrikkel», men fekk berre innverknad for nyriddingar (*Matrikkelarbeidet 1723 – lokalhistoriewiki.no*, 2022)

1855	Før 1838	1855
57	18	82
	Flatøen	
		231
		.51a
		232
		.51b
		233
		.51c
		Flatøen
		Kaurønæset
		Haaven
	1838	1838

Figur 2 Illustrasjon som viser endringar mellom 1838- og 1855-matrikkelen for garden Flatøen. Foto: privat (Matrikkel 1852-1855 Søndre Bergenhus Amt, 1855, fol. 35a)

Ein ny matrikkel kjem i 1886. No får eigedommane faste gards- og bruksnummer/løpenummer<sup>12</sup> basert på nummereringa i 1838. Dette er den siste matrikkelen som hadde utlikning av skatt som formål (*Matrikkelen 1886 – lokalhistoriewiki.no*, 2022). Matrikkelnummer har stort sett haldt seg konstante sia dei blei innført i 1886, og dei endringane som har funne stad har vore med bakgrunn i endring av kommunar og fylke.

## 2.3 Eigedomssomgrep i dag

Før vi fordjupar oss i ulike måtar ein kunne ha eigarskap til eigedom/jord i tidlegare tider vil vi starte med å definere kva som ligg i omgrepa fast eigedom og eigedomsrett slik dei vert nytta i dag. Å vere eigar av ein eigedom i dag betyr at ein står oppført som heimelshavar til eigedomen (Reusch, 2023). For at dette skal stå seg juridisk mot ein tredje-person må dette vere tinglyst, og med dette finnast i den elektroniske grunnboka. Her vil det vere matrikkel identifikasjonen (kommune-, gards- og bruksnummer) som er nøkkelen til eigedomsobjektet. Det kan vere fleire eigarar til ein eigedom, dette vil i så tilfelle vere konkretisert i grunnboka (August Røsnes, 2014b, s. 297).

### 2.3.1 Fast eigedom

I Arealadministrasjon (Børge Aadland, 2014, s. 49) vert omgrepet fast eigedom som juridisk term drøfta. Her skriv kapittelforfattar Aadland at utgangspunktet for fast eigedom er «[...]et avgrenset areal av jordoverflaten». Vidare skriv han at det likevel ikkje er så beint fram når ein ser korleis vi i dag kan eige både over og under jordoverflata eller eige delar i eigarseksjonar. Hovudregelen i dag er at *matrikkeleiningane* er utgangspunkt for fast eigedom. Desse einingane består i dag av grunneigedom, anleggseigedom, eigarseksjon, jordsameige og festegrund, jf. Matrikkelov §5 (Børge Aadland, 2014, s. 50).

Unntaket her er *partielle bruksrettigheter*, som t.d. beiterettar eller fallrettar. Dette er rettार som tidlegare er registrert som egne gards- og bruksnummer etter tidlegare lovgiving og som framleis ikkje er korrigert i matrikkelen. Desse vil difor stå som egne matrikkeleiningar sjølv om dei ikkje er direkte fysisk avgrensa areal. Matrikkeleiningane er *rettsobjektet*. *Rettssubjektet* er fysisk eller juridisk personar og kan stå som heimelshavar i grunnboka og med dette vere den som

<sup>12</sup> Innføringa gjaldt berre for eigedommar på landet, bykommunar hadde sine egne matrikkelsystem.

tilsynelatande har eigedomsrett eller ein særleg tingleg rett knytt til den faste eigedomen. Her må ein vere merksam på at vi ikkje har tinglysningsplikt i Noreg og at det difor kan vere andre eigarar enn dei som er tinglyst i grunnboka<sup>13</sup>. Det er likevel den oppgitte heimelshavaren som vil bli kontakta av til dømes kommunale eller statlege forvaltningsorgan vedrørande eigedomen.

### 2.3.2 Eigedomsrett som juridisk term

Aadland (Børge Aadland, 2014) skriv også utfyllande om *eigedomsretten som juridisk term*. Her vert det vist til Hermann Scheel som definerer eigedomsrett som ein negativt avgrensa rett, noko som betyr at den som eig noko kan gjere alt den vil med eigedomen ved mindre noko er særskilt unntatt gjennom lov, avtale eller tilsvarande rettsforhold (Børge Aadland, 2014, s. 59).

I ein oppsummerande artikkel frå www.snl.no skriv Falkanger, Reusch, og Eriksen om *eigedomsrett* på følgjande måte: «*Eiendomsrett er retten til å råde over en ting innenfor lovlige rammer, så lenge det ikke strider mot andres rettigheter.[...] Eiendomsrett omfatter både rettslige disposisjoner, som rett til å selge, låne bort eller pantsette, og faktiske disposisjoner, som rett til å bruke en ting [...] Kort oppsummert kan eiendomsretten sies å være summen av alle positive og negative beføyelser man har over en ting. Man kan ha rett til å bruke en ting selv om man ikke er eier, [...] slike begrensede rettigheter er ikke eiendomsrett.*» (Falkanger, Reusch, & Eriksen, 2023).

Å eige kan med dette skje positivt gjennom bruk og utnytting av fast eigedom eller negativt gjennom å nekte andre bruk og utnytting over eigedomen (August Røsnes, 2014a, s. 29). Det vil vere summen av desse mandata som utgjer sjølv eigedomsretten. Ei rekke lover vil spele inn og avgrense fridomen som eigedomsretten fører med seg, men det skal vi ikkje gå nærare inn på her.

## 2.4 Eigedomsomgrep i eldre tider

Når vi i denne oppgåva skal kartlegge eigedomsrett og fast eigedom tilbake til 1600-talet er det derimot ikkje like tydeleg kva det vil seie å eige noko. Organisering av eigarskapen var tidlegare meir innfløkt enn i dag. Det vi i dag oppfattar som ein og same eigedom kunne vere spreidd ut over mange hender hos både fysiske og juridiske personar. For å skjønne kva eigedomar som har vore ein del av Lyseklostergodset, og difor inngår i kartlegginga vår, må vi forstå dei ulike måtane ein tidlegare kunne ha rettigheter og eigarinteresser på ein eigedom.

Noko av det som var mest grunnleggjande forskjellig frå slik vi organiserer eigedomar i dag, var forholdet mellom *jordeigar* og *leigending*. Dei eigarinteressene vi oftast har støyt på i undersøkinga av Lyseklostergodset er *bygsel*, *landskyld*, *sikt- og sakefall* og *rossteneste*. I tillegg er *skatt* eit viktig moment.

---

<sup>13</sup> I tillegg til dette vil det vere fleire feil ein bør vere klar over når ein skal undersøke fast eigedom, dette kan vere at rettighetsregisteret (grunnbok) og objektsregisteret (matrikkelen) ikkje stemmer overeins, t.d. kan ein eigedom vere registrert i grunnboka men ikkje fullstendig registrert som eiga matrikkeleining, at utstrekninga av eigedomen ikkje er oppgitt i kartet, eller at eigedomar ikkje lenger eksisterer sjølv om dei er å finne i grunnbok og matrikkel (Børge Aadland, 2014, s. 55). Dette gjer kartlegginga av faste eigedomsforhold meir innfløkt.



#### 2.4.1 Leiglendingsvesenet og løysingsrett

I denne oppgåva er vi interessert i eigedomsforholda då eigedomar framleis var underlagt Lyseklostergodset. Dei som budde på og drifta dei enkelte gardane på dette tidspunktet eigde ikkje eigedomane sjølv, og var med dette leiglingar.

Leiglingar nytta bruka sine stort sett som dei ville og hadde gjerne livstidsfeste, slik sett var dette ein føreseieleg situasjon. Dei hadde likevel plikter opp mot jordeigaren og måtte betale avgifter for å få lov å drive gardsbruka dei budde på. Landskyld (årleg avgift) og bygsel (innfestingsavgift) er slike avgifter (Sevatdal & Sky, 2017, s. 61). Landskyld og bygsel vert nærare forklart i eigne punkt.

Frå dei store krongodssala frå 1661 vart det meir utbreidd med sjølveige, denne overgangen til bondesjølveige strekk seg fram til leiglendingsvesenet forsvann for alvor utover 1800-talet (Sevatdal, 2017, s. 63). Dette skjer ikkje som ein politisk styrt omfordeling, men ved at eigedomar vert kjøpt og selt etter den vanlege, frie, avtaleretten (Sevatdal, 2017, s. 68) Likevel skjedde det at leiglingar kunne ha forkjøpsrett til bruket.

Sevatdal (Sevatdal, 2017, s. 63) skriv følgjande om overgangen mellom leiglendingsvesenet til bondesjølveige «*bøndene blei den dominerande eigargruppa og eigedomsobjekta endra frå å vere skyldpartar til fysiske eigedomar som samtidig er gardsbruk. Rettane endrar seg også, i og med at både skyldveige med bygselsrett på eigarsida og leiglingssystemet på brukarsida vert erstatta av eit meir direkte eigarskap til areal. Systemet med skyldveige forsvinn altså gradvis i denne perioden*» Vi får med dette ein overgang frå bruksrettsgrenser til eigedoms grenser.

Dette betyr ein overgang til at det først og fremst vert fysiske personar som eig jorda, ikkje at juridiske personar slik som gods, kyrkje og stat stod som jordeigarar. Dette gjer òg at rettar og plikter mellom eigar og leigar fell vekk (Sevatdal, 2017, s. 68).

Omgrepet løysingsrett forklarar korleis eigarskifte kan skje. Store Norske Leksikon definerer løysingsrett slik: «En løsningsrett er en rett til å få kjøpt en fast eiendom eller en løsøregenstand for en fastsatt pris eller etter takst, enten når den blir solgt (forkjøpsrett) eller etter andre kriterier (løsningsrett i snever forstand).(.....)» (Anderssen, 2019). Slike «andre kriterier» kan vere i forbindelse med arveoppgjer, at brukarar/leiglingar i forbindelse med dette har fått anledning til å kjøpe den jorda dei har leigd.

Vi vil i denne oppgåva sette likheitsteikn mellom inn-/utløysing og kjøp/sal.

#### 2.4.2 Bygsel, landskyld, skyldveige, matrikkelskyld

I dei tilfelle der ein eigedom hadde fleire eigarar var det alltid ein av dei som rådde for *bygsla*<sup>14</sup>. Vedkomande vart oftast oppfatta å vere den som forvalta eigdommen og inngjekk avtalar med leiglingane og kravde inn avgifter. Avgiftene skulle fordelast på eigarane ut frå dei ulike eigarinteresser. Den som rådde over bygsla var som oftast den som hadde den største delen av skylda (sjå landskyld under), men dersom det var eigarar med like store delar gjekk det etter ranga til eigarane, då med kongen på toppen og bønder på botn (Sevatdal & Sky, 2017, s. 37). Etter kvart

---

<sup>14</sup> Det blei betalt ein eingongssum frå bygslaren til eigaren ved oppretting av ny leigeavtale («bygsling», 2023).

som bygsla vart oppfatta å ha stor verdi, t.d. på grunn av tredjeårstaket<sup>15</sup>, vart bygsla nokre gongar frittstående frå eigarinteresser elles i eigedommen.

Ein jordeigar kunne eige heile eller delar av skylda, såkalla *skylddeige*. Kor stor del av skylda kvar eigar hadde rett på definerte storleiken på eigarandelen av garden sitt totale areal, men det var ikkje slik at skylda kunne koplast saman med ein spesifikk del av den fysiske eigedommen. Ein del av arealet kunne og vore bandlagt i form av t.d. vassrettar seld til andre. Skylda blei i mellomalderen nytta som ei kjelde til kapital som kunne kjøpast og seljast. Den kunne òg bli donert til kyrkjelege institusjonar slik som t.d. Lyse Kloster, då ofte i testaments form. Resultatet av avhendinga av skyldpartar førte til at eigarskapen til ein gard kunne vere spreidd over mange eigarar med ulike størrelsar på skyldpartane (Dørum, 2023).

*Landskylda* var kort fortalt ei leigeavgift som brukarane betalte til eigaren av den jorda dei disponerte. I eldre tider var landskylda som oftast oppgitt i ulike vareslag og seinare i pengeverdi. Landskylda var ei årleg avgift ulik bygselsavgifta og tredjeårstake.

Utover 1600- og 1700-talet skjer det endringar med bygselretten og landskylda som gjer at bygsla får ei form som kan samanliknast med det fysiske eigedomsobjekt (Dørum, 2023). Landskylda går over til å bli ei grunnbyrde på eigedommen og blir kalla *laus landskyld* eller jordavgift og blir ikkje lenger sett på som ei direkte eigarinteresse (*Leksikon:Landskyld – lokalhistoriewiki.no*, 2004)<sup>16</sup>.

*Matrikkelskyld*, eller (eigedom)satteskyld, blei innført på 1600-talet. Denne blei utrekna på bakgrunn av landskylda. Frå 1671 blei satteskylda grunnlaget for utrekning av skatt på jord. Den erstatta ikkje landskylda, som framleis blei betalt til jordeigarane, men kom i tillegg til denne (Myking, 2023). Satteskylda blei og berekna ut frå gardsklassar; full-, halv-, kvartgardar. Fullgardar var store og blei drivne av ein «fullbonde» som måtte leige hjelp til drifta. Halv- og kvartgardane var mindre og fekk berekna si satteskyld som ein brøkdel av fullgardane (Bergsholm, 2022).

#### 2.4.3 Sikt og sakefall, rosteneste og leidang

*Sikt- og sakefallsretten* er ein gammal rett som ein føydalherre<sup>17</sup> kunne ha til å sikte og dømme ein forbrytar og få utbetalt ei eventuell bot, sakefall, til eiga lomme. Denne retten falt stor sett bort etter at Norge kom under Sverige i 1814, men eksisterte til eit stykke ut på 1800-talet (*Sikt og sakefall*, 2021). Sikt- og sakefallsretten er tett knytt til hals- og handretten, adelen sin rett til å fange og dømme forbrytarar. Sidan det i Norge var ein liten adel stod ikkje hals- og handretten så sterkt her som i Danmark (*Leksikon:Hals- og håndsrett – lokalhistoriewiki.no*, 2009). Desse to rettane er ein del av «[...]den juridiske kompetansen som følgjer av birkeretten[...]» (Jørn Ø. Sunde, 2004, s. 38). Birkeretten er vidare omtala i punkt 2.5.

Store norske leksikon definerer *rosteneste/rossteneste* slik: «Rosstjeneste var adelens plikt til å utstyre kongen eller adelige av høyere rang med væpnede ryttere» (Oldervoll, 2022). Denne plikta blei erstatta av ein rosteneste-skatt i 1682 som skulle reknast om til tønner av hartkorn.

---

<sup>15</sup> Tredjeårstaket var ei avgift som blei betalt kvar tredje år, det var ei slags fornying av bygsla (*Tredjeårstake – Slettshistoriewiki*, 2014).

<sup>16</sup> Landskyld og liknande avgifter blei ved lov avskaffa frå 1939 (*Lov om innløsning av jordavgifter, løs landskyld, jordeboksrettigheter og beslektede avgifter m.v - Lovdata*, u.å.).

<sup>17</sup> Og kalla vasall/kronvasall. Store norske leksikon definerer det som «... en person som har sverget troskap til en monark eller adelig person i bytte mot privilegier ...». Privilegier kan t.d. vere land (Tøllefsen, 2023).

Rosteneste-skatten blei oppheva i 1816 då den og andre skattar blei samla i ein landskatt (Lars Eknes, 1926, s. 53 og 102).

Ein *leidang* var sjøforsvaret i mellomalderen. Landet var delt i skipreider, sjå 2.5, som skulle stille med eit skip proviant og mannskap i tilfelle ufred. Etter kvart mista leidangen sin militære funksjon og blei etter kvart ein fast skatt som eksisterte til 1836 (P. S. Andersen et al., 2022).

#### 2.4.3.1 Jordebokskattar

Ut over det som er nemnt i punkta over har vi òg andre og mindre omfattande skattar og avgifter som kunne ligge til ein eigedom. Her kan vi nemne skysspengar, småtiende, fredtoll, arbeidspengar m.m. Samlebetegnelse for desse er jordebokskatt eller -rettigheit, og dette var faste, årleg avgifter (*Leksikon:Jordebokskatter – lokalhistoriewiki.no*, 2009). Enkelte var av nasjonal karakter medan andre var meir regionale slik som fredtoll var for Bergenhus len (*Leksikon:Fredtoll – lokalhistoriewiki.no*, 2009). Desse ulike skattane og avgiftene kunne representere ulike eigarinteresser i ein eigedom.

## 2.5 Jurisdiksjon- og administrasjonsinndelingar


«*Skipreide* [...] var en territoriell enhet hvor innbyggerne var kollektivt ansvarlige for å bygge [...] et leidangskip» (*Leksikon:Skipreide – lokalhistoriewiki.no*, 2004a). Frå 1200-talet og utover gjekk skipreida frå militære til fiskale<sup>18</sup> formål. Skipreida blei utgangspunktet for den seinare administrative inndelinga len (*Skipreide – lokalhistoriewiki.no*, 2023).

*Len* kan definerast som «[...] et jordegods eller annen inntektsbringende rettighet som kongen stilte til disposisjon som vederlag for militære eller andre tjenester, i Norge overveiende administrative tjenesteytelser» (*Leksikon:Len – lokalhistoriewiki.no*, 2004). Det var hovudsakleg fire ulike måtar for kongen å stille jordegods til disposisjon eller *forlening*: Kongen kunne sette lenet som pant for eit lån der den som eigde pantet fekk retten til inntektene frå lenet; forlening mot avgift; «kvitt og fritt» der lensmannen fekk alle inntekter i byte mot en teneste ytt til kongen; eller som regnskapslen, der lensherren fekk løn og dekkja utgifter for å avlegge lensrekneskap (*Leksikon:Lensvesen – lokalhistoriewiki.no*, 2004).

*Klosterlena* oppstod med reformasjonen for å halde godsmassen samla. Desse lena låg under hovudlena og var delvis administrert av desse. Klostergods som eigne len forsvann på 1660-talet (*Leksikon:Klosterlen – lokalhistoriewiki.no*, 2013). Figuren under viser inndelinga av len i Norge ca. 1630.

---

<sup>18</sup> «Fiskal er et begrep som blir benyttet om det som har med statens finanser å gjøre, for eksempel fiskale avgifter eller «det fiskale året 2022» (regnskapsåret 2022).» («fiskal», 2021)



Figur 3 Illustrasjon (til venstre) inndeling av len i Norge rundt 1630. Illustrasjon (til høgre) viser meir innfløkt inndeling frå sør-aust Norge med fleire egne klosterlen. Utklipp frå lokalhistoriewiki. (Leksikon:Len – lokalhistoriewiki.no, u.å.)


*Birk* er eit omgrep som kjem frå dansk rettspråk og viser til eit jurisdiksjonsområde som er skilt ut frå eit herad<sup>19</sup>. Birk blei oppretta ved kongeleg privilegium eller som konsekvens av hevd. Den som fekk birkerett kunne utnemne sine egne dommarar og skrivarar. I Norge er grevskapa Larvik og Jarlsberg, samt Baroniet i Rosendal, det som kan kallast verkelege birk, men klostergodsa Svanøy, Lyse og Halsnøy hadde også birkerettar (*Leksikon:Birk – lokalhistoriewiki.no*, 2020). Birkerettane var knytt til godset til den som hadde slik rett. Dette godset var eit eige jurisdiksjonsområdet som var skilt frå omliggande kongelege jurisdiksjonsområder (Jørn Ø. Sunde, 2004, s. 26).

*Tinglag* var ei rettsadministrativ inndeling. Ofte var det samanfall mellom eit tinglag og eit prestegjeld eller skipreide. Tinglaga var igjen administrert under sorenskriveri kor fleire tinglag var samla under ein sorenskriver (*Leksikon:Bygdeting – lokalhistoriewiki.no*, 2020). *Sorenskriveri*, eller sorenskriverembete, blei oppretta i Norge i 1591. Geografisk tok dei gjerne utgangspunkt i eldre skipreider eller len. Sorenskriveria har blitt oppretta, nedlagd og endra gjennom tidene (*Sorenskriverembeter – lokalhistoriewiki.no*, 2021). Den som utførte arbeidet var ein svoren skrivar - sorenskriver-, og hadde blant anna i oppgåve å føre tinglysingar i tingbøkene og å utføre skylddelingsforretningar (*Leksikon:Sorenskriver – lokalhistoriewiki.no*, 2019). Ei samling av tinglag blir igjen kalla *futedøme* og desse var igjen samla i *amt*. Ved å undersøke gamle protokollar og

<sup>19</sup> Herred er ein gamal administrativ eining som var lite utbreid i Norge. Kan samanliknast med skipreier som iallfall i Vest-Norge var den vanlegaste typen rettskrets (*Leksikon:Herred – lokalhistoriewiki.no*, 2023).

rekneskap skal ein bl.a. alltid kunne finne kva tinglag eit matrikelobjekt har sokna til (Tang & Norges geografiske oppmåling, 1936, s. 2-3).

Figuren under viser nokre av dei endringane som har skjedd med administrative grenser innanfor gamle Hordaland fylke.



Figur 4 Endringar i jurisdiksjonar i gamle Hordaland Fylke. Illustrasjon henta frå lokalhistoriewiki.no (Leksikon:Skipreide – lokalhistoriewiki.no, 2004b)

## 2.6 Utskiftingslov frå 1821 og 1857

I Norge får vi den første utskiftingslova i 1821 under namnet «Lov, angaaende Jord og Skovs Udskiftning af Fælledskap». Målet med denne var å legge til rette for meir effektiv jordbruk ved å gå vekk frå teigblandingar og sameige. Dette var ei tid med blanding mellom ulike typar eigarskap, der vi hadde sjølveige, leigendingar, jordeigarar, embetsmenn og husmenn, og eigedomsstrukturen spegla desse forholda. Lova la til grunn at verken leigending eller jordeigar kunne nekte utskifting om den andre meinte det var naudsynt. Det vart likevel ikkje lagt mykje ressursar i å handheve lova av 1821, det var meint at utskiftingane skulle skje i minnelegheit, altså avtalebasert mellom dei involverte slik at staten og dei involverte ikkje måtte bruke mykje tid og ressursar på dette. Det var heller ikkje nødvendig å produsere kart eller utføre nøyaktig oppmåling ifølgje denne lova (Sevatdal, 2017, s. 176–177).

Myking skriv at lova frå 1821 ikkje fekk den innverknaden på oppløysinga av jordfellesskapet som ho var tiltenkt. Det var eit fåtal av gardar der utskiftinga medførte at innmarka vart samla i ein teig og hus vart flytta ut av fellestuna (Myking, 2022). I 1857 fekk vi difor ei ny og meir omfattande utskiftingslov, i tillegg til eit eige utskiftingsorgan med beslutningsmakt om noko skulle vere uklart eller om det skulle oppstå ueinigheit. Vi får også «jordskiftmenn» som skulle støtta utskiftingane med sin kompetanse. Det vart også lagt ressursar i å gje økonomisk støtte til utflytting av klyngetun. Staten la med dette endå meir til rette for avløyning av teigblanding og sameige. Med denne lova vart det også innført utskiftingskart og oppmåling av grenser (Sevatdal, 2017, s. 183–185). Mengde utskiftingar auka kraftig etter denne nye lova. Etter 1857 kan vi med andre ord finne meir og betre informasjon om utskiftingane. Gjennom kart som viser før- og ettertilstand på området får vi i dag eit nøyaktig bilde på korleis eigedomsforholda var og grensene låg. Det er fleire bestemningar og detaljar knytt til desse to utskiftingslovene enn det som vert nemnt her, men dette er nokre av hovudpoenga frå utskiftingslovene. I ettertid har vi fått fleire nye utskiftingslover/jordskiftelover og justeringar av desse men dei er ikkje direkte relevante for denne oppgåva.

## 3 Historisk bakgrunn

Tidsperioden og kjeldematerialet vi jobbar mest med i denne oppgåva er frå 1670 og utover, men vi nyttar òg eldre kjelder frå tidsrommet 1626-1670. For å forstå korleis Lyseklostergodset blei til og fekk den utstrekninga det gjorde, vil vi kort ta for oss den historiske utviklinga kring godset fram til det kom i privat eige i 1670. Deretter viser vi kven som sat med heimelen fram til gardane som høyrte til godset vart selt ut rundt 1871, i tillegg til å vise viktige særtrekk ved korleis Lyseklostergodset vart administrert.

### 3.1 Lyse Kloster 1146-1536

Historia om klosteret på Lyse strekker seg meir enn 870 år bakover i tid. På 1100-talet breidde Cisterciensarordenen seg utover Europa. Dette er ei klosterorden som forfekta hardt arbeid og sparsommeleg livsstil (Flottorp & Halvorsen, 2021). I 1146 var biskop Sigurd i Bergen på reise til England og besøkte då eit cistercienskloster ved York. Det han fekk sjå der begeistra han så mykje at han bestemte seg for å starte eit tilsvarende kloster i Norge (Tveit, 1946, s. 8). I farsarv hadde biskop Sigurd fått garden Lyse i Os og det var her han bestemte seg for å grunnlegge klosteret, og den 10. juli 1146 blei grunnsteinen til «Heilage Maria Kloster i Lyse» lagd ned (Tveit, 1946, s. 8). Munkane hadde avlagt løfter om å leve enkelt. Klosteret administrerte etter kvart store verdiar då dei, til liks med dei fleste andre kloster, fekk mange eigedommar som gåver (Tveit, 1946, s. 9).

### 3.1.1 Eigedomsmassen i klostertida

Det finst ingen skriftlege kjelder som listar opp klosteret sitt jordegods, den eldste skrivne kjelda vi har er jordeboka frå 1626 (Hødnebø, 1962, s. 650). Det finst enkelte eldre kjelder, men ikkje nok til at vi kan danne oss eit heilskapleg bilete av eigedomsmassen. Dette gjer det vanskeleg å rekonstruere den autentiske geografiske utstrekkinga til klostergodset, både i form av når eigedommar kom inn under klosteret og når dei eventuelt blei seld eller makeskifta mot andre eigedommar, vi kan telle på ei hand dei vi har noko lunde sikre årstal på.


Blant dei tidlegaste kjeldene er det nemnt ein (by-)gard på Holmen i Bergen (Bjørgevinn) som hertuginne Ingeborg gav til klosteret i 1352: «[...] till Lysu klaustærs sem liggr sunnan at Fana. gard varn i Biargwin» (Diplomatarium Norvegicum, 1352). Men sjølv om klosteret fekk ein gard i gåve, er det usannsynleg at grunnen den stod på følgde med, då den nok var eigd av anten kongen, bispestolen eller dominikanarklosteret (Erslund, 1989, s. 102), og vi veit dessverre ikkje når garden gjekk ut av klosteret sitt eige.

Eigedommar som vi har noko betre kjelder kring er dei klosteret hadde inne i bykjerna til Bergen. Her er det ikkje snakk om store landområde, men heller bygardar langs strandlinja og i området rundt dagens Kong Oscars gate. Vi kan blant anna finne at Saltøydegården kom i klosteret sine hender som ei gåve frå kong Magnus i 1344 (Lorentzen, 1952, s. 213). Bygarden blei i 1538 beskriven til å ligge: «[...]i St. Hans Kierkesogn paa Stranden i Bergen» (*Norske Rigs-Registranter tildeels i uddrag*, 1861, s. 57). Den meir nøyaktige plasseringa er dagens Strandkaien 6 (*Saltødegården | Bergen byleksikon*, 2009). Av bygardane veit vi at 18 stykk låg til Lyseklostergoset så seint som 1657, då dei er å finne i lensrekneskapet/jordeboka. Vi veit at iallfall ein av bygardane var blant dei som var leigd av klipperar/skreddarar frå 1444, og at dette er noko av grunnen til at den nordlege delen av Kong Oscars gate blei kalla Skreddergaten (Lorentzen, 1952, s. 160). Andre bygardar ser ut til å ha komme til klosteret tidleg på 1500-talet (Lorentzen, 1952, s. 180). Då det har vist seg vanskeleg å finne ut kvar dei nøyaktig var lokaliserte har vi valt å ikkje ta desse med i den vidare drøftinga. I ei større kartfestinga av eigedommane ville det ikkje vore lett å få fram nyansane med tanke på bygrunnane sett i høve til utstrekkinga til godset elles, då areala er så små i forhold til dei andre eigedommane.

I kartet under er alle innføringane frå 1626 lagt inn. Vi har valt å illustrere dei som sirklar med eit senterpunkt, heller enn å bruke teigane<sup>20</sup> frå dagens matrikkelkart. Dersom vi hadde valt å bruke eigedomsteigane frå dagens matrikkel ville det vore vanskeleg å sjå kor alle eigedommane er plassert då nokre av dei består av mange små teigar heller enn store samanhengande polygon.

---

<sup>20</sup> «I matrikkelen brukes teig om en avgrenset del av grunneiendom. En grunneiendom kan bestå av én eller flere teiger. På grunneiendommer med flere teiger vil den teigen hvor husene står, normalt være hovedteig» (Hofstad et al., 2023)



Figur 5 Eigedomsmasse i klostertida, basert på jordeboka frå 1626 og dagens matrikkel. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.



### 3.2 Lyseklostergodset 1536- 1669

I 1536 skjedde det store endringar i det politiske Norge. Leiar av det norske riksrådet Erkebiskop Olav Engelbrektsson stilte seg bak Kristian 2, konge av Danmark-Norge, i borgarkrigen i Danmark. Kristian 2 var katolikk medan motstandaren, Kristian 3, var lutheranar. Som ein konsekvens av at Kristian 3 gjekk sigrande ut av krigen, og at Norge hadde stått på feil side, gjekk Norge frå sjølvstendig nasjon til dansk provins. Med dette blei og protestantismen tvangsinnført (Orning, 2015).

Reformasjonen var ei anledning for europeiske kongar og fyrstar til å få kontroll over inntekta frå klostera sine jordegods, og eigedommane kunne seljast eller t.d. distribuerast ut som påskjøningar til adelen. Kristian 3 (1537 – 1559) fekk herredøme over klosteret på Lyse då han blei konge, og allereie i 1538 byrjar han å dele ut eigedommar. Slottsskrivaren på Bergenhus får den før nemnde Saltøydegården i Bergen i forlening, sjå punkt 2.5, før den blir endeleg seld i 1626 (Erslund, 1989, s. 103). Lyseklostergodset har vore ein verdifull eigedom for kongen, og dei neste vel 130 åra blir godset stadig vekk nytta som eit panteobjekt. Mellom 1537 og 1660 førte dei dansk-norske kongane heile 8 krigar. Desse var svært dyre å finansiere, og ei viktig inntektskjelde for kongane var å pantsette eigedommar<sup>21</sup>. Denne bruken som panteobjekt gjer til at godset byter hender ofte, mange av lensherrane blei berre sittande eit år eller to før kongen gav godset vidare i forlening til nokon annan. Tabellen under viser rekkefølga av eigarar og styrar for godset før det kom i private hender. Den viser òg på kva grunnlag overgangane skjedde (Tveit, 1946, s. 35–40).

Eigar	Lensherre	Frå	Til	Merknad
Klosteret		1146	1536	Grunnlegging av klosteret 10 juli 1146
Kong Christian 3		1536	1546	Avvikling av klostervesenet
	Nils Berildsøn	1546	1547	Som pant frå kongen for lån på 500 dalar
	Aksel Urne	1547	1560	Rett til innløyising av pant
Kong Fredrik 2	Eirik Rosenkrantz	1560	1571	Rett til innløyising av pant
	Emmike Kås	1571	1584	"Kongelig forlening"
	Morten Skinkel	1584	1586? <sup>22</sup>	"Kongelig forlening"
	Henning Sparre	1586?	1594	"Kongelig forlening"
Kong Christian 4	Gabriel Skinkel	1594	1600	"Kongelig forlening"
	Ditlev Holck	1600	1601	"Kongelig forlening"
	Melchior Ulfstand	1601	1612	"Kongelig forlening"
	Niels Vindt	1612	1613	"Kongelig forlening"
	Ernst Normand	1613	1615	"Kongelig forlening"
	Thomas Nold	1615	1634	"Kongelig forlening"
	Otto Thermou	1634	1640	"Kongelig forlening"
	Oluf Brockenhus	1640	1647	"Kongelig forlening"
	Kjeld Krag	1647	1650	"Kongelig forlening"
Kong Fredrik 3	Bjørn Ulfeldt	1650	1657	"Kongelig forlening"
	Kristopher Urne	1657	1659	"Kongelig forlening"
	Herman Garman	1659	1660	Forpakting
	Nils H. Smidt	1660	1670	Pant for lån til kongen

Tabell 1 Eigarar, forvaltarar og bakgrunn for forvaltarett

<sup>21</sup> Rundt år 1660 eigde kongen ca. 1/3 av all norsk jord (Arntzen, 2023). Ved å pantsette eigedommane fekk kongen eit lån, medan panteeigaren fekk inntektene (Leksikon:Pant – lokalhistoriewiki.no, 2011).

<sup>22</sup> I følge N. Tveit var Skinkel lensherre i «berre eit par år» (Tveit, 1946, s. 36). Vi har ikkje funne eventuell rette årstal for overgangen mellom M. Skinkel og H. Sparre i andre kjelder.

### 3.3 Lyseklostergodset 1670 – d.d.

Den neste store milepelen i Lysekloster-historia kjem i 1670. Frå 1660 har Nils Smidt vore styrar på Lysekloster då kongen har gitt han godset i forlening som pant for eit lån. Dette lånet, som då var på 28 675<sup>23</sup> dalar, klarer ikkje kong Fredrik 3 å innfri og i år 1670 får Smidt Lyseklostergodset som betaling (Tveit, 1946, s. 48). Godset var etter dette i privat eige fram til eigedommane vart selt ut.

Tabell 2 viser når og korleis godset skifta eigarar frå 1670 til 1917.

Eigar	Frå	Til	Merknad
Nils Hanssøn Smidt	1670	1670	Istaden for tilbakebetaling av lån
Else Pedersdtr. Smidt	1670	Ukjent <sup>24</sup>	Arv, enke etter Nils
Peder og Else Cathrine Smidt	Ukjent	1699	Arv, borna til Niels og Else Smidt
Jacob Andersønn Widing	1699	1702	Kjøp
Anna, Johan og Jacob Widing	1702	1722	Arv etter Jacob Widing; enka og sønene
Hans Henriksøn Formann	1722	1724	Kjøp
Karen L. Formann	1724	1759	Arv, enka til H. H. Formann
Henrik Hansøn Formann	1759	1765	Kjøp/arv frå mora
Hans Henriksøn Formann	1765	1783	Kjøp/arv frå faren
Wilhelmine Formann	1783		Arv
Henrik Henriksøn Formann	V. ekteskap	1815	Gift med Wilhelmine i 1796. Tremeningar.
Johanne C. Nagell	1815	1855	Arv, 1/3 av godset
Henrik Henriksøn Formann	1815	1871	Arv, 2/3 av godset
Nagell-søskena	1871		Arv etter onkelen H. H Formann
Anna D. Nagell gift Nicholaysen	1871	1874	Nagellsøskena selde alt utanom det rundt sjølve Lysekloster, dette bestemte dei at Anna skulle ha
Wibecke Nicolaysen	1874	1917	Arv etter mora
von Erpecon-slekta	1917	d.d.	Kjøp

Tabell 2 Oversikt over eigarar etter 1670

Etter dette har godset vore i privat eige. Stort sett har det gått i arv, men det har blitt kjøpt opp av nye eigarar 3 gonger mellom 1699 og d.d.

Den familien som eig Lyseklostergodset lengst er Formann-familien. Hans Henrikssøn Formann kjøpte godset i 1722 og det går i direkte linje<sup>25</sup> til 1871 då Henrik Henrikssøn dør barnlaus og testamenterer godset til søster-barna.

#### 3.3.1 Rettar lagt til godset

Då Nils Smidt får godset i forlening i 1660 blir han tilkjent ulike rettigheter. Erling Reksten har i si doktorgradsavhandling om krongodssal på 1600-talet, komme fram til at desse rettane måtte vere

<sup>23</sup> Ved bruk av priskalkulator vil denne gjelda i dag tilsvara over 191 millionar kroner (*Priskalkulator*, u.å.).

<sup>24</sup> Vi har ikkje funne årstal for denne overgangen.

<sup>25</sup> I 1783 arvar Wilhelmine Formann godset etter faren då ho var einaste arvingen. Den manlege linja dør ut, men fordi Wilhelmine giftar seg med tremeningen blir godset i familien.

hals- og handretten og birkeretten, og dette vil igjen bety at han og fekk sikt- og sakefallsretten (Reksten, 1979, s. 108–109). I samanheng med dette hadde godseigaren òg futemyndigheit (Torleif Hansen, 1981, s. 6).


Vidare kan vi i skøyte frå 1670 lese at han får «Liussecløstersgaard med forne: eyendomme, grunde, gaarde, gardsparter og godtz, [...] med ald dess affgaaende landschyld, grundeløye, leding, tiende, fredtoll, sigt og sagefald, arbejdspenge, [...] med bøxsse og tredie tage och ald anden tilleg og herlighed som der nu tilligger og aff alders tiid dertil liggede haffuer och med rette dertil ligge bør [...]» (*Utskrifter av Danske Registranter 1670-72, 1672, s. 22*).

Lyseklostergodset var frå iallfall midten av 1600-talet eige sorenskriveri, og frå seinast 1699 delte det sorenskriver med Hardanger og Voss<sup>26</sup>. Det blei òg oppretta eigne tinglag for Lyseklostergodset, i alt fire (Torleif Hansen, 1981, s. 17). Desse tinglaga var Os-, Nordhordland-, Hardanger og Strandebarm- og Våg tinglag. Dette inneber at det for Lyseklostergodset finst eigne panteregister og pantebøker med innføringar om dei gardane som var ein del av godset.

### 3.3.2 Godset etter 1819

Det skjer ei signifikant endring av eigedomsmassen i 1819. Dette året arvar Johanne og Henrik godset etter faren: Johanne får 1/3, som består av hovudsakleg gardane i Hardanger og Strandebarm i tillegg til noko strøgods, medan broren får resten, «brorparten» (Torleif Hansen, 1981, s. 5).

Frå panteregisteret kan vi lese følgande innføring under garden Ljones, knr. 4622, gnr. 95: «Skifte etter Henrik Henriksen Formann datert 5 juni 1819, [...] sønnen Henrik Henriksen Formann er utlagt Lysekloster hovedgaard med alt underliggende gods i Os og Vaags tinglag m.m, og datteren Johanne Kathrine Formann, senere gift med Konsul Nagell og enke efter ham, alt Lysekloster Gods i Hardanger og Strandebarm tinglag m.m.»




Figur 6 Utklipp som viser teksten frå skiftet etter H. H Formann slik det er skrive inn i panteregisteret for Ljones. Utklipp frå Digitalarkivet. (Tinglysingsmateriale, u.å.-n)

<sup>26</sup> I illustrasjonar over sorenskriveri i Norge vil ein ikkje kunne finne Lysekloster. Dette fordi det ikkje er snakk om eit avgrensa område og gardane låg spreidd innafor dei geografiske områda til dei andre sorenskriveria som til ei kvar tid eksisterte.

Godset blir no delt i to ulike delar, og får ulike eigarar. Til tross for dette kjem skifteretten til at alle gardane framleis skal høyre til under Lyseklostergodset sin jurisdiksjon og tinglag (Torleif Hansen, 1981, s. 5), dette på grunn av blant anna birkeretten (sjå 2.5).

I figuren under er fordelingar av gardar mellom Johanne Nagell og Henrik Formann etter arveskiftet vist. Johanne sine gardar er vist med gult medan Henrik sine er vist i lilla.



Figur 7 Fordeling av eigedommar mellom H. Formann og J. Nagell i 1819. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.

### 3.3.3 Godset etter 1871

Som nemnt over dør den siste i Formann-familien barnlaus i 1871 og arva går til nieser og nevøar. Dette året markerer og slutten på Lyseklostergodset. Arvingane bestemmer seg for å behalde hovudgarden og nokre kringliggande gardar, medan resten av eigedomsmassen i løpet av dei neste 10-20 åra blir selt til brukarane.

I 1917 blir den delen av Lyseklostergodset som framleis er intakt seld til Georg von Erpecom, og etterkommarane hans er eigarar i dag. Georg von Erpecom slekta også til Formann-ætta (Tveit, 1946, s. 58), i så måte har Lyseklostergodset vore eigd av same ætt i over 300 år sjølv om det ikkje har vore same familie.

### 3.3.4 Endringar i jurisdiksjon og administrasjon

I 1821 blei adelslova innført; heretter kunne ikkje dei adelege titlane eller rettane arvast. Ein viktig konsekvens av denne lova var at adelege rettar som hals- og handretten, birkerett og andre rettar knytt til juridisk myndigheit, blei inndratt av staten (*Adelsloven – lokalhistoriewiki.no*, 2021). I første

omgang fekk ikkje denne lova konsekvensar for godseigaren på Lyse sidan desse rettane følgde med eigedommane då dei vart kjøpt frå kongen og ikkje arva slik dei adelege rettane var (Jørn Ø. Sunde, 2004, s. 41).

I følge Norsk historisk leksikon hadde Lyseklostergodset hatt birkerett sidan 1661 (*Leksikon:Birk – lokalhistoriewiki.no*, 2020). Jørn Sunde argumenterer mot dette i sin artikkel. At det er ueinigheit om det førelåg ein faktisk birkerett eller ikkje har bakgrunn i kva dokument ein vel å legge mest vekt på; pantebrevet frå 1661 eller skøytet frå 1670 (Jørn Ø. Sunde, 2004, s. 42).

Godseigaren Henriks Henriksøn Formann var av den oppfatning at han hadde slike rettar og viste til pantebrevet (Jørn Ø. Sunde, 2004, s. 41). Han hevdar i 1851 å ha «rettigheder bestaae i Fogdejurisdiksjonen paa Godset, samt deri, at dette i judiciel Henseende skal utgjøre et eget Birk» (*Propositioner og Meddelelser*, 1851, s. 2). Ordlyden i skøytet gir derimot ikkje slike rettar. Sunde skriv vidare at sjølv om det ikkje fanst faktisk birkerett, kan Lyseklostergodset ha fungert som eit birk, då med noko innskrenka rettar i t.d. utnemning av dommarar samanlikna med Rosendal-baroniet (Jørn Ø. Sunde, 2004, s. 42). Uavhengig av om det fans birkerett eller ikkje, er det sikkert at godseigaren hadde rett til å utnemne sine eigne futar og hadde rett til å utøve futemyndigheit (Torleif Hansen, 1981, s. 6).

Etter kgl. Resolusjon av 10. juni 1852 blir sorenskriveriet for Lyseklostergodset oppløyst og gardane blir fordelt ut på Nord-, Midt-, Sunnhordaland og Hardanger og Voss sorenskriveri (*Skanna materiale*, u.å.-b, s. 407–408)<sup>27</sup>.

## 4 Framgangsmåtar for kartlegging og kartfesting av eigedomsgods

I denne delen av oppgåva går vi gjennom ulike metodar for kartlegging og kartfesting av Lyseklostergodset. Vi startar med å introdusere dei kjeldene vi har nytta før vi ser på korleis vi har valt å systematisere funna frå kjeldene på ein oversiktleg måte ved hjelp av oversiktstabellen vi har utarbeida i Excel. Ein slik arbeidsmetodikk er avgjerande for å kunne validere informasjon og oppdage manglar eller feil som kan finnast i kjeldematerialet. Dette trengs for å skape ein funksjonell metode som kan overførast til kartlegging av andre eigedomsgods i Norge. Vidare viser vi korleis vi har jobba med funna for å kople dette saman med dagens matrikkel, både på eit overordna gardsnummernivå og eit meir detaljert bruksnummernivå. Vi viser òg korleis grenseskildringar og utskiftingar kan bidra til kartfesting.

Utvida undersøking av eigedomar, meir særeigne tilfelle og utfordringar knytt til kartlegging og kartfesting av sjølve Lyseklostergodset vil komme i drøftingsdelen. Vi vil der også vise om det er steg i metoden som ikkje er formålstenlege ut frå problemstillinga «*Kan vi med bakgrunn i kjelder frå Lyseklostergodset finne ein formålstenleg metode for kartlegging og kartfesting av norske eigedomsgods?*». Metoden vi endar opp med vil bli presentert i konklusjonen.


---

<sup>27</sup> I opplisting av sorenskriveri som har eksistert i Hordaland er ikkje Lysekloster å finne som eit eige område. (Arkivverket, 2021). Dette kjem av at det ikkje var eit samanhengande område, men bestod av mange områder.

## 4.1 Kjeldegrunnlag

Som nemnt innleiingsvis er SAB si oversikt over Lyseklostergodset utgangspunktet for oppgåva, men sjølv metodene våre bygger på føresetnad om at vi nyttar fleire kjelder som kan etterprøvast. Primærkjeldene vi har nytta stammar frå Digitalarkivet og SAB, enten som digitalt tilgjengelege dokument eller som fysisk tilgjengelege dokument. Dei første primærkjeldene vi nytta var to bygslingsprotokollar<sup>28</sup> som går frå 1768 til 1804 og ei jordebok frå 1722. Ei utviding av kjeldegrunnlaget viste seg å vere naudsynt, då det for kvart nytt dokument openberra seg eigedomar som ikkje fans i SAB si oversikt.

Det var og naturleg å gå til andre og meir uoffisielle kjelder. Gjennom Nasjonalbiblioteket sine digitale løysingar finn ein til dømes Nils Tveit sin pamflett frå 1946 som blei skriven i anledning 800-års jubileet for oppretting av klosteret. Det positive med N. Tveit sin pamflett er at den er ein maskinskriven tekst der det ikkje er mogleg å feillese og tilsynelatande ikkje kan vere tvil om gardsnamna. Etter kvart som kartlegginga skreid fram blei det tydeleg at vi og måtte gå til primærkjeldene for gardane nemnt i denne pamfletten. Primærkjeldene som N. Tveit baserer funna sine på er salsskøytet frå 1670. Å lese eldre dokument er utfordrande, både pga. tilstanden til dokumentet men også behovet for god kjennskap til eldre skriftspråk. Her har vi funne fram til både det opphavlege skøytet, samt ei nyare avskrift av denne, for å illustrere endring av handskifta frå 1600-talet fram til det vi kan anta er slutten av 1800-talet eller starten av 1900-talet. Kva for ein av versjonane N. Tveit nytta i si gransking er uvisst.



Figur 8 Illustrasjon original handskrift og avskrift. Markert i rødt på begge "Aassen". Foto: privat. (Skjøtebok over kongelig avhendet jordegods, u.å.)

Vidare har vi og brukt ei masteroppgåve skriven av Anja H. Langgât i 2009. Her vert det fokusert på eigedomsgodset i klostertida og jordeboka frå 1626 blir brukt som kjelde. I oppgåva vår har vi nytta transkriberinga frå Langgât si oppgåve (Langgât, 2009, s. 98-105), som stønadskjelde i arbeidet med det originale materialet.

Vi har og nytta ei jordebok frå 1657, skattematrikkelen frå 1647 og ei nedskrivning av umatrikulerte gardar (*Fortegnelse over umatrikulerede gårder*, 1819, s. 84–86).

For å finne dagens plassering og rett gards- og bruksnummer har det vore nødvendig å nytte realregistera, samt panteregisteret som strekker seg tilbake til 1700-talet. Sidan Lyseklostergodset eksisterte som eigne tinglag hadde dei eigne panteregisterbøker fram til ca. 1853. Desse har vore

<sup>28</sup> Her betyr bygsel å leige vekk (*Leksikon:Bygsel – lokalhistoriewiki.no*, 2020). Bygselprotokoll er lister over kven jorda blir leigd vekk til og kva dei skal betale i avgift for dette.

sentrale kjelder i arbeidet vårt, sidan vi finn meir informasjon der enn i andre, nyare realregister. I tillegg var søk på [www.norgeskart.no](http://www.norgeskart.no) til stor hjelp for å plassere gardane i dag.

Når ein jobbar med eigedommar i eit historisk perspektiv er det ikkje mogleg å komme utanom å bruke bygdebøker<sup>29</sup>. For vårt vedkommande har desse tilført mykje lokal informasjon som ikkje kjem fram i t.d. panteregister eller er lett tilgjengeleg. I mange tilfelle har bygdebøkene løyst opp i problem som har openbert seg undervegs, men og vore oppkomme til endå fleire gardar enn dei som er å finne i nokre av dei gamle, offisielle dokumenta, og med det reist nye og fleire spørsmål.

#### 4.1.1 Dokument som ligg i Lysekloster-arkivet

Rike kjelder for å finne eigedommar der Lyseklostergodset hadde eigarinteresser er oppebørselsbøkene, bygslingsprotokollar og jordebøkene. I desse skreiv godseigaren, eller ein representant for denne, ned namnet på garden/bruket, namn på byglaren og kor mykje dei måtte betale i ulike avgifter og skattar, altså den skyldparten kvar brukar stod for. Desse ulike kjeldene strekker seg frå 1626 til 1814 og har difor vore viktige for å kunne spore endringar i eigedomsmassen over tid. Til saman dreier det seg om sju ulike dokument og bøker som er brukt.

Jordebøkene frå 1626 og 1657 stammar begge frå den tida då Lyseklostergodset var krongods og er utarbeida for lensrekneskapa, medan skøytet frå 1670 markerer slutten på denne perioden og skal innehalde alle eigedommar som på det tidspunktet betalte skyldpartar til Lyseklostergodset. I desse finn vi høvesvis 201, 203 og 208 innføringar.

Etter dette gjer vi eit sprang til 1722. I jordeboka for dette året finst det 201 ulike namn som er nemnt, dette er både gardar og laksevåger<sup>30</sup>. Den neste oversikta i denne kronologien av kjelder er festeprotokollen som går mellom 1768 og 1779. Her er det 128 unike eigedomsnamn/bruk som er nemnt. Etter dette er det bygslingsprotokollen for 1791-1802, og her er det 134 innføringar.

Tabellen under viser ei oversikt over kjeldene, kor mange gardar vi finn i kvar, når dei er ført, om dei finst digitalt tilgjengeleg, om det finst transkriberte versjonar som vi har kunne nytta (vist med grøn farge) og om innføringane finst som matrikulerte gardar i dag.

Tittel/type	Årstal	Digitalisert	Transkribert	Sum innføringar	Matrikulert d.d.
Jordebok	1626	V	V	201	191
Jordebok	1657	V	-	203	194
Salsskøyte	1670	V	V <sup>31</sup>	208	197
Jordebok	1722	V	-	201	189
Festeprotokoll	1768 - 1779	V	-	128	122
Bygselsprotokoll	1790 – 1802	V	-	134	125
Oppebørselsmantal	1805 - 1814	-	-	199	199

Tabell 3 Oversikt over historiske kjelder og sum av innføringar i kjeldene

<sup>29</sup> Bygdebøker er lokalhistoriske verk som skildrar utviklinga i områder og på enkeltgardar («bygdebok», 2020). Slike bøker blei gitt ut frå ca. 1910 og utover. Det er viktig å vere oppmerksom på at informasjonen ein finn i slike bøker kan vere usikker, og ein bør der det er mogleg nytte andre kjelder for å validere funna.

<sup>30</sup> Ei laksevåg er ein fiskeinnretning brukt i elvar. Og kalla laksekjær.

<sup>31</sup> Ikkje digitalt tilgjengeleg

## 4.2 Forklaring på oversiktstabellen

All dataa vi har samla inn ligg i eit Excel-dokument med tre ark, sjå vedlegg 1<sup>32</sup>. Dei tre arka tar for seg Lysekloster-eigedommar, dobbeltføringar og feilføringar. I arbeidet er det fana med Lyseklostereigedommar som er viktig, medan dei to andre kjem som ein konsekvens av kjeldematerialet.

I utstrekking har hovud-arket 60 kolonnar for innføring av informasjon. Sidan det var noko uvisst kva som kunne reknast som relevant og ikkje har summen av kolonnar endra seg frå oppretting til no. I dag har vi informasjon i større eller mindre grad innført i 53 kolonnar. Nokre kolonnar er utan innføring fordi informasjon ikkje har vore mogleg å oppdrive medan andre moment har vist seg ikkje å vere relevant for akkurat denne undersøkinga. Ikkje all innsamla informasjon blir nytta i oppgåva vår, men for seinare analysar kan det vere relevant og blir difor behalde i reknearket. Utklippet under syner rundt halvparten av tabellen, og gir eit inntrykk av mengda informasjon vi har måtte henta inn.

Figur 9 Utklipp som viser omlag halvparten av innføringane i oversiktstabellen. Utklipp frå Excel.

Den første kolonnen er systematisert etter trafikklys-prinsippet med følgende fargekodar; *mørk grøn* betyr sikker identifikasjon av eigedommar på gnr. nivå og med verifiserbar informasjon på når dei er blitt seld, *lys grøn* betyr sikker identifikasjon av gnr., men ikkje for årstal. *Gult* betyr at vi har gnr., men er usikker på om det er rett, eller at vi ikkje har funne definitiv kopling mellom eigedommen og Lyseklostergodset eller at det ikkje er matrikelobjekt i dag slik som t.d. sagbruk.

*Raud* farge indikerer at eigedommen har stor usikkerheit knytt til seg, vi har gjerne eit namn og omtrentleg geografisk plassering, men har ikkje funne gnr. å knytte det opp mot. Dette kan bl.a. komme av skrivemåte då gardsnamn kan ha gått gjennom endringar i løpet av dei siste 400-åra eller at det er fleire gardar innafor aktuelt området som har same namnet og vi veit ikkje kva for ein det er tale om. For å gjere tabellen meir oversiktleg valte vi etterkvart å flytte alle raude innføringar over i eigne ark-faner, dobbeltføring- og feilføring-arka nemnt innleiingsvis.

<sup>32</sup> Vi vil heretter omtale denne som oversiktstabellen.



Til sist har vi brukt *blå* farge for å markere dei eigedommane der det har vore sameige med Baroniet i Rosendal og kor eigedommane i følge pantebøker og matriklar har blitt rekna som Rosendal-eigedom på 1800-talet.

Vi har og «flagga» eigedommar i denne kolonnen. Det vil sei eigedommar som har interessante utfordringar knytt til seg eller som har vore sær s vanskelege å finne.

Figuren under er henta frå arket som heiter «Dobbeltføringar o.a.» og viser døme på fargekodingar. *Grå* markeringar har vore brukt til interne formål for å gjere oss merksame på bl.a. at det som no er underbruk tidlegare stod oppført på lik linje med hovudbruk eller endringar i skrivemåte for gardsnamn.

A	B	C	D	E	F	G	H	I
Flagg	Objektnr	Namn i dag	Anna namn 1	Anna namn 2			KNR	GNR
		Lie	Mobergslien				4624	50
		Farrestad	Ferstad				4624	47
		Hofteland	Hovland				4624	33
		Tuparneset	Nedre Sakst	Trur det er feillesing				
		Loursshaava	Sauskårseter	Bøsæter (Stokkedalssetra)				
		Toften	Toft i Strandvik?				4622	111
		Hallen	Mælen				4618	302
		Næsseim	Nesheim				4620	78
		Aachnes	Åkre				4618	159
		Vansvik, Hov	Wanswiig	Vangsvik? Ullensvang	VANDVIK		4618	185
		Urjshuus gaard - øyde		Eit øde bruk under Lekven				
		Algrhus gaard nedre		Trur det er feillesing, finn ikkje igjen namnet				

Figur 10 Som viser dømer på fargekoding av eigedomar i oversiktstabellen. Utklipp frå Excel.

Eigedommane har fått eit objektnummer definert i kolonne B, deretter dagens namn i kolonne C og eventuelle andre og eldre skrivemåtar i kolonne E. Vi har også ein del kommentarar og notat til ulike celler. Nokre av kommentarane er generelle medan andre dreier seg om informasjonen i den konkrete cella. I utklippet under ser vi at celler med kommentarar har fått eit lilla merke oppe i høgre hjørne.

A	B	C	D	E	F
Flagg	Objektnr	Namn i dag	Anna namn 1	Anna namn 2	
	151	Førde	Førde Strømmen		
	152	Fårland	Faarland		
	153	Høiland	Houland		
	154	Kleppe			

Figur 11 Utklipp frå oversiktstabellen som viser kolonne A til E. Utklipp frå Excel.

Vidare har vi dagens matrikkelinformasjon med ei kolonne for høvesvis kommunenummer, gardsnummer, kommunenamn og (eventuelle) bruksnummer. Ikkje alle gardar har fått oppgitt bruksnummer då eigarforholda stammar frå ei tid kor dette ikkje fans og dei bruksnummera som er

oppgitt er basert på informasjonen frå dei eldre realregistra. I punkt 4.5.2 syner vi framgangsmåten for å kartlegge- og kartfeste alle bruksnummer som kan knytast til Lyseklostergodset der vi nyttar den nyaste matrikkelnummereringa for høgare detaljnivå.

Sidan mykje av informasjonen vi jobbar med stammar frå før den siste tids kommune- og fylkesendringar har det og vore nødvendig og ha kolonnar for eldre kommune- og gardsnummer. Mange gardar har berre gått gjennom ei om-nummerering i samanheng med fylkesreforma som trådte i kraft 01.01.2020, medan andre har fått endra kommune- og gardsnummer fleire gonger.

I figuren under viser tekst markert i grønt matrikkelforholda etter siste endring i kommune- og fylkessamanslåingar, tekst markert i gult er kommune- og gardsnummer frå før 01.01.2020, medan tekst markert blått stammar frå endringar som har skjedd på 1900-talet.

H til K = knr., gnr., bnr., etter 1.1.2020				L til N = knr. gnr., bnr., før 1.1.2020			O til P knr. og gnr. før 1946	
H	I	J	K	L	M	N	O	P
KNR	GNR	Kommune	BNR	KNR G1	GNR G1	BNR G1	KNR G2	GNR G2
4631	317	Alver	1,2	1256	17		1257	
4631	319	Alver	1,3,4	1256	19		1257	
4631	318	Alver	1,4,5,6	1256	18		1257	
4631	483	Alver	1,2,4	1262	83		1260	83
4631	482	Alver	1,2,4	1262	82		1260	82
4632	152	Alver	1,3,7	1264	152		1263	152

Figur 12 Illustrasjon av matrikkelendringar. Utklipp frå Excel.

Dei neste kolonnane, T til Y, omhandlar eldre matrikkel og løpenummer. Her kan vi spore endringar av nummerering og inndeling. Denne oversikta nyttar vi vidare for å finne informasjon vi treng i ulike register, då t.d. panteregisteret nyttar kommune- og gardsnummer basert på 1947 eller 1983 inndeling. Det er mogleg å søke etter informasjon basert på dei eldre matrikkel- og løpenummera i tillegg til gnr. og bnr.

Løpenummera tilsvare det som i dag er bruksnummer. I dei fleste tilfelle har ikkje endringane i brukseiningar vore store frå dei blei innført på 1800-talet, men i ein del tilfelle har det skjedd samanslåingar, delingar og om-nummereringar som har gjort det nødvendig å nytte dei gamle løpenummera som referansegrunnlag.

Kolonnane AD til AN representerer ulike kjelder og er for det meste koda 0 eller 1 for dei ulike eigedommane. Dette er for å enkelt kunne gjere GIS-analysar og skilje om ein eigedom finst eller ikkje i den aktuelle kjelda. Nokre av desse kolonnane er koda med 2, 3 og 4 i tillegg. Dette er tilfelle kor det ikkje er nok å slå fast om eigedommen førekjem eller ikkje, men og om det er andre forhold som må påpeikast. Dette kan til dømes vere om Lyseklostergodset har ingen, full eller om det er delt bygslingsrett i 1647. I slike tilfelle er det lagt inn kommentar til celle-namnet som fortel kva dei ulike kodingane betyr. Figuren under viser kolonnane for dei ulike kjeldene, vist med årstal for når dei stammar frå, og om eigedommane har innføringar eller ikkje.

AC	AD	AE	AF	AG	AH	AI	AJ	AK
Bygsel 1647	1626	1647	1657	1670	1722	1768-1779	1791-1802	Oppbørselbo
0	1	1	1	1	1	1	1	1
0	1	1	1	1	1	1	1	1
0	1	1	1	1	1	1	1	1

Figur 13 Korleis koding av innføringar i kjelder er gjort. Utklipp frå Excel.

Vidare har vi kolonne for når eigedommane er komen inn eller gått ut av Lyseklostergodset og dessutan kven som var eigaren på 1800-talet, om det er Formann eller Nagell, og om det blei utført utskiftingar etter den første jordskiftelova som kom i 1821. Vi har også valt å ta med om det har skjedd utskiftingar etter seinare lover.

Dei siste kolonnane inneheld lenker til kart og ulike realregister. Dette for at det skal vere enkelt å finne fram til aktuell informasjon som vi måtte trenge. Ein del innføringar inneheld lenker til kva sider i dei ulike kjeldene informasjonen er funnen, eller lenker til bygdebøker. Dette gjeld spesielt i dei tilfella kor vi har motstridande informasjon, eller det er usikkerheit knytt til informasjonen.

I tillegg er det lagt inn kommentarar og notat undervegs. Desse kan innehalde relevante lenker eller problem knytt til kartlegginga av ein eigedom, eller dei kan innehalde betraktningar om fenomen som dukkar opp.

Etter grundig gjennomgang av kjeldene fant vi til saman 282 potensielle gardsnamn som i ulik grad kan knytast til Lyseklostergodset. Etter å ha gått gjennom desse og rydda i tabellen sit vi igjen med berre *grøne*, *gule* og *blå* gardar. Talet på innføringar vert med dette redusert til 238 matrikelnummer. Denne delen av kartlegginga gir oss eit grunnlag for å visualisere Lyseklostergodset si utstrekning basert på kommunenummer og gardsnummer.

### 4.3 Korleis finne matrikelinformasjon

For å tydeleggjere korleis ein kan arbeide seg fram til å finne informasjon om dei ulike eigedomane startar vi med å ta for oss eit enkelt døme på ein «typisk» eigedom der Lyseklostergodset eigde alle bruk på garden, her Nordvik, knr. 4601, gnr.92. Det blir her vist korleis vi har funne fram til dagens matrikelnummer på gards- og bruksnummernivå.

I SAB si oversikt over Lyseklostergodset står Nordvik oppgitt som å ligge i Fana kommune<sup>33</sup> med matrikelnummer 92 (Torleif Hansen, 1981, s. 37). Dette vert dermed utgangspunktet for den vidare kartlegginga.


For å finne meir informasjon går vi til [www.digitalarkivet.no](http://www.digitalarkivet.no) si digitale søketeneste der vi søker på kommune og gardsnummer i panteregisteret. Figuren under viser eit utklipp frå dette. Her ser vi

<sup>33</sup> Slått saman med Bergen kommune i 1972 (*Fana kommune – lokalhistoriewiki.no*, 2021)

øvt til høre at det finnes 36 eiendomar, noko som betyr at det er 36 bruk eller feste(tomt), som samsvarar med søket vårt.

Figur 14 Utklipp som viser søk på Nordvik. Henta frå digitalarkivet.no

Trykker vi oss inn på desse ser vi til dømes på panteregisterbladet til bruksnummer 1 at Lyseklosters gods står oppført oppe til høre, markert med gult i figuren under. Vi har med dette samsvar mellom SAB si oversikt og panteregisteret, funnet av to kjelder som seier det same sannsynleggjer at Nordvik var del av Lyseklostergodset.



Figur 15 Utklipp som viser korleis tilhøyrighet til Lyseklostergodset er ført i panteregistert. Utklipp frå digitalarkivet. (Tinglysingsmateriale, u.å.-g)

Vidare må vi undersøke kva matrikelnummer som blir brukt i dag. Dette kan vi gjere anten ved å nytte gamal grunnbok eller den elektroniske grunnboka. Det enklaste er å gjere eit søk på Digitalarkivet, ved å bruke enten gardsnamn eller -nummer som søkekriterier. Ved å spore opp bruksnummera som opphavleg kjem frå godset, og kva eiendomar dei igjen har skilt ut, kan vi lage ei visualisering direkte basert på dagens matrikelkart. Framgangsmåte for dette blir utførleg vist i punkt 4.5.

Neste steg vi gjorde for å kartlegge eiendomen var å slå opp i eldre kjelder for å spore oss bakover i tid. I figuren under ser vi innføringar vi har funne for Nordvik i jordebøker (1626, 1657 og 1722), matrikel (1647), skøyte (1670), festeprotokoll (1768-1779), bygselsprotokoll (1791-1804) og oppbørselsbok (1804-1814). For desse kjeldene betyr kodinga 1 at eiendomar førekjem i desse.

AD	AE	AF	AG	AH	AI	AJ	AK
1626	1647	1657	1670	1722	1768-1779	1791-1804	Oppbørselsb
1	1	1	1	1	1	1	1

Figur 16 Registrering av kjelder for Nordvik. Utklipp frå Excel.

Dette er med andre ord ein eigedom som går igjen i alle kjeldene og det vil ikkje vere tvil om at den har hatt ei tilknytning til Lyseklostergodset.

Sjølv om vi har spora matrikelnummera frå start og fram til i dag må vi og forsøke å finne ut av om heile, eller berre delar av det vi i dag antar er Nordvik, har vore eigd av Lysekloster. For å finne ut av dette har vi hovudsakleg nytta ein kombinasjon av det som står oppgitt i panteregisteret og det vi kan lese av 1838- og 1855-matrikkelen.

I panteregisteret er det innføringar for til saman 21 bruk, og for dei første 13 er dei markerte som «Af Lysekloster» eller «Før Lysekloster» (*Tinglysingsmateriale*, u.å.-h, s. 321–335). Dette er ein sterk indikasjon på at heile Nordvik har høyrte til Lyseklostergodset, men det må likevel verifiserast.

I 1838-matrikkelen finn vi løpenummera 9-13 under Nordviken, altså 5 stk.

Sidan vi i denne matrikkelen ikkje får lista gardsnummer der garden kan ha høyrte til både Lyseklostergodset sine tinglag og lenet sine tinglag samtidig, må vi i tillegg sjå på 1855-matrikkelen som er ei betre kjelde til akkurat dette. Her får vi lista opp alle løpenummer under ein gard, men med eit eventuelt skilje mellom kva som var lenet sitt gods og kva som var Lyseklostergods.

				Of	Dø	Tinglag af Lyse kloster	
81							
92	67	110	Sagstad . . . . .	251	8	Sagstad . . . . .	Rnud
93	68	25	Nordviken . . . . .	252	9	Nordviken . . . . .	Hans
				253	10	Do. . . . .	Binge
				254	11	Do. . . . .	Ole
				255	12	Do. . . . .	Nils
				256	13	Do. . . . .	Omur
94	69	24	Krokeide . . . . .	257	14	Krokeide . . . . .	Nils

Figur 17 Innføring i 1855-matrikkelen for Nordvik. Foto: Privat. (Matrikel 1852-1855 Søndre Bergenhus Amt, 1855, fol. 43)

Her finn vi igjen løpenummer 9-13, om-nummerert til 252-256, og vi ser at ein fortsett direkte med innføringa av Krokeide, noko som betyr at alle bruksnummer under Nordvik har høyrte til Lyseklostergodset, og det igjen betyr i teorien at alle bnr. utskilt i seinare tid kjem frå arealet som tidlegare høyrte til Lyseklostergodset. Dermed kan vi sjå kva areal som høyrte til godset basert på dagens matrikelnummer. Her må ein likevel vere obs på at dette er ei sanning med modifikasjonar, sidan einingar i ettertid kan oppstå ved at ein kan ha fått areal overført frå fleire andre matrikelnummer, eller at ein har gitt vekk deler av areal sjølv om gards- og bruksnummer står uendra.

I eit forsøk på å spore eigedomsarealet tilbake i tid går ein til grunnbøkene og ser om det kan finnes utskiftingsforretningar eller kart som kan fortelje oss meir om situasjonen då gardane blei selt ut frå godset. I Nordvik sitt tilfelle gjekk dei ulike bruka på eigedomen ut av Lyseklostergodset mellom 1872-1875 (*Tinglysingsmateriale*, u.å.-i, s. 321–338).

Eit anna døme på matrikelkartlegging er Holmefjord Nordre. Den innleiande kartlegginga for Holmefjord nordre skil seg ikkje frå tilfellet Nordvik. Å finne tak i dagens matrikelnummer er ein

rett fram operasjon gjennom søk i grunnbøker og panteregister. Måten denne skil seg frå det føregåande eksempelet er på bruksnummer-nivå.

I panteregisteret finn vi berre bruk 1 merka som å vere Lyseklostergods, medan dei resterande 17 andre ikkje har fått ei slik påføring (*Tinglysingsmateriale*, u.å.-d, s. 152–171). Her må vi då undersøke om det er snakk om ein delt eigedomsrett eller om alle andre bruk er skilt ut frå bruk 1 etter at det garden blei selt ut frå godset.

Den mest føremålstenlege måten å finne ut av dette på er å gå i 1855-matrikkelen. Figuren under viser at det i 1855 fans 4 løpenummer/bruk, men at berre eit av dei, løpenr. 29 hørte til Lyseklostergodset.

	Af forrige	Ds Thinglag af	Lysekloster.
29	155	Holmefjord nordre	Vinbjans Milsen
	Af forrige	Ds Thinglag af	Lehuet.
30	170a	Holmefjord nordre	Hans Anderssen
31	170b	Do.	Hans Hanssen
32	171	Do.	John Engelsen

Figur 18 Innføring for Holmefjord Nordre i 1855-matrikkelen.. Foto: Privat. (Matrikkel 1852-1855 Søndre Bergenhus Amt, 1855, fol. 52)

Når vi kryssreferar med panteregisteret finn vi at løpenummer 29 er blitt til bruk nummer 1 (*Tinglysingsmateriale*, u.å.-d, s. 152). Denne utfordringa med at Lyseklostergodset ikkje eig heile arealet til Holmefjord Nordre vil også bli brukt som døme seinare i oppgåva.

I motsetnad til Nordvik kan vi då ikkje ta utgangspunkt i arealet for heile garden Holmefjord Nordre når vi vil finne geografisk utstrekking av Lyseklostergodset sidan berre bruk nr. 1 hørte til godset. Korleis kartlegging av areal på bruksnummer-nivå kan gjerast er vist i punkt 4.5.


#### 4.4 Frå data via tabell til kart

Med framgangsmåten vist i føregåande punkt 4.3 har vi kartlagt alle kommune- og gardsnummer, og verifisert dei opp mot dagens matrikkel. Innføringane må omarbeidast for å kunne brukast til kartfesting. Etter at informasjonen er systematisert i oversiktstabellen treng vi å få dette overført til GIS-verktøy for å kunne kartfeste og illustrere datamaterialet vårt. For å få dette til må vi gjennom fleire operasjonar. I dette delkapittelet ser vi nærmare på desse stega frå Excel-tabell til kart i GIS-verktøy.

##### 4.4.1 Omarbeiding av matrikkeldata

For å kunne få fram eigedomsarealet og visualisere dette har vi valt å bruke ArcGIS-pro som verktøy. For å bruke dette programmet var vi avhengig av å få tilsendt eit datasett i formatet FGDB

frå Geonorge (*Matrikkelen - Eiendomskart Teig - Kartkatalogen*, u.å.) som dekkar Vestland og Rogaland. Det vi brukte av datasettet er ein geobjektklasse (feature class på engelsk) som består av teigar og ein tabell som inneheld matrikelnummera. Teigane består av «shape length» og «shape area», dette er linjer og polygon som representerer det avgrensa området på jordoverflata til dei ulike matrikkeleiningane. Teigane og matrikkel-tabellen består begge av ein felles identifikasjons-ID som fortel kva matrikkeleining dei høyrer til. Denne nytta vi for å utføre ein «join» mellom dei ulike tabellane for å kunne lage ein ny felles tabell med tilhøyrande kolonnar. Etter dette utførte vi ein «merge» for å slå Vestland og Rogaland saman slik at alle matrikkeleiningane for begge fylker er i ein felles tabell. Denne framgangsmåten er illustrert i figuren under.



Figur 19 Illustrasjon av kopling mellom teigar og matrikelnummer. Eigen illustrasjon.


#### 4.4.2 Rydding av tabell

Når vi hadde omarbeida datasettet frå Geonorge, kunne vi importere vår eigen Excel-tabell inn i ArcGIS-Pro.

For å få oversiktlege geografisk framstilling var det naudsynt å trekke ut den informasjonen som er relevant for Lyseklostergodset. For å få til dette valte vi å trekke ut kun delar av informasjonen frå oversiktstabellen vår, då mykje av innhenta informasjon ikkje kan nyttast i ArcGIS-Pro og difor er overflødig. Vi måtte rydde vekk alle underoverskrifter og dei kolonnane som ikkje var relevante for vårt vidare arbeid. Vi sat då igjen med 17 kolonne og 238 rader.

#### 4.4.3 Import av tabell


Den redigerte tabellen blei så importert inn i ArcGIS-Pro kor vi deretter oppretta ein unik koplingsnøkkel som består av kommunenummer og gardsnummer. Denne koplingsnøkkelene måtte deretter innførast i matrikeluttrekket, og med det blei det mogleg å slå saman desse to komponentane ved å utføre ein «join» i programmet. Figuren under illustrerer korleis inngangsdata frå tilsendt datasett blei slått saman med data frå tabellen vår.



Figur 20 Illustrasjon av samanslåing av tabellar med ein unik koplingsnøkkel. Eigen illustrasjon.

Dataa som ikkje stemte overeins med koplingsnøkkelene valte vi å selektere ut og vi stod igjen med dei polygonane som er registrerte for våre 238 utvalde gardar. Desse gardane og deira eigedomsteigar er vist i kartet under, den geografiske utstrekkinga er basert på dagens matrikelinformasjon.





Figur 21 Kart over alle Lyseklostergardane basert på dagens matrikkel. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.

Når vi har kartlagt og fått implementert matrikkeldataa inn i ArcGIS-Pro er det i etterkant mogleg å nytte dette til vidare til t.d. statistiske- og visuelle analyser. Dømer på slike analysar blir vist i kapittel 5.

#### 4.5 Arealkartlegging og arealkartfesting

Vi har no kartlagt 238 gardar, funne dagens matrikkel-id og fått kontroll over innføringar i ulike kjelder. Vi har vist over korleis vi kan kartfeste utstrekninga til Lyseklostergodset basert på dagens matrikkelkart med utgangspunkt i kommune- og gardsnummer for desse 238 gardane, sjå Figur 21. Vi vil i punkta under vise to måtar for å kartlegge og kartfeste areal vi meiner har høyrte til Lyseklostergodset.

Vi vil først forsøke å vise kartfesting av areal tilhøyrande Lyseklostergodset ved hjelp av eldre utskiftingar. Dette er ein framgangsmåte for kartfesting som tar mykje tid om ein skal gå i detalj på kvar enkelt gard, ein meir effektiv måte å få kartfesta areal tidlegare tilhøyrande Lyseklostergodset er å nytte dagens matrikkel-ID. Mykje kan ha skjedd med arealmassen frå den gjekk ut av Lyseklostergodset, men om vi skal køyre analyser og visualisere utstrekninga til heile godset på ein enkel og føremålstenleg måte, er matrikkel-ID det beste haldepunktet vi har. Alle matrikkel-ID skal i utgangspunktet vere kopla til eit areal på jordoverflata som kan finnast i matrikkelkartet<sup>34</sup>. Vi vil difor vise korleis vi har gått fram for å kartlegge areala til dagens bruksnummer tilbake i tid. For å få rekonstruert den geografiske utstrekninga av Lyseklostergodset vil det jf. tilfellet Holmefjord Nordre ikkje vere korrekt å berre nytte matrikkelinformasjon på gardsnummer-nivå.

##### 4.5.1 Kartfesting av areal ved hjelp av grenseforretningar og utskiftingar

Vi kan nytte grenseforretningar og utskiftingar for å finne yttergrenser slik dei låg nærmare Lyseklostergodset si tid, dette er om ein treng å nærare stadfeste enkelte eigedomar. Som vi skal vise i denne delen er dette ikkje nødvendigvis ein føremålstenleg måte å kartlegge/visualisere heile gods på sidan det krev mykje tid og ressursar. Vi vil i det følgjande forklare kort kva vi kunne vente oss å finne av utskiftingar tilknytt Lyseklostergodset før vi viser korleis dei ulike kjeldene av utskiftingar kan nyttast til kartfesting.

###### 4.5.1.1 Om grenseforretningar og utskiftingar på Lyseklostergodset

I starten av arbeidet med oppgåva var vi interessert i å sjå nærmare på utskiftingar tilhøyrande Lyseklostergodset. Vi starta med å sjå gjennom i overkant av 70 transkriberte utskiftingar mellom 1834 og 1846.

Dersom formålet med kartfestinga av Lyseklostergodset er å finne arealet slik det var i t.d. i 1871 då godset vart oppløyst, er ein måte å gjere dette på å nytte seg av eldre grenseskilddingar, utskiftingar og utskiftingskart. I vårt tilfelle nytta vi oss hovudsakleg av tre generasjonar med utskiftingskjelder på Lyseklostergodset, desse deler vi inn i grensegangsforretningar frå 1830-40 talet, utskiftingar og grensesaker med skisser frå 1850-talet og nyare utskiftingar med utskiftingskart etter utskiftingslova av 1857.

---

<sup>34</sup> Matrikkelkartet gjev oss oversikt over eigedomsteigar, men ikkje alle teigar har ei riktig registrert og fastsett grense. Dette kan t.d. vere punktfeiter og sirkeleigedommar som ikkje har fått oppmålt grenser. Eller at kartet og objektregisteret på andre måtar ikkje samsvarer.

Vi starta arbeidet med gjennomgang av utskiftingar med å lese transkribert versjon av Jordskifteprotokollen til Lyseklostergodset mellom 1834-1846 (*Tinglysingsmateriale*, u.å.-j). Der finn vi nokre få minnelege utskiftingar som refererer til 1821-lova. Det meste av materialet i denne protokollen er grensegangsforretningar som tar for seg yttergrensene til sjølve gardane, desse viser derimot ikkje til 1821-lova. Myking skriv at «[...]på mindre enn to år, frå våren 1835 til haustparten 1837, fann det stad i alt 154 grensegangsforretningar på dei om lag 130 gardane og gardpartane som eigaren av Lyseklostergodset rådde over i kraft av å vera jorddrott» (Myking, 2022, s. 272). Sidan det finnes beskriving av grensene til nesten alle gardane tilhøyrande Lyseklostergodset gjev dette oss eit stort kjeldemateriale vi kan nytte om vi vil finne igjen desse grensene.

Utskiftingane på Lyseklostergodset viser seg å vere særneigne i den forstand at det vart gjennomført mange grundige utskiftingar frå midten av 1840-talet og inn på 1860-talet, i tillegg finn vi skisser på gardane tilhøyrande Lyseklostergodset allereie før den nye lova av 1857 (Myking, 2022, s. 265). Desse avrissa kan vise den interne inndelinga på garden, og gje oss meir informasjon om sjølve eigarforholda internt på garden og illustrere om alle bruk var del av Lyseklostergodset eller ikkje. Eit døme på dette skal vi sjå med Holmefjord Nordre i påfølgande drøftingsdel. Vi skal først halde fram med å bruke Nordvik som døme på korleis vi kan nytte ulike kjelder knytt til utskiftingar og grensegangsforretningane for å kartfeste den geografiske utstrekninga til Lyseklostergodset.

#### 4.5.1.2 Yttergrenser

Ifølgje panterregisteret finnes det ei utskifting frå Nordvik i 1836, denne finn vi først og fremst i originalkopi på Digitalarkivet, men SAB har også gitt oss tilgang på ein transkribert versjon (*Tinglysingsmateriale*, u.å.-k). Dette er ei utskifting som tar for seg yttergrensene til garden. Dei aller fleste av desse tidlege utskiftingane vi finn i utskiftingsprotokollen til Lyseklostergodset vert utført etter ynskjer frå godseigar Formann om å få fastsett nettopp ytre grenser. Desse tidlege utskiftingane som tek for seg gardens yttergrenser vil vi vidare referere til som *grensegangsforretningar*<sup>35</sup> sidan det er meir beskrivande for det dei egentleg er.

Grensegangsforretningane følgjer tydlege mønster når det kjem til struktur og gjennomføring. Dei vart stort sett gjennomført av enkelte faste «oppmålingsmænd»<sup>36</sup> som leier forretningane under myndigheit frå Formann. Grensegangsforretninga til Nordvik frå 1836 er ein av desse, og er difor gjennomført på denne standardiserte måten. Å kjenne til denne gangen i forretningane kan vere til hjelp for å lettare vite kvar i teksten ein skal leite etter grenseinformasjon, om ein ikkje har tilgang til transkriberte versjonar.

---

<sup>35</sup> «Grensegangs er sakstyper for jordskifterett, jf. Jordskifteloven §4 og 6-22. i en grensegangsak blir grenser for eiendom og alltidvarende bruksretter klargjort» (Hjartåker, 2023)

<sup>36</sup> Dette er spesielt Arkitekt Jacob Jersin, Premierløytnant Walter, Lensmann H.T. Synnestvedt, og Lendsmand Ole Nielsen. Jacob Jersin står likevel i ei særrolle og utfører dei aller fleste grensegangs sakene vi har vore innom i denne oppgåva

I figuren under viser vi starten på grensegangsförretninga over «Nordvigen» utført av J. Jersin, og illustrerer kva informasjon vi kan få ut frå denne.

Tidspunkt, stad, matrikelnummer og skyld på garden	Aar 1836 den 22 April samledes Undertegnede paa den til Lyseklosters Gods henhørende under nyt Matr No. 79 i Ous Thinglaug beliggende Gaard Norvigen af gammel Skyld 3 Løber Smør af nye Skyld 12 Skyldaler 3 Ort 13 Skilling for at opgaae radeligen
Formål for utskiftinga	til Regel for Nutid og Eftertid - at vedtage samt med tydelige og lovlige Mærker bestemme og saaledes beskrive denne Gaards ydre Grændser paa alle Sider til alle angrændsende særskilt
Myndighet frå Godseigar Formann	matriculerede Gaarde, nemlig paa Godseieren Herr Proprietair Formanns Vegne efter dertil given Bemyndigelse Architect Jacob Jersin, Leilendinge paa bemeldte Gaard Hans Hansen. Vintzians
Oppmøtte leiglendingar på dei berørte gardane	Paulsen Ole Johnsen Niels Mikkelsen og Aamund Mikkelsen. De paa Gaarden Krogeide Niels Nielsen Ole Chrispinussen, John Andersen. Lars Hansen Lars Nielsen Elling Nielsen, Hans Abraham- sen, samt Lars Tollevsens Enke og Niels Hansens Enke med Laug- værge, Do. paa Gaarden Rød Lars Andersen og Niels Sandersen
Ekstra oppmøtte som har avgitt informasjon	Do. paa den Fanøe Præstebord beneficerede Gaard Salbue, Gregorius Larsen og Hans Hendrik Eliassen, hvorhos tillige var tilstede for at give fornøden Oplysning om Grændserne med Fanøe Præstegaard Sjur Olsen og Jacob Larsen Fanøe; hvorimod Grændsen mod yttre Hamre blev opgaaet den 20 Juli 1835 og i Forretningen over sidstnævnte Gaard beskrevet og undertegnet af alle Vedkom-
Eksterne vitner for forretninga	2. mende hvilken Grændsebeskrivelse her indføres ordlydende. Overværrende som Vidner for de i Dag opgaaede Grændser Danjel Søbøsen og Niels Hollen. Til det anførte Oiemeds Opnaelse begav man
Start for grensebeskrivinga	sig da til Gaardens indengjerdets Grændse paa den søndre Kant, hvor der i Espevighammeren ved Søen i Espevigen blev hugget første Hovedmærke ⊕ mod Gaarden Krogeide, hvorfra Grændselinien
Eksempler på standard grensemerker	mod sidstnævnte Gaard løber omtrent Nordnordost til Espevigdalen, hvor der i en stor Steen blev hugget et +, samt derfra i bemeldte Retning til Halsen, hvor der i en Bjergnakke blev hugget et Bøiningsmærke Y fra hvilket Linien bøier omtrent mod Nord til Hammeren, hvor et + anbragtes, derfra i samme Retning til nordre Stuurhalsen, hvor et Bøiningsmærke Y blev hugget fra dette bøier Linien omtrent mod nordnordost til Hedsalselven, hvor et Hovedmærke ⊕ blev anbragt, hvilket er Endepunktet mod Krogeide og hvor Gaarden Rød tilstøder. Herfra gaaer Grændsen mod Rød omtrent i Nordost efter Elven til Storemyren under Stølfjeldet, hvor der i en stor Steen Vest i Myren blev hugget et + fra hvilket Linien gaaer i samme Retning til Hedsalsbotn opover Hedsalsrinden

Figur 22 Utklipp av transkribert grensegangsförretning på Nordvik. (Tinglysingsmateriale, u.å.-k)

Forretninga tek vidare for seg resten av grensene rundt Nordvik. Dette er i utgangspunktet skildringar som skal kunne vere mogleg å rekonstruere grensene utifrå, men som vi kan lese allereie av starten av grenseskildringa i forretninga står denne fram for oss i dag som noko vag. Retningane til grensene vert oppgjeve med enkle himmelretningar som «nord», «nordost» eller «nordnordost», og avstandar er gitt ved å referere til naturlege punkt som «en Bergnakke» eller til «Hesdalselven». Å nytte denne skildringa som referanse for å attskape grensa legg til grunn at ein har god lokalkunnskap.

For å runde av forretningane forklarar Jersin dei ulike grensemerkene som er nytta, dette er også ei formulering som dei andre oppmålingsmenna nyttar og den er som følger:

Med Hensyn til Mærkernes Beskaffenhed  
erfares, at Hovedmærket er en Cirkel ⊕ hvori Korset viser de fire  
Hovedlinier efter Compas, samt med en Arm fra Cirkelen for hver  
Grændselinie som derfra udspringer. De øvrige Mærker derimod ere  
Kors deels bñiede √ deels lige + med 2 lange og 2 korte Arme,  
af hvilke de sidstnævnte Æltid vise Grændseliniens Retning. Saa-  
ledes ere samtlige ovennævnte Gaards Grændser opgaaede, vedtagne  
og rigtigen beskrevne, hvilket bekræftes med vore Hænders Underkrift.

Figur 23 Grensemerkeforklaring frå transkribert grensegangforretninga på Nordvik. (Tinglysingsmateriale, u.å.-j)

Korleis grensemerkene er utforma på Nordvik har vi ikkje sett med egne auge, malen verka forståeleg nok men for å skjønne korleis bøyingsmerkene går må vi ut i felt og sjå på kvart enkelt av dei opp mot himmelretningane. I figuren under viser vi derimot eit døme på eit hovudmerke frå ei anna grensegangforretning frå 1835, over Førde, knr. 4626, gnr. 111, i Øygarden kommune.



Figur 24 Grensemerke/hovudmerke frå Førde i Øygarden.  
Foto: J.E.Førde

Det vi heller ikkje får noko svar på frå desse grensegangsforretningane frå 1830-40 talet er dei interne eigarforholda på gardane utover kor mange leigendingar som fanst på garden. Ynskjer vi å få konkretisert denne eigedomsretten internt må vi eit steg vidare i kjeldematerialet.

#### 4.5.1.3 Grenser mellom bruk

Blant det transkriberte utskiftingsmaterialet i Utskiftingsprotokollen for Lyseklostergodset 1834-1846 fant vi i tillegg ei *Delings- og Skyldsætningsforretning* på Nordvigen frå 1846 (*Tinglysingsmateriale*, u.å.-k, s. folio 111). Sidan dette ikkje er ei vanleg utskifting eller grensegangsforretning skil den seg frå dei fleste andre utskiftingar vi såg på under Lyseklostergodset frå denne perioden. Dei alle fleste forretningane vi fant i Jordskifteprotokollen til godset tok kun for seg *yttergrensene* til heile eigedomen. Frå denne deling- og skyldsettingsforretninga får vi først og fremst vite at på dette tidspunkt er seks tilhøyrande bruk på garden og korleis inndelinga mellom desse i påfølgjande tid skal vere, det er her oppgitt fem namn samt eit østre-bruk. Desse namna er Hans Hansen, Vincens Paulsen, Ole Johnsen, Niels Mikkelsen og Aamund Mikkelsen. I deling- og skyldsettingsforretninga frå 1846 vert grensene og plasseringa til kvart av bruka beskrive kvar for seg. Denne skildringa vil vi etterpå nytte for å forsøke kartfeste avriss over Nordvik. Tabellen under viser nokre av beskriving av plasseringa av bruka frå 1846-forretninga:


Bruk og brukarar	Skildring av plassering av bruk
Østre bruk	«Bestaar af samtlige Volde og Strækninger østen for Storelven til Bøggjerdet[...]»
Vincens	«strækker sig fra Storelven mod Vest, efter nedsatte Steener mellem Nils Mikkelsens Brug paa den nordre Side hen til Gangeveien, og hvor Nils Mikkelsens Brug slutter, og Hans Hansens Brug tilstøder, fortsættes derifra mod Syd efter Gangveien, hen til et Piletræ i Nærheden af Husene[...] Dette Brug er for øvrigt begrændset af Søen og Storelven»
Ole Johnsen	« tillægges Strækningen vesten for sidsnævnte Brugs større Engstykke, der paa Sørsidan er begrændset af Søen, paa Vestsidan af Bøggjerdet, hen til en Bjerghaug, hvor Hans Hansens Brug tilstøder[...]»
Hans Hansen	«tillægges Strækningen nordenfor den her sidst Grændse, hen til Bøggjerdet, lige til en stor Steenrøs, hvor Amunds Brug tilstøder, horfra Grændsen fortættes mod Sydost efter flere nedsatte Steener hen til en Gangevei hvor Amunds Brug slutter og Niels Mikkelsens Brug tilstøder[...]»
Amund	«tillægges Strækningen østen for Hans Hansens Brug, fra Steenrøsen, hen til Gangveien hvor Hans Hansen Brug slutter og Niels Mikkelsens Brug tilstøder[...]»
Nils Mikkelsen	«tillægges den tiloversblevne Strækning af Indmarken, der paa Østsiden er begrændset af Bøggjærdet, nord-vestre Side af Amunds Brug, sydvestre Side af Hans Hansens Brug, søndre og sydøstre Side af Vincens Brug og Storelven[...]»

Tabell 4 Plassering av bruk på Nordvik ifølge delings- og skyldsetningsforretning 1846

På 1850-talet vart det utarbeida fleire skisser for eigedomsstrukturane på gardane tilhøyrande Lyseklostergodset. Desse avrissa er oppbevart på SAB og kan vere med å illustrere korleis desse skildringane frå delingsforretninga kan bli stadfesta. Myking (Myking, 2022, s. 278–279) tek for seg Nordvik som eit døme i artikkelen sin. Her skriv han at Nordvik har ei interessant utskiftingshistorie, med mykje delingsforretningar, endringar og informasjon knytt til forholda mellom dei ulike bruka. Vi går ikkje like i djupna som han, men ynskjer likevel å vise eit døme på eit avriss som kan illustrere delingsforretninga vi har tilgjengeleg frå 1846.

Eit av avrissa vi har funne over Nordvik er frå 6.juni 1851. Namna skrive på skissa stemmer ikkje

overens med namna frå grenseforretninga og delingsforretninga vi såg på, men vi finn igjen «Storelva» og kan sjå på bruksinndelinga samtidig som vi les grenseskildringa mellom dei ulike bruka frå 1846. På denne måten kan vi plassere dei nemnte bruka frå delingsforretninga frå 1846 i forhold til kvarandre på denne måten.



Figur 25 Forsøk på plassering av bruk under Nordvik med referanse i delingsforretning frå 1846 og avriss frå 1851. Foto: privat.

Dei interne eigedomsforholda på garden kan fortelje oss noko om eigedomsstrukturen på slike gardar. Dei illustrerer det særigne med eigarskap og leigendingssystemet som var i Noreg fram til leigendingssystemet forsvann fram mot 1900-talet.

Vi kan nytte bakgrunnskart frå i dag som omtrentleg referanse for å prøve å plassere den eldre bruksinndelinga frå avrisset. Det er først og fremst elva vi kan nytte som referanse, vi får då dette resultatet som er vist i figuren under:




Figur 26 Illustrasjon over plassering av avriss omtrentleg plassert til dagens kart, med Storelva som referanse. Utklipp frå norgeskart.no.

Det er med andre ord ikkje nøyaktig informasjon å hente i desse avrissa knytt til geografisk stadfesting. Dette fører oss vidare til dei meir moderne utskiftingane på Nordvik.

#### 4.5.1.4 Nyare utskiftingar med kart

Myking skriv at første gang det vert gjennomført utskifting som faktisk vart kalla for utskiftningsforretning på Nordvik var utskifting av skogen mellom brukarane i 1861 (Myking, 2022, s. 281). Denne vart utført etter utskiftingslova av 1857 og gjev oss med dette moglegheit for å finne detaljerte kart tilhøyrande utskiftingane. Den mest nøyaktige løysinga for kartfesting av eigedomsareal ut frå utskiftingsmateriell er å finne utskiftingskart som vi kan georeferere. Dette betyr at vi tar digitale versjonar av desse karta inn i eit behandlingsprogram for geografiske informasjonssystem og manuelt refererar desse til dagens kart for å illustrere utskiftingskartet opp mot dagens kart. For å best vise dette må ein sørge for at det eldre utskiftingskartet er nok transparent til at vi kan samanlikne det med dagens kart. Tilgangen på utskiftingskart får vi først og fremst gjennom domstolane sitt digitale arkiv for jordskiftesaker, wc-arkiv (*Søk i arkivet til jordskifterettene*; u.å.), der ein kan få tilsendt digitale versjonar av kart ved å leite opp riktig kommune og gardsnummer. Det er ikkje alle kart som er å finne her.

Det beste utskiftingskartet vi finn over Nordvik, er to kartsider frå 1938 som tar for seg utskifting på utmarka til eigedomen (*Info om jordskiftesak 1280-1935-0005*, u.å.). Skissene vi tok for oss over er *innmark*, men om vi georefererer dei to utmarkskarta kan vi i det minste få eit godt bilde på kvar grensa til innmarka gjekk (referert til som bøgjerdet i dei tidlegare forretningane vi har sett på). I grunnboka til Nordvik, knr. 4601, gnr.92, bnr.1, står det òg at det vil ha vore både ei utskifting og ei overutskifting i 1950. Kart frå desse har vi heller ikkje tilgang på. Under ser vi georefererte versjonar av utmarkskarta frå 1937.



Figur 27 Georefererte utmarkskart frå 1937 over Nordvik. Illustrasjon laga med ArcGIS-Pro.



I desse karta er ikkje grensene i innmarka vist, men vi ser grensa mellom utmark og innmark. I figuren under forstørrar vi kartet i området der innmarka skal ligge for tydelegare å vise denne grensa mellom innmark og utmark. Deler av denne grensa er markert i gult.



Figur 28 Georeferert utmarkskart som syner grenselinje mellom innmark og utmark på Nordvik. Illustrasjon laga med ArcGIS-Pro.

Dømet med Nordvik over viser noko av informasjonen vi får frå eldre utskiftingar og grenseskildring der. Som vi ser er det avgrensa kor mykje informasjon vi klarer å få frå desse døma med Nordvik med tanke på detaljert kartfesting. Men metoden med å bruke moderne verktøy som ArcGIS-Pro til å georeferere eldre kart vil i andre tilfelle med betre kjeldegrunnlag gje oss endå betre forutsetningar for å kunne kartfeste arealet på ein nøyaktig måte.

I punkt 5.1.1 skal vi sjå på eit liknande døme med Holmefjord Nordre, der avriss og utskiftingskart kan vere ekstra informative på dei gardane der Lysekloster ikkje eig heile garden men kun enkelte bruk.

#### 4.5.2 Kartlegging av areal ved hjelp av bruksnummer

Å kartfeste Lyseklostergodset si utstrekning ved hjelp av utskiftingar er utfordrande fordi det er lite tilgjengeleg kjeldemateriale og kart, det er tidkrevjande å implementere det i GIS-verktøy og kan ikkje koplast direkte mot matrikkelkartet (jf. punkt 4.4). Det vil vere meir formålstenleg å kunne bruke matrikkelkartet som grunnlag for kartfesting. Matrikelnummera gir oss moglegheit til å

kartfeste på bruksnummernivå, men for å gjere det må vi først kartlegge kva bruksnummer i dagens matrikkel som stammar frå Lyseklostergodset.

I oversiktstabellen har vi kartlagt alle gardsnummer som låg under Lyseklostergodset. I 1855-matrikkelene stod gardane oppført med gards- og løpenummer, men matrikkelen fortel oss ikkje om alle bruks-/løpenummer låg under Lyseklostergodset eller om det var ein form for deling mellom eigarar/jurisdiksjonar.


Nokre gardsnummer stod oppført med alle løpenummera som Lyseklostergods, nokre var dels Lyseklostergods og delvis lenet sitt gods medan andre igjen ikkje var ført opp som Lyseklostergods i det heile teke. Gardane blei koda med verdiane 0, 1 og 2 for å skilje dei ulike tilfella. Tabellen under viser kor mange gardar vi fann i dei tre kategoriane. Dei gardane som ikkje er oppgitt i 1855-matrikkelen fekk koden 3, dette er dei som ligg i Rogaland og Sogn og Fjordane.

Kode	Betydning	Sum gardar
0	Ikkje alle løpenummer under Lyseklostergodset og tilhøyrande tinglag	10
1	Alle løpenummer under Lyseklostergodset og tilhøyrande tinglag	147
2	Ført som Nordhordland Tinglag <sup>37</sup>	44
3	Ikkje innført i 1855-matrikkelen	37

Tabell 5 Tabell som viser koding av innføringar for Lyseklostergodset i 1855-matrikkelen

For å kartlegge kva bruksnummer som hørte til Lyseklostergodset for gardane med verdi 0, 2 og 3 vil vi måtte gå manuelt gjennom alle bruka. For å systematisere dette blei det oppretta ein eigen tabell, sjå vedlegg 2, med det formål å få ei eiga kolonne som skulle fortelje om bruksnummera stamma frå Lyseklostergodset eller ikkje.

For å kunne avgjere om eit bruk som manglar grunndata<sup>38</sup> hørte til Lyseklostergodset eller ikkje, var det først nødvendig og å slå fast om hovudbruket/moderbruket stamma frå Lyseklostergodset. Det var mogleg å avdekke dette ved å gå inn i panteregistera for kvar enkelt bruk. Her såg vi berre etter om det blei skøyta over frå Formann eller Nagell, og vi slo fast at alle bruk som kunne knytast til desse namna stamma frå Lyseklostergodset. Eit døme på ei slik innføring er vist i figuren under, der vi ser «Nagells arvinger» midt i figuren.



Figur 29 Innføring i panteregisteret for Sakstad nedre som viser at denne garden har vore eigd av Nagell. Utklipp frå Digitalarkivet. (Tinglysningsmateriale, u.å.-m)

Når opprinnelsen til hovudbruka var slått fast, var det mogleg å gå vidare gjennom den elektroniske grunnboka for å sjå kva bruk som var blitt skilt ut i ettertid. For å få tilgang til den elektroniske grunnboka går vi via søk etter matrikelnummeret på [www.seeiendom.no](http://www.seeiendom.no), og logger inn med Bank-

<sup>37</sup> I punkt 5.4.3 vil vi vise at gardar innført som Nordhordland tinglag er gardar under Lyseklostergodset

<sup>38</sup> Grunndata er innføringar i grunnboka som fortel om endringar som har skjedd med grunnen, arealet, til ein eigedom (*Grunnboksutskrift*, 2020).

ID for å få lasta ned grunnboksbladet for kvart enkelt bruksnummer. Grunndata som er å finne i den elektroniske grunnboka blei gjennomgått for kvart bruksnummer og relevant informasjon blei lagt inn i tabellen. Denne relevante informasjonen kan vi sjå frå figuren under. Den viser eit eksempel på korleis informasjonen blei ført i tabellen med kommunenummer (C), gardsnummer (D), bruksnummer (E), kva bruk det er skilt ut frå (G), kva årstal det er skilt ut (H), om garden stammar frå Lysekloster (I), om dei er slått saman med andre gards- eller bruksnummer (J), årstal for samanslåing (K), eventuelle kommentarar (L) og til slutt kolonne «Lysekloster» (M) som blei koda med 0 for dei som ikkje stammar frå Lyseklostergodset, 1 for bruk som stammar frå godset, 2 for bruk som delvis stammar frå Lyseklostergodset og 3 for bruk der det er usikkert om dei er knytt til Lyseklostergodset. Gule fargetonar indikerer at bruksnummera stammar frå Lyseklostergodset, medan rosa fargetonar indikerer bruksnummer med blanda opphav eller usikkert opphav. Denne fargekodinga blei brukt internt for lettare å skilje dei ulike kategoriane frå kvarandre undervegs i kartleggingsprosessen.

C	D	E	F	G	H	I	J	K	L	M
Knr	Gnr	Bnr	Fnr	Utskilt fra	Årstall	Opprinnelig LK	Sammenslått	Årstal	Kommentar	Lysekloster
4601	273	1			0	1				1
4601	273	2			0				Grensejustering(2009)	0
4601	273	3			0	1				1
4601	273	4			0					0
4601	273	5			0	1				1
4601	273	6			0	1				1
4601	273	7		5	1918					1
4601	273	8		4	1934					0
4601	273	9		3	1947					1
4601	273	10		3	1947					1
4601	273	11		5	1950					1
4601	273	12		1	1960					1
4601	273	13		6	1960					1
4601	273	14		6	1965					1
4601	273	15		1	1967					1
4601	273	16		1,2	1971				Utskilt fra flere bruksnummer	2
4601	273	17		7	1977					1
4601	273	18		5	1982					1
4601	273	19		6	1982					1
4601	273	20		4	2006					0
4601	273	21		2,3	2009				Utskilt fra Flere	2
4601	273	22							Finner ingen informasjon som indikerer at dette bruksnummer har eksistert	
4601	273	23							Finner ingen informasjon som indikerer at dette bruksnummer har eksistert	
4601	273	24							ikke tinglyst (veg)	3

Figur 30 Utdrag frå tabell av kartlegging av bruksnummer. Utklipp frå Excel

I denne tabellen har vi avgrensa datamaterialet til å berre sjå på 18 av dei 54<sup>39</sup> gardane der vi ut frå undersøkinga antok at ikkje alle løpenummer oppgitt i matrikkelen frå 1855 stamma frå Lyseklostergodset. Desse gardsnummera har i dag til saman 953 bruksnummer. Heile eller delar av arealet til desse 953 bruka kan stamme frå Lyseklostergodset.

Dersom formålet med kartlegging og påfølgande kartfesting er å vise Lyseklostergodset sitt areal vil det vere nødvendig å undersøke alle arealendingar som har skjedd frå ein eigedom blei selt fram til d.d. At 18 gardsnummer har blitt til 953 bruksnummer syner det omfattande arbeidet med å kartlegge kvart enkelt bruksnummer manuelt for å finne tilbake til det opphavlege arealet desse stamma frå. Korleis denne måten å kartlegge arealet til eigedomsgods kan vere missleiande/mangelfull kjem i punkt 5.5.

<sup>39</sup> 82 av dei 238 Lyseklostergardane

## 5 Resultat og drøfting av funn

Med utgangspunkt i første del av problemstillinga vår «*Kva vil det seie at ein eigedom var eigd av Lyseklostergodset?*» vil vi starte med å vise korleis vi har arbeida med fleire hypoteser knytt til korleis rettar og eigarskap kan henge saman. Definisjonen vi kjem fram til i drøftinga om kva som kan reknast som ein Lyseklostereigedom er avgjerande for kor breidt vi kan gå ut for å kartlegge eigedomsmassane som heilheit.

I kapittel 4 har vi vist korleis vi kan nytte ulike kjelder for å kartlegge Lyseklostergodset. Det er med bakgrunn i desse kjeldene vi kan forsvare våre metodiske val. Undervegs i arbeidet har vi støtt på utfordringar og særtilfelle som har gjort arbeidet med kartlegginga meir utfordrande. Den påfølgande delen av kapittelet vil vise slike spesielle dømer og drøfte korleis dette kan gjere eigedomskartlegging innfløkt. Vi illustrerer utfordringane våre ved å sette funna våre opp mot primærkjeldene, sekundærkjeldene, realregistra og matriklane vi har støtta oss på undervegs i kartlegginga.

Etter gjennomgang av dømer frå kjeldematerialet vil vi drøfte framgangsmåtane vi presenterte i kapittel 4. I kapittel 6 vil vi drøfte vårt eige arbeid med omsyn på å belyse eventuelle fallgruver, manglar og feil ved måten vi har gått fram på. Dette sett i samanheng med kjeldegrunnlaget vårt er avgjerande for å kunne svare på den andre problemstillinga vår «*Kan vi med bakgrunn i kjelder frå Lyseklostergodset finne ein formålstenleg metode for kartlegging og kartfesting av norske eigedomsgods?*».

### 5.1 Drøfting om eigedomssomgrepet for Lyseklostergodset


I undersøkinga vår har vi støytt på problem når det kjem til korleis vi skal forstå eigedomssomgrepet sett i høve til korleis dei ulike kjeldene har framstilt eigarskap. Vi starta innleiingsvis i teoridelen med å ta for oss korleis *fast eigedom* og *eigedomssrett* vert forstått i dag. Dette er definisjonar som kjem til kort, eller ikkje er samanfallande, med slik det var i tidlegare tider.

Då SAB laga si oversikt over Lyseklostergodset i 1981 tok dei som tidlegare nemnd utgangspunkt i 1838-matrikkelen og dei gardane som var oppført som Lyseklostergods i den. Etter kvart i arbeidet verka dette noko underleg for oss, ettersom vi avdekka at fleire enn desse 163 gardane var knytt til Lyseklostergodset. Vi måtte difor finne ut kvifor det var akkurat dette snevre utvalet av gardar som var lista i 1838. Det viste seg vanskeleg å finne ut av kva som var kriteria for at gardane vart nemnde som Lyseklostergardar. Det stod ikkje noko om det i SAB si oversikt og forsøk på å finne informasjon på nett viste seg å vere fåfengte. Løysinga fann vi i oppebørrelbøkene som ligg lagra på SAB. Vi valte å bruke den av bøkene som går frå 1804 til 1814. Det denne boka gav oss var ei oversikt over kor gardane hadde betalt skatten sin. Vi la dette inn i oversiktstabellen og gav eigedomane ein kode basert på dette. Vi koda då med: ikkje oppført (0); skatt til Lysekloster (1); skatt til lenet (2); skatt til Rosendal (3) og oppført, men ingenting bokført (4). Tabell under viser fordelinga mellom dei 5 ulike kategoriane.

Innføringar oppebørselbok 1804 - 1814	Sum innføringar
Ikkje oppført	39
Betaler skatt til lenet	30
Betaler skatt til Lyseklostergodset	162
Betaler skatt til Rosendal-baroniet	2
Oppført, men ingenting bokført.	4

Tabell 6 Korleis eigedommane fordeler seg i oppebørselboka for 1804-1814

Kartet under viser eigedommane sin geografiske utstrekning basert på dagens matrikkel. I dette kartet er det berre vist dei gardane som hadde innføringar i oppebørselboka.



Figur 31 Visualisering av fordeling av skatteinnbetaling. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.

I figuren over er alle gardar som betalte skatt til Lyseklostergodset markert med grønt. Desse gardane er 100%<sup>40</sup> samanfallande med dei som SAB og 1838-matrikkelen gir oss å vere Lyseklostergardar og vi slår med dette fast at det er kor gardane betaler skatten som er grunnlaget til 1838-matrikkelen. Vi tar difor utgangspunkt i oppebørselsboka i dei vidare analysene i dette underkapittelet.


Det var staten som var interessert i skattlegginga, og dei gardane som dukkar opp i SAB vil vere basert på desse interessene til staten. Vår undersøking viser derimot at det finnes fleire gardar. Vi

<sup>40</sup> Det er her eit unntak, Mobergslien. For utgreiing om denne sjå 5.2.1.

ville difor finne ut om det finnes andre fellesnemnarar som kan definere om Lyseklostergodset hadde eigarskap utover dei gardane som skatta direkte til godset.


Vi vil sjå om vi finn fellesnemnarar for alle gardane som ikkje betaler skatten til Lyseklostergodset, og om desse skil seg frå dei gardane som vert oppgitt til å betale skatten sin til Lyseklostergodset. Dette for å sjå om vi finn samanhengar mellom andre type rettar godset kunne ha på ein gard og innbetaling av skatt. Sidan det var fleire eigedomar i Hardanger som skatta til lenet enn i andre områder, har vi i nokre av dei kommande analysane valt å sjå på berre dette området for å betre visualisere ulike funn.

Vi valte først å sjå nærare på om Lyseklostergodset hadde bygsel til gardane i 1647, då vi frå teorien veit at det var denne som ofte gjekk over til å bli eigedomsrett, sjå punkt 2.4.2. Vi har i oversiktstabellen koda inn informasjon om bygsel i fem ulike kategoriar basert på grad av bygslingsrett: Lyseklostergodset har full bygsel (0), godset har delvis bygsel (1), godset har ikkje bygsel (2), godset er ikkje oppgitt som eigar (3) og uviss (4). Uviss (4) kan bety at det ikkje er mogleg å skilje mellom ulike delar av ein namnegard, eller at garden ikkje er å finne i matrikkelen.




Figur 32 Kart over kva bygselsrett Lyseklostergodset hadde for dei ulike gardane i Hordaland. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.

Av dei 30 gardane som svarar skatt til lenet er full-, delvis- og utan bygsel nokon lunde jamt fordelt, med ca. 1/3 for kvar kategori. Figuren under viser korleis kor desse gardane var plassert.



Figur 33 Illustrasjon av bygsel for gardar som svara skatt til lenet. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.



Figur 34 Illustrasjon av bygsel for gardar som svara skatt til Lysekloster. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.

Korleis bygselsretten fordelte seg for dei 162 gardane som skatta til Lyseklostergodset er vist i figuren over.


Fordelinga for korleis bygsla var i 1647 for gardar som skattar til lenet og til godset er vist i tabellen under. I tillegg viser den kor stor prosentvis del kvar av dei ulike gradene hadde av bygselsrett hadde.

Bygselsrett	Skattar til lenet	% fordeling	Skattar til Lyseklostergodset	% fordeling
Full bygsel	9	30	116	72
Delt bygsel	10	33	9	7
Utan bygsel	8	27	6	4
Uvisst/utan innf.	3	10	31	19
Sum	30	100	162	100

Tabell 7 Dei ulike kategoriane av bygselsrett og prosentvisfordeling av desse for høvesvis gardar som skatta til lenet og Lyseklostergodset

Sjølv om det er ein forskjell mellom gardane som skattar til lenet og dei som skattar til godset er det ikkje nok til å forklare kvifor det er forskjell på kvar dei ulike gardane betaler skatten sin. Vi kan heller ikkje sei at det er ein definitiv samanheng mellom ulik grad av bygselsrett og kor skatten blir betalt, vi kan med dette ikkje slå fast at bygselsrett er samanfallede med eigedomsretten.

Etter å ha sett grundigare gjennom panteregistera oppdaga vi at det var ting vi ikkje tidlegare hadde merka oss. Vi utvidar difor undersøkinga. Det vi oppdaga var at det i panteregisteret kan stå at «Ole Olsen» har fått skøyte frå anten Formann eller Nagell, men at det «Ole» har kjøpt ikkje er ein eigedom, men heller ein av dei ulike typane av avgifter vi har vist til i teorien i punkt 2.4.3. Eit døme på dette er vist i figuren under. Den viser innføring for Bleie indre, knr. 4618, gnr. 150, bnr. 3, der det kan lesast at tilsynsvergen i Enkefru Nagells bu skøyter over laus landskyld.




Figur 35 Innføring i panteregisteret som viser sal av laus landskyld. Utklipp frå Digitalarkivet (Tinglysingsmateriale, u.å.-b)

Det var då naturleg å gå vidare og undersøke samlege pantebøker for å sjå om det var eit mønster å finne knytt til om det var fysisk eigedom eller rettar som skifta eigarar når gardane gjekk ut av Lyseklostergodset.

Under følger eit kart som i grove trekk viser kvar det vart seld eigedomsareal og kvar det vart seld rettigheter.






Figur 36 Illustrasjon av kva panteregistera fortel blei selt. Eigenproduisert kart laga i ArcGIS-Pro.

Det vi ser ut frå figuren over, er at gule eigedommar er slike som det ut frå panteregisteret kan lesast at det er seld ut som rettar, ikkje areal. For dei mørkegrøne eigedommane er det i panteregistera spesifisert at det er snakk om sjølve eigdommen<sup>41</sup>. Til sist har vi dei blå, dette er eigedommar kor salet har skjedd så langt tilbake i tid at vi ikkje har funne innføringar i panteregisteret som kan fortelje sikkert om det dreier seg om areal eller rettar. Det er og tydeleg at det er i Hardanger-området det er blitt selt rettar heller enn eigedommar, difor vel vi å fokusere på dette området i dei følgande karta. Utover dette finn vi ingen openberre tendensar.

Sidan vi ikkje fant samanheng mellom bygslingsretten og kvar skatten vart betalt, ville vi heller samanlikne om det vart selt/løyst eigedomar eller rettar når garden gjekk ut av Lyseklostergodset med kvar skatten vart betalt ifølge oppebørselsboka. Under ser vi ei samanlikning av desse to kategoriane.


<sup>41</sup> Dei ulike sorenskrivarane skriv ulikt, det står difor i nokre panteregister «bruk/brug» og i andre «eigedom». For nokre kan vi og finne at det står «litre xx».



Figur 37 Samanlikning av kor skatten blei betalt og kva som blei selt. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.

Det som kan sjåast ut frå figuren over er at det heller ikkje her er nokon klar samanheng mellom kor skatten blir betalt og om det er selt rettar eller areal, då både sal av rettar og areal førekjem for eigedommar som skattar til lenet og til Lyseklostergodset. Her får vi og illustrert endå eit moment som vanskeleggjer å finne ein god definisjon av eigedomsrett: Nedst i dei to utklippa har vi ein eigedom som har fått grøen farge i venstre kart, den betaler altså skatten sin til godset, medan den i høgre kart er blå, altså er det ukjent om det er selt areal eller rettar. Dette er Hildal, knr. 4618, gnr. 48. Frå bygdeboka blir vi fortalt at eigdommen blei innløyst i 1702 (Kolltveit, 1967, s. 487), men den betaler altså skatten sin til Lysklostergodset 130 år seinare.

Etter dette valte vi å sjå på om det var samanfall mellom der det var selt rettar og fordelinga mellom Formann og Nagell. Hypotesa som ligg til grunn for at vi ønskte å samanlikne desse to var å sjå om det var Formann eller Nagell som etter arveskiftet i 1819 fekk flest gardar med eigarskap til areal heller enn rettar. Denne samanlikninga vert vist i figuren under.



Figur 38 Samanlikning av kva som blir selt og om det var frå Formann eller Nagell. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.

Figuren over viser at det er eit visst samanfall mellom der det blei selt rettar og dei gardane som var Nagell-eigd etter 1819, men det er ikkje nok til å sette noko likskapsteikk mellom desse to kategoriane.

### 5.1.1 Døme på ulike eigarforhold på Holmefjord Nordre

I metodekapittelet viste vi eit døme frå Nordvik på korleis grenseforretningar og utskiftingsmaterialet kan bidra til å illustrere å vise den geografiske utstrekninga til gardane og dei avgrensingane denne måten å kartfeste medfører seg. Dette var eit døme der Lyseklostergodset sto som eigar av heile garden. Her skal vi derimot sjå på korleis dokumentasjon knytt til arealendringar kan hjelpe oss å nyansere eigarforholda der kun deler av den høyrte til godset. Dømet vi skal ta for oss her er Holmefjord Nordre og vise korleis eigarforholda internt på gardar kunne vere delt mellom leigendingar og sjølveigarar.

Som vist innleiingsvis i punkt 5.1 er oversikta til SAB basert på kvar gardane betalte skatten sin. Holmefjord Nordre er som vi såg i punkt 4.3 eit døme på at det internt på garden er ulikt kva for bruk som skattar til Lyseklostergodset og kven som skatta til lenet.

På same måte som med Nordvik får Holmefjord Nordre yttergrensene sine gått opp på 1830-talet, nærare bestemt i 1836. Innleiingsvis i grensegangsfretninga står det at den skal «beskrive denne Gaardeparts ydre Grændser på alle Sider» (*Tinglysingsmateriale*, u.å.-I). Nøkkelordet som her viser at det er fleire eigarar på denne garden er «Gaardepart», til skilnad frå dei forretningane der ein

skal beskrive «gaardens» ytre grenser. I tillegg vert vi introdusert for ei rekke ulike eigarforhold. Under vises eit utklipp over kven som står oppført som å møte på forretninga.


Lensmand H Synnestvedt, Leilendingen paa bemeldte Gaard Niels Vinsiansen, Selveierne paa den övrige Andel i bemeldte Gaard, John Engelsen og Hans Hansen, Selveiere paa Gaarden Tvedt, Hans Andersen og Ole Johannesen, Selveiere paa Gaarden Vafit Fridrich Hansen og Engel Vinsiansen, Selveiere paa Gaarden Tösse Rasmus Knudtsen, Knudt Rasmusen, Hans Knudtsen og Anders Larsen, Selveiere paa Gaarden Söre Holmefjord Anders Johannesen/Hans Olsen og Niels Isachsen.-

Figur 39 Markert i gult ser vi namna leiglendingen tilknytt Lyseklostergodset og sjølveigarane på Holmefjord Nordre. Foto: privat. (Skanna materiale, u.å.-a)

Det som er interessant her er at vi av denne kan vi lese at Niels Vinsiansen er *leiglending* på Holmefjord Nordre, samtidig får vi oppgitt at John Engelsen og Hans Hansen er *selveiere* på den andre delen av Holmefjord Nordre. Videre får vi namngitt sjølveigarane på dei kringliggande gardane. Det er difor i dette området eit særtilfelle at Lyseklostergodset framleis har leiglending når dei kringliggande eigedomane har gått over til bondesjølveige. Som vi såg på under teoridelen var 1800-talet enden på leiglendingsvesenet og representerte overgangen til bondesjølveige. Frå grensegangsforretninga ser vi at mange i området rundt Holmefjord Nordre allereie er godt etablert som sjølveigarar i 1836, men at eigarforholda på den delen tilhøyrande Lyseklostergodset framleis er prega av dei eldre eigarstrukturane med jordeigar og leiglending.

Då vi tok for oss Nordvik som døme for kartlegging ved hjelp av utskiftingar viste vi til korleis Lyseklostergodset har teikna avriss i samband med utskiftingar og grense- og bruksendringar på 1850-talet for å vise forholda internt på enkelte gardar. Desse skissene finn vi i Lyseklostermaterialen tilgjengeleg på SAB. Desse er ein forgjengar til meir detaljerte utskiftingskart etter ny utskiftingslov av 1857. For Nordvik gav skissene oss eit innsyn i korleis gardar eigd av Lyseklostergodset vart drifta av leiglendingane på kvart av bruka. Når vi ser på eit slik tilsvarende avriss over Holmefjord Nordre frå 1852 får vi i tillegg innsyn i at ikkje alle bruka på garden skatta til Lyseklostergodset. Dette heng saman med det vi kunne lese av grensegangsforretninga frå 1836, der det kun var eine delen av Holmefjord Nordre som skulle bli gått opp yttergrensene til, medan det andre bruket på same gard var sjølveige og difor ikkje eigd av Lyseklostergodset.

Avrisset vist under er noko svakt. Markert med rødt kan vi lese at det på kartet står oppført «De 2 andre under Lehnets beliggende Brug af Nordre Holmefjord». Dette tolkar vi til å bety at i dette området er det andre bruk som ikkje er interessante for Lyseklostergodset. Grensene mellom desse to bruka er difor ikkje oppgitt, sidan dei kun vert referert til som å ligge under lenet, som betyr at desse skattar til lenet.



Figur 40 Avriss frå 1852 over Holmefjord Nordre som refererer til "De 2 andre under Lehnets beliggende Brug af Nordre Holmefjord". Foto: privat.

Under ser vi eit anna utklipp av eit avriss over eigarforholda på Holmefjord Nordre. Området vi ser nærmare på ligg i same området som øvste, høgre hjørnet av avrisset over. Her ser vi endå tydlegare korleis dei ulike bruka på Holmefjord Nordre hadde blanding av både leigendingar knytt til Lyseklostergodset og sjølveigar som ikkje var knytt til godset. Markert i blått står det skrive «Leilæningsbruket i Nordre Holmefjord» medan det i rødt står skrive «Selveierbrugene i Nordre Holmefjord».



Figur 41 Avriss fordeling mellom leigending og sjølveige på Holmefjord Nordre. Foto: privat.

### 5.1.2 Vår definisjon av eigedomsgrepet

Vi kunne sjølvsagt valt å samanlikne andre moment på bakgrunn av kjeldematerialet, men sidan dette ville blitt ein omfattande prosess som ikkje nødvendigvis ville gitt eit klarare svar enn det analysane over kan gi, valte vi å avgrense drøftinga rundt dette. Etter å ha gått gjennom og analysert kjeldematerialet står vi igjen med følgande konklusjon om kva det vil sei at eigdommar var eigd av Lyseklostergodset:

Det er ingen klar fellesnemnar ut frå dei momenta vi har samanlikna som kan definerer eigedom retten. Vi vil difor vidare i drøftinga ha som utgangspunkt at alle eigdommar vi finn knytt til Lyseklostergodset har vore eigd av Lyseklostergodset.

## 5.2 Problem med smalt kjeldemateriale

Vi har i innleiinga fortalt at det er blitt gjort kartleggingar av Lyseklostergodset sine eigdommar tidlegare. Det dreiar seg her om ei masteroppgåve og ei ein pamflett skriven i anledning 800-års jubileet for grunnlegging av klosteret. Begge desse skil seg ut frå vår undersøking då dei berre har tatt utgangspunkt i eit enkelt historisk dokument, og ikkje har brukt andre kjelder for å validere funna sine. I dette delkapittelet vil vi ta for oss kvifor det er problematisk å berre bruke ei kjelde under kartlegging. Dette for å vise at vår metode med å kryssreferere mellom ulike kjelder frå ulike tidspunkt er med på avsløre feil og manglar.

Vi tek først ein kort presentasjon av arbeida til Nils Tveit og Anja Hysvær Langgåt<sup>42</sup> før vi går vidare til å drøfte spesifikke problemstillingar ved dei. Nokre av utfordringane med snevert kjeldemateriale er felles for begge forfattarane medan nokre gjeld ein av dei spesielt.

### 5.2.1 Nils Tveit: «Lysekloster gjennom 800-år» og Langgåt: «Lyse klostets jordegods»

Som nemnt i 3.1 over blei klosteret etter kvart ein stor jordeigar med eigdommar spreidd ut over heile Vestlandet. N. Tveit skriv i 1946 at det ikkje finst pålitelege kjelder frå før 1670 som listar alle eigdommar som låg under klosteret. Han skriv og at det ikkje er kjelder som viser sal av eigedom mellom 1536 og 1670, så han reknar med at kjelda frå 1670 viser alle eigdommar som har høyrte til under klosteret før 1536 (Tveit, 1946, s. 32). Kjelda Tveit her referer til er salsskøytet til Nils Smidt frå 1670. N. Tveit listar her opp i alt 204 gardar og 4 laksevåger. Geografisk er dei spreidd frå Ryfylke i sør til Nordfjord i nord. At han seier det ikkje finst tidlegare kjelder enn frå år 1670 stemmer ikkje då det eksisterer ei jordebok frå 1626.


Langgåt har i si masteroppgåve frå 2009 tatt utgangspunkt i denne jordeboka frå 1626 og dette er og den eldste kjelda vi har for vår undersøking. Som naturleg er for eit 400 år gammalt dokument er det ikkje rett fram og forstå innhaldet, men nokon har gjort ein imponerende jobb med transkriberinga<sup>43</sup>.

I figuren under ser vi eit utklipp frå jordeboka. Gardsnamnet som står øvst er Dalsgård.

---

<sup>42</sup> Vidare referert til som N.Tveit og Langgåt.


<sup>43</sup> Langgåt presiserer ikkje om ho har gjort det sjølv eller fått det frå nokon andre.



Figur 42 Utklipp frå jordeboka for 1626. Utklipp frå digitalarkivet. (Jordebøker for Bergenhus len, 1626)

Ei oversikt over kor mange gardar som finst i dei ulike kjeldene har vi vist i tabell 3 og vi ser der at summen for innføringar for 1670 og 1626 er høvesvis 208 og 201.

I illustrasjonen under er eigedommar som finst i både jordeboka frå 1626 og salsskøytet frå 1670 vist med lilla sirkclar. Innføringar som berre er i 1626 er markert med blått og innføringar som berre er i 1670 er vist med gult. Plasseringa på sirklane er basert på senterpunktet for eigedommane oppgitt i dagens matrikkel.



Figur 43 Kart over gardar i 1626 og 1670. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.



### 5.2.1.1 Husmannsplassar og underbruk

Her går vi gjennom ein feiltolking som berre er knytt til N. Tveit og «Lysekloster gjennom 800-år», då vi ikkje har funne same feiltolkingar hjå Langgåat. Denne feiltolkinga er at han plasserer gardar og underbruk feil, og tidvis nyttar feilaktige namn.

Dei første namna som er lista opp i salsskøytet frå 1670 er plassar som ligg under Lysekloster hovudgard der nokre seinare har blitt til sjølvstendige matrikelobjekt. Blant desse namna er «Bugaard», «Lien» og «Tveit». I N. Tveit si oversikt har dette «Bugaard» blitt til Buena (*Tveit, 1946, s. 33*). Slik N. Tveit legg det fram framstår «Bugaard» som eit sjølvstendig matrikelobjekt. Dette er ikkje tilfelle. I dagens matrikel finn vi Buena som eit underbruk av Søvik (4624-17) nærare bestemt bruk nr. 7 (*Panteregeister nr. II.A.b.21a, u.å.*). Ut frå bygdebøker og panteregeister er det ingenting som tyder på at Buena er det same som «Bugaard». Verken namnet og plassering stemmer overeins. Søvik har dessutan sin eigen innføring i 1670-skøytet, og utanom dei plassane som låg under hovudgarden er det få underbruk som har eigne innføringar i dei ulike kjeldene. Ein gang i historia kan sjølvstendig «Bugaard» hamna under Søvik og blitt til Buena, men dette er lite truleg. At ein bugard er eit gammalt ord for avlsgard/ladegard, som igjen betyr underbruk av ein gard («bugård», 2020). Dette er med på å støtte opp om at «Bugaard» og Buena ikkje har samanfallande geografisk plassering. Buena er dessutan ein umatrikulert plass under Søvik i opplistinga over umatrikulerte plassar under Lyseklostergodset i 1819 (*Hovedmatrikelkommisjonen, 1819, s. 84*).

Nesten nøyaktig same situasjon finn vi for gardsnamnet «Tveit». For jordebøkene frå 1626 og 1657 er det i alt tre innføringar med namnet Tveit, medan dei i 1670 er blitt til fire. Den fjerde innføringa syner til å ha dukka opp som eit av underbruka til Lysekloster hovudgard på same måte som «Bugaard». I dagens kommune, Bjørnafjorden, finnes det eit område med namn «Tveitane» i nærheita av Lysekloster hovudgard, men ingen gardar eller bruk med dette namnet. Dette området ligg no under gnr. 10, Hålen/Haalen. Hålen er som «Tveit» ein av dei gardane som opphavleg var under hovudgarden og i byrjinga av skøytet er referert til med setninga «Paa samme closters gards fri mark og eyedeller ere disse smaae gaarde pladtzer bebygt og optagen» (*Utskrifter av Danske Registranter 1670-72, 1672, s. 1 og 2*). Dette gjer det rimeleg trygt anta at det som kan ha vore ein husmannsplass eller eit perifert jordstykke i 1670 har blitt liggande øyde<sup>44</sup>, og deretter er blitt ein del av Hålen<sup>45</sup>.

Tabellen under viser namna på dei ulike innføringane vi har funne for underbruk til Lysekloster hovudgard. Innføringar som har fått N/A<sup>46</sup> under matrikelnummer skuldast at desse no er del av andre bruk eller gardar, eller ikkje lenger eksisterer.

---

<sup>44</sup> Både Bugaard og Tveit er merka som «øde» i jordeboka frå 1722 (*Jordbok, 1722, s. 3*)

<sup>45</sup> Gardsnamnet Tveit betyr sannsynlegvis «avgrensa jordstykke» og viser til eit området som låg under ein anna gard (*NORSKE GÅRDS- OG STEDSNAVNE, 2002*).

<sup>46</sup> N/A: Not a number

Namn i 1670	Matrikkelnummer
Aasen	4624 - 18
Strømen	4624 - 13
Haalen	4624 - 10
Spirevik	4624 - 15
Sjøbøen	4624 - 12
Kalvetre	4624 - 11
Bugaard	N/A
Tveit	N/A
Salbuvik	4624 - 19
Bjoarvik	4624 - 20
Lien/Steinkollen	N/A

Tabell 8 Namn på bruk/plassar som låg under hovudgarden i 1670


Liknande feilplassering som med «Bugaard» og «Tveit» er å finne for gardsnamnet «Lien» som i skøytet er eit av underbruka. Der står det også at denne vert kalla for Steinkùllen (*Utskrifter av Danske Registranter 1670-72, 1672, s. 2*). Lien er eit vanleg stadnamn og namnet dukkar opp lenger ute i skøytet òg. Denne første Lien/ Steinkùllen frå side 2 i skøytet, har N. Tveit tolka til å vere det same som Mobergslia (Tveit, 1946, s. 32), noko som stemmer overeins med at det er ein eigen matrikkel-gard i dag, knr. 4624, gnr. 50, som har vore ein del av Lyseklostergodset. Problemet med dette er at Mobergslia var ein del av Lien, knr. 4618, gnr. 81, innført med namnet Lü på side 4 i skøytet, i 1670 (*Utskrifter av Danske Registranter 1670-72, 1672, s. 4*).

I matrikkelen for 1855 er Lien/ Lü lista med to løpenummer, 208 og 209, eit under Lyseklostergodset, nr. 208, og eit under Rosendal-baroniet, nr. 209 (*Matrikkel 1852-1855 Søndre Bergenhus Amt, 1855, fol. 48b*). Hoppar vi til matrikkelen for 1886 har dette endra seg og blitt til to separate gardsnummer der løpenummer 208 er blitt Mobergslia. Dette er gula ut i figuren under der det står at løpenummer 208 no er blitt oppført som gardsnummer 50.

81	1	79	208	Lien .....	Lien .....	Vinzians Monsen .....	3	8	3	63	L.-No. 208 oplette Gaards-No. 50
----	---	----	-----	------------	------------	-----------------------	---	---	---	----	-------------------------------------

Figur 44 Innføring i matrikkelen frå 1886 for Lien, knr. 4624, gnr. 81. Utklipp frå digitalarkivet. («Fortegnelse over matrikulerede Eiendomme og deres Skyld i», 1890)

I figuren under viser vi kor dagens Mobergslia, knr. 4624, gnr. 50, og dagens Buena, knr. 4624, gnr. 17, bnr. 7, er plassert i forhold til hovudgarden og området som i dag heiter Steinkula og Tveitane. Det er tydeleg at den Lien/ Steinkùllen som i følge skøytet er ein plass under hovudgarden ikkje kan vere dagens Mobergslia og at det er usannsynleg at Buena og Bugaard er identiske.



Figur 45 Plassering av Buena, Steinkullen, Tveit og Lü i forhold til hovedgarden. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.

### 5.2.1.2 Namneendringar

At gardar har endra namn er ikkje noko vi var mykje bort i undervegs i arbeidet, men dette er likevel noko som kan skje. Eit døme på dette er henta frå Langgåt sin master der ho i opplistinga si, basert på jordeboka frå 1626, har ført opp Singelstad på Tysnes. Ut frå det som står i jordeboka er dette korrekt. Innføringa i jordeboka er vist i illustrasjonen under.



Figur 46 Innføring for Singelsæter i 1626. Utklipp frå Digitalarkivet. (Jordebøker for Bergenhus len, 1626)

Problemet som i ettertid melder seg er at 1626 er einaste gongen vi kan finne igjen namnet Singelstad. Seinare innføringar for eigedomane lokalisert på Tysnes nemner derimot Singelsæter. Undersøkingane våre viser at det til ut på 1700-talet var slik at Singelsæter gjerne vart kalla både Ytre- og Nedre Singelstad (Drange & Tysnes sogelag, 1991, s. 417). Ho gjer med andre ord ikkje

noko feil ut frå det kjeldematerialet ho tek utgangspunkt i, men for vår kartlegging ved hjelp av dagens matrikkel er det viktig å skilje mellom Singelstad og Singelsæter. Desse er i dag to ulike matrikkel-objekt: Singelsæter med knr. 4616, gnr. 146 og Singelstad med knr. 4616, gnr. 147.

### 5.2.1.3 Deling av namnegardar<sup>47</sup>

Når vi samanliknar N. Tveit og Langgåt sine opplistingar av gardsnamn med originaldokumenta møter vi på nokre diskrepansar som har innverknad på kartlegging og kartfesting av eigedommar tilhøyrande Lyseklostergodset. Både i 1670-skøytet og 1626-jordeboka er dei fleste av gardsnamna såkalla namnegardar, det som i dag svarar til eit gardsnummer i matrikkelen. Det er unntaksvis at innføringane gjeld for det som i dag svarar til eit bruksnummer. Desse namnegardane er dels delt opp indre/ytre, øvre/nedre o.l., tilsvarande slik namna er i dag, medan det andre gonger ikkje er slike delingar. Vi har i undersøkingane funne att både N. Tveit og Langgåt tidvis har valt å dele opp namnegardane i indre/ytre, øvre/nedre o.l., slik dei er i dag. Andre gonger skil dei ikkje mellom indre/ytre etc. sjølv om det i dag er slike inndelingar. Korleis dette er problematisk vil vi vise med nokre eksempel, og vi startar med garden Urheim i Ullensvang kommune.

For Urheim skil verken salsskøytet frå 1670 eller N. Tveit mellom Indre- og Ytre-. Frå bygdeboka kan vi derimot lese at Indre Urheim, knr. 4618, gnr. 249, har vore sjølveige bondegods frå iallfall 1615 (Kolltveit, 1974b, s. 461).

Langesæter er eit anna tilfelle som i dag er delt i indre ,knr. 4618, gnr. 201, og ytre ,knr. 4618 gnr. 202, men som ikkje er oppdelt på denne måten i skøytet. N. Tveit skil heller ikkje mellom desse. Eit søk i bygdebøkene for Ullensvang fortel at heile Ytre Langesæter var Lyseklostergods, medan det berre var ein liten del av Indre, som har høyrte til godset (Kolltveit, 1974a, s. 205).

I tabellen under har vi lista opp dei tilfella kor N. Tveit har tatt med delar av ein namnegard som ikkje var del av Lyseklostergodset.

Namn 1670	Del av godset	Matrikelnr.
Ureim	Ytre	4618-248
Seim	Øvre	4618-594
Våge	Øvre	4625-15
Holmefjord	Nordre	4624-113
Haukeland	Nordre	4631-483
Gjerevik	Øvre	4624-129

Tabell 9 Gardar der N. Tveit ikkje har delt opp namnegardar.

Til liks med N. Tveit deler og Langgåt tidvis opp gardar i indre/ytre/nedre/øvre etc. sjølv om det ikkje står slik i jordeboka. For nokre gardar gjer ho rett i dette, men for andre vil det medføre feil.

Eit døme på dette er Heie på Tysnes: Store Heie var kommen i klosteret si eige før reformasjonen. Lille Heie derimot blei i 1728 seld til Henrik Hansson Formann, eigaren av Lyseklostergodset. Lille Heie har difor aldri vore ein del av sjølve klostergodset og låg heller ikkje under godset sin

<sup>47</sup> Ein namnegard er den primære busetnadseininga, denne kan etterkvart blitt delt i mindre einingar. Ein namnegard kan bli til fleire bruk, eller bli delt i fleire matrikelgardar (*Namnegard – lokalhistoriewiki.no*, 2016). Namnegardar kan få tilført eit pre – eller suffiks i namnet for å skilje mellom dei (Rygh, 1999, s. 18).

jurisdiksjon (Drange, 1987, s. 58), men var eigd av godseigaren privat. I tabellen under er dei delane av namnegardane som ikkje var Lyseklostergods, men som Langgåt har ført som det, lista saman med dagens matrikelnummer.

Gardsnamn	Ikkje del av godset	Matrikelnummer
Heie	Lille	4616-59
Våge	Nedre	4625-14
Ureim	Indre	4618-249
Seim	Øvre	4621-595
Bjotveit	Indre	4618-230
Holmefjord	Søndre	4624-114
Gjerdevik	Nedre <sup>48</sup>	4624 - 130
Haukeland	Søndre	4631-484

Tabell 10 Namnegardar kor Langgåt feilaktig har identifisera delar som Lyseklostergods

Om vi samanliknar N. Tveit og Langgåt ser vi at det er stort samanfall mellom dei gardane dei har delt namnegardar, men at Langgåt har 8 tilfelle mot N. Tveit sine 6. Dette er vist i tabellen under.

Gardsnamn	Del av godset	Matrikelnr	Ikkje del av godset	Matrikelnr.	N. Tveit	Langgåt
Ureim	Ytre	4618-248	Indre	4618-249	V	V
Seim	Øvre	4618-594	Nedre	4621-595	V	V
Våge	Øvre	4625-15	Nedre	4625-14	V	V
Holmefjord	Nordre	4624-113	Søndre	4624-114	V	V
Haukeland	Nordre	4631-483	Søndre	4631-484	V	V
Heie	Store	4616-58	Lille	4616-59	-	V
Bjotveit	Ytre	4618-231	Indre	4618-230	-	V
Gjerevik	Øvre	4624-129	Nedre	4624 - 130	V	V

Tabell 11 Samanlikning av N. Tveit og Langgåt sine feilføringar for namnegardar

Romslo er i dag delt i Øvre og Nedre. I salsskøytet frå 1670 står det berre Rom(b)slo(e) (Utskrifter av Danske Registranter 1670-72, 1672, s. 10), og i jordeboka frå 1626 er det tilsvarande ført inn Romslo (Jordebøker for Bergenhus len, 1626, s. 116).

N. Tveit skriv dette som Øvre og Nedre Romslo (Tveit, 1946, s. 33) og det same gjer Langgåt (Langgåt, 2009, s. 101). Vidare undersøkingar viser at Romslo er delt i to så tidleg som 1536, og at det i følgje bygdeboka var Øvre som høyrde til Lyse kloster (R. Andersen & Bergen, 1999, s. 114), medan Nedre er i klosteret Nonneseter sine hender på dette tidspunktet (R. Andersen & Bergen, 1999, s. 157). Går vi til ei av dei andre primærkjeldene, her jordeboka frå 1722, finn vi berre Nedre Romslo (Jordbok, 1722, fol. 302). Nødvendigheita med å kryssjekke mange ulike kjelder vert endå

<sup>48</sup> I tilfellet for Gjerdevik Nedre, 4624-130, fortel bygdeboka oss at Axel Mowatt, og seinare Rosendal- godset, er eigaren i 1648. Tilhøva før dette er uklare så i teorien kan den ha høyrd til Lysekloster før det (Skaathun, 1967, s. 463).

klarare når vi går til bygslingsprotokollen for 1791 – 1802, her finn vi både Øvre og Nedre Romslo (*Lysekloster Byggeslprotokol nr. 6 1791 - 1802*, 1802, fol. 188a). For å gjere forvirringa komplett er både Øvre og Nedre Romslo i følgje pantebøkene blitt selt ut rundt 1855 av Nagell (*Panteregeister nr. II.A.a.20*, u.å.).

Det er ikkje openbart kva som gjev det mest korrekte resultatet ut frå eksempla over. Vi har tilfelle der delingar av namnegardar må spesifiserast og tilfelle der det ikkje er avgjerande for kartlegginga å dele opp. Eksempelet Romslo viser og at andre som har gjort kartleggingar i nyare tid heller ikkje kan festast for stor lit til då t.d. Andersen og Berg i bygdeboka for Arna påstår to motstridande ting på høvesvis side 114 og 256.

Ein slik inkonsekvete måte, frå både Tveit og Langgåt, men og frå 1626-jordeboka og 1670-skøyte, i å dele eller ikkje dele gardar på, gjer at det blir vanskeleg å fastslå nøyaktig kor mange gardar som høyrde til Lyseklostergodset då det gjekk over i private hender om ein berre tek utgangspunkt i desse kjeldene.

Under arbeidet med delinga av namnegardar kom vi og over ei anna fallgruve som vi kort vil nemne her. I tillegg til eigedomar som høyrde til Lyseklostergodset hadde godseigar Formann andre, private eigedommar som låg under lenet sin jurisdiksjon og difor skatta til dette. Det gjeld til dømes for Lille Heie, knr. 461, gnr. 59, i Tysnes og Samdal, Lønningen og Vågsbø i Fana (Torleif Hansen, 1981, s. 16).

Det er ikkje i alle panteregeister spesifisert at ein gard eller eit bruk har høyrte til Lyseklostergodset, og vi har difor og måtta leita etter namna Formann og Nagell. Det er då lett å ta med slike private eigedommar som Lille Heie om ein berre ser i til dømes dei gamle panteregeistera på leit etter eigedomar eigd av godseigar Formann, og ikkje er observant på denne skilnaden mellom Formann sine private eigedommar og dei som er ein del av Lyseklostergodset. Vi har og funne slike privateigde gardar feilaktig plassert saman med Lysekloster-gardane i arkivsamlinga på SAB.

### 5.3 Fleire gardar med same gardsnamn<sup>49</sup>

Under vil vi drøfte utfordringar knytt til at fleire gardar kan ha det same namnet. Dette fører til at det kan vere vanskeleg å kople rett namn med rett geografisk plassering, spesielt om det er fleire gardar med same namn i nærheita av kvarandre. I denne oppgåva har vi som mål å finne ein føremålstenleg metode for kartlegging av eigedomsgods, og forvirring knytt til like gardsnamn var noko vi måtte bruke mykje tid på å få nøsta opp i. Vi vil i dette delkapittelet difor vise nokre av problema vi støtte på i håp om at andre som kartlegg eigedomsgods er merksame på nokre av dei same fallgruvane.

Utfordringane for Lyseklostergodset er knytt til gardsnamna Tveit/Tveiten, Rød/Rud og Helland/Helleland noko som har forvanska utarbeiding av tabell over godset og som krev sin eigen gjennomgang. Her må vi presisere at dette ikkje er ei problemstilling som er knytt til berre N. Tveit og Langgåt. Både SAB og vi sjølv har hatt utfordringar med dette noko som vil komme fram i drøftinga under.

---

<sup>49</sup> Denne overskrifta var opprinneleg «Tveit meg her og Tveit meg der, Rød i alle himmelretningar og Helland overalt»

### 5.3.1 Tveit

I det som tidlegare var Søndre Bergenhus Amt, og som tilsvara tidlegare Hordaland Fylke, finst det i følgje O. Rygh sine bøker om gardsnamn til saman 30 gardar som heiter Tveiten eller Tveit (*O. Rygh: Norske Gaardnavne*, u.å.). Desse ligg spreidd ut over heile amtet.

Ein Tveit er allereie blitt problematisert over jf. gjennomgang av N. Tveit sitt hefte om Lysekloster i punkt 5.2.1.1. Det må nemnast her at vi i kjeldene har enda ein Tveit i Os/Bjørnafjorden, knr. 4624, gnr.75, og ein som ligg i Fana, knr. 4601, gnr.69<sup>50</sup>. Desse to matrikelgardane og Tveit nemnt i 5.2.1.1 er i figuren under plassert geografisk.



Figur 47 Kart som viser kor nær kvarandre same gardsnamn ligg. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.

Det faktum at det har vore tre «Tveit» innafor eit lite geografisk område har gjort det vanskeleg å vite kva for ein av desse som står nemnt under gjennomgangen av dei eldste kjeldene. Det har difor vore nødvendig med mykje kryssreferering mellom ulike kjeldene.

Sidan utgangspunktet for kartlegginga av Lyseklostergodset er SAB si samling, byrjar vi med det omfattande arbeidet å nøste opp i nettet av like gardsnamn der SAB, og til dels Langgåt, har feilidentifisert ein Tveit og som tok lang tid og mykje arbeid å finne ut av. Vi får frå SAB si oversikt opplyst at garden Tveit i Herandsbygd, har gnr. 10 og ligg i Jondal herad (Torleif Hansen, 1981, s. 42). Langgåt skriv at det skal vere ein Tveit i Jondal med gnr. 44 (Langgåt, 2009, s. 102). Ved første augekast er det ikkje noko feil med denne informasjonen, det ligg ein Tveit i Herand i tidlegare Jondal kommune, men ved gjennomgang av panteregistera blei det fort klart at det ikkje fantes

<sup>50</sup> Denne heiter i dag Fjelltveit.

noko kopling mellom denne Tveit<sup>51</sup> og Lyseklostergodset. Det var komplisert å finne fram til «den rette Tveit». Vi antok at det var snakk om ein Tveit i eller nær Jondal og med noverande eller tidlegare gnr. 10 eller 44. Etter grundig leiting i panteregister og bygdebøker fann vi svaret: Tveit i Tørrvikbygd, no knr. 4622, gnr. 89, tidlegare bl.a. knr. 1227, gnr. 44. Langgåt har med andre ord gitt oss rett gardsnummer, men feil plassering, medan katalogen frå SAB bommar på begge. Langgåt si plassering er forståeleg ut frå måten ho har samla inn informasjon ved bruk av O. Rygh si bok over gardsnamn (Langgåt, 2009, s. 14). Denne boka er av den eldre sorten, utgitt i 1910 og har med det ikkje fått med seg kommune-samanslåingar og -delingar som fann stad på 1900-talet: Tørrvik var ein del av Jondal kommune<sup>52</sup>, men i 1965 blei bygda overført til Kvam kommune på same side av fjorden. Korleis SAB har komme fram til «sin» Tveit er uvisst og noko uforståeleg sidan dei har fått med seg plasseringa for nabogarden til Tveit, Lysen, knr. 4622, gnr. 88, som blei overført til Kvam kommune i 1965 (Torleif Hansen, 1981, s. 42). Tveit blir som nemnt over plassert feil i SAB si oversikt der det står at denne skal ligge i Jondal kommune.



Figur 48 Kart som viser SAB sin plassering av Tveit og kor Tveit som hørte til godset er plassert. Eigenprodusert kart laga i ArcGIS-Pro.

<sup>51</sup> Matrikelnummer 4622-310

<sup>52</sup> I 2020 opphørde Jondal å eksistere som eigen kommune (Thorsnæs et al., 2023).



Den neste garden med namnet Tveit, som byr på problem, er i følge jordeboka frå 1626 og skøytet frå 1670 å finne i «Nordhordlehn» (*Jordebøker for Bergenhus len, 1626, s. 115*) (*Utskrifter av Danske Registranter 1670-72, 1672, s. 9*).

Opplistinga av eigedommar i 1626-jordeboka og 1670-skøytet nyttar futedøme som hovudinndeling og skipreide som underinndeling. Dei aller fleste eigedommane ligg i dei områda som tilsvara Midt- og Sunnhordaland futedøme i sine egne Lyseklostertinglag (sjå 3.3.1.) Unntaka er dei gardane som ligg i det som no er kommunane Alver, Osterøy og Øygarden som alle hørde til under Nordhordland futedøme. Men ingen regel utan forvirrende unntak. Gardane som ligg i det som ein gang var Fana kommune, hørde delvis til Lysekloster sitt tinglag for Os, og delvis tinglaget i Nordhordland. Figuren under viser grensene for futedøma Nordhordland og Voss, Hardanger og Sunnhordland slik dei var rundt 1640. Plasseringa til Apostelgodset viser kor Bergen ligg og vi ser her at Nordhordland og Voss omfatta store delar av Bergen og Fana, men som omtalt i punkt 3.3.4. har desse grensene endra seg sidan då.



Figur 49 Inndeling av futedøme i Bergenhus Stiftsamt ca. 1640. Utklipp henta frå Nasjonalbiblioteket («Norges historie. B. 15», 1995)

Denne Tveit i Nordhordland blei av Langgåt tolka til å ligge i Alversund og vi kan lett forstå kvifor; i 1626 er neste gard på lista Sakstad Øvre i noverande Alver kommune, og i 1670 er det Romslo som no er i Bergen kommune, men tidlegare låg i Haus. Haus kommune strekte seg over både Osterøy og deler av Arna (Juvkam, 1999, s. 50). Hoppar vi til N. Tveit si oversikt finn vi ingen Tveit i Nordhordland, men det dukkar til gjengjeld opp ein Fjelltveit i Fana. Fjelltveit og Tveit syner seg å vere den same plassen. Sidan det er mange plassar med same namn har ein etter kvart begynt å

innføre prefiks i namna; Tveit er blitt til Fjelltveit<sup>53</sup> og Birkeland er blitt til Fjellbirkeland for å kunne skilje gardane frå kvarandre.

Kort opp summert kan vi slå fast at det til ei kvar tid, iallfall sidan 1626, har vore berre tre sjølvstendige gardar som har hatt namnet Tveit(en) i eigedomsmassen til Lysekloster, men at bl.a. skrivemåte og plassering innanfor sorenskriveri har leia til forvirring om lokasjon for dei som tidlegare har undersøkt eigedomsgodset til Lysekloster. Berre ved hjelp av kryssreferering mellom mange ulike kjelder har vi klart å finne dei rette Tveit.

### 5.3.2 Rød og Helland

Namnet Øvre Rød i Sogn dukkar opp for første gang i jordeboka frå 1657 og finst deretter også i skøytet frå 1670, der den er den først gardane som er innført i «Sogens Fougderie» i «Ladevig Schibred»<sup>54</sup> (*Skjøtebok over kongelig avhendet jordegods*, u.å., fol. 9b).

Dette ser uproblematisk ut ved første augekast, men når vi skal stadfeste den historiske linja støyter vi på hindringar. I jordeboka frå 1626 er det Østerbø, knr. 4638, gnr. 108, som er lista først og det finst ingen Øvre Rød (*Jordebøker for Bergenhus len*, 1626, s. 124). At Lysekloster har vore lotteigar<sup>55</sup> i Østerbø får vi stadfesta av skattematrikkelen frå 1647 (Marthinsen et al., 1977, s. 121). Nokon Øvre Rød er det derimot ikkje å finne i same området. N. Tveit har valt å kalle garden Øvre Rud og har plassert den i Balestrand<sup>56</sup>. I eit søk i grunnbøker får vi tre kandidatar i tidlegare Balestrand-kommune som heiter Rød eller har rød i namnet (*Skanna arkiver - Arkivverket*, 2023). Den mest aktuelle kandidaten, som berre heiter Rød, ligg no i Sogndal kommune og har matrikelnummer knr. 4640, gnr. 279 (4604-279, 2023). Ein sjekk i bygdebøker og skattematrikkelen frå 1647 gir oss ingen haldepunkt for at det er denne Rød i Balestrand som har høyrte til Lysekloster. Spørsmål som dukkar opp blir då: Fantest det ein Øvre Rød i 1670 som ikkje eksisterer lenger? Er det feilplassering av ein Rød? Er Øvre Rød og Østerbø same plassen, men at det har skjedd ein skrivefeil i 1657 som forplantar seg til 1670?

Kva som er fasiten her får vi aldri vite, men med tanke på den informasjonen vi har heller vi mot å tru at det har skjedd ein skrivefeil slik at Bø/Bøe er blitt til Rød/Røe og at det er snakk om same plassen i alle tre dokumenta.

Rød/Rud er elles eit vanleg gardsnamn. I kjeldene våre varierer innføringane mellom ein og tre stykk, sett vekk frå «Øvre Rød» i Sogn. Heldigvis er ikkje Rød/Rud i Hordaland eit like innfløkt tilfelle som Tveit, men å vite kva for ein Rød som kjem kor i dei ulike dokumenta er vanskeleg. For å plassere Rød har det vore avgjerande å ha lokalkunnskap, kunnskap om stadnamn og forståinga av gammal handskrift. Mangel på slike kunnskapar gjorde at vi lenge trudde det skulle ligge ein Rød i Hålandsdalen i Fusa, men dette viste seg seinare å skulle vere Hegglandsdalen i Os<sup>57</sup>.

Same tilfelle har vi for namnet Helland; under gjennomgangen av kjeldene våre fant vi fire ulike gardar med dette namnet. Vi veit ikkje utan vidare kva for ein Helland/Helleland det er referert til

<sup>53</sup> I panteregisteret står Tveit oppført i parentes etter Fjelltveit (*Tinglysingsmateriale*, u.å.-f).

<sup>54</sup> Sogn futedøme er områda langs Sognefjorden, futedømet var delt i Indre og Ytre. Lavik skippreide tilsvara i dag delar av Høyanger, Gulen og Hyllestad kommunar (*Fil*, u.å.).

<sup>55</sup> «Lott er en del av et utbytte eller en avkastning[...]» («lott», 2023)

<sup>56</sup> Tilhørde Kvamsøy- og Tjugum skippreie.

<sup>57</sup> Dette med bakgrunn i at vi ikkje hadde høyrte om Hegglandsdalen, men derimot har høyrte namnet Hålandsdalen. Her var det frå vår side ei rein feillesing som blei oppklart etter god hjelp frå Yngve Nedrebø på SAB.

utan å kryssjekke med andre kjelder eller utan å undersøke store mengder tekst som ikkje er transkribert. Heldigvis er totalen av Helland'ar den same<sup>58</sup> slik at det ikkje blir feil i teljinga, men om det til ei kvar tid er rett Helland som har blitt registrert for dei ulike jordebøkene/protokollane er ikkje like sikkert.

## 5.4 Utfordringar knytt til eldre matriklar

Som vi har vist i teorikapitelet har matrikkelen gått frå å vere grunnlag for skattelegging til å bli eit eigedomsregister som oppgjev geografisk utstrekning for matrikelobjekta.

Dei eldre matriklane er viktig del av kjeldematerialet som dannar grunnlag for vår utarbeiding av ein metode for kartlegging og kartfesting av eigedomsgods. Matriklar er nøkkelen for å spore matrikelnummer, gards- og bruksnummer tilbake i tid, og binder difor saman arbeidet med å kartlegge eigedomsgodset og kartfeste geografisk utstrekning av eigedomane. Meir om bruken av dagens matrikel kjem i neste delkapittel.

Dei fire matriklane vi har brukt som kjelder stammar frå 1647, 1835, 1855 og 1886. Desse er tilgjengelege frå Nasjonal Biblioteket, Digitalarkivet og SAB.

### 5.4.1 Skattematrikkelen 1647

Som vist over i utgreiinga om matriklar, gir denne oss eit godt oversyn over alle eigedommar det blei betalt skatt av i 1647. Det viktigaste med denne matrikkelen for oss er at den fortel kva gardar Lyseklostergodset hadde tilknytning til. Den viser oss kor godset hadde bygslingsrett og kor dei berre hadde skatt-/avgiftsrettar.

Å bruke 1647-matrikkelen byr sjølvst på nokre problem. Noko som viste seg å vere ganske signifikant var variasjon i skrivemåte. Lyse kloster har fleire skrivemåtar: Lyse cloester, *Lysse cloester*, *Lyse closter*, *Lysse closter*, *Liusse closter*. Dei to første skrivemåtane var brukt i Hordaland, dei to neste i Sogn og Fjordane og den siste i Rogaland. Dette gjorde at vi var nøydde til å gå igjennom denne matrikkelen fleire gonger etter kvart som vi oppdaga ulike skrivemåtar.

Det mest interessante vi oppdagar er at vi har gardar som finst i registera til Lyseklostergodset i både 1626 og 1657, men som ikkje har godset som bygsel- eller lotteigar i 1647-matrikkelen. I tillegg har vi gardane som ikkje finst i nokre av Lysekloster-dokumenta, men som har Lyseklostergodset som ein lotteigar i 1647-matrikkelen! I tabellane under ser vi først dei som ikkje har Lyseklostergodset som bygsel- eller lotteigar i 1647-matrikkelen, men som har innføringar i jordebøkene frå 1626 og 1657. Deretter kjem dei som har Lyseklostergodset som eigar i følge matrikel, men som det ikkje finst innføringar for i nokre av jordebøkene eller berre har innføring i anten 1626 eller 1657.

---

<sup>58</sup> Det er 3 i Hordaland og 1 Sogn. Den som ligg i Sogn har siste innføring i 1657 så etter det er det maksimalt 3 gardar som heiter Helland/Helleland.

Namn	Matrikkel nr	Kommune d.d.	1626	1657
Sæverhagen	4618-303	Ullensvang	1	1
Bjørnetun	4639-139	Vik	1	1
Li indre	4641-39	Aurland	1	1
Sønnesyn	4644-114	Luster	1	1
Sandviken	4644-76	Luster	1	1
Sjøtun	4644-172	Luster	1	1
Trones	1108-70	Sandnes	1	1
Hauge	4644-26	Luster	1	1

Tabell 12 Gardar med innføring i jordebøkene 1626-1657, men ikkje har Lyseklostergodset som bygsel- eller lotteigar i 1647-matrikkelen

Namn	Matrikkel nr	Kommune d.d.	1626	1657
Hovland	4624-33	Bjørnafjorden	0	0
Bolstad	4644-20	Luster	0	0
Beim	4644-149	Luster	0	0
Romslo nedre	4601-273	Bergen	0	1
Kleppe	4624-210	Bjørnafjorden	0	1
Tuftan	4622-111	Kvam	0	1
Østerbø	4638-108	Høyanger	1	0

Tabell 13 Gardar som har Lyseklostergodset som bygsel- eller lotteigar i 1647-matrikkelen, men som ikkje har innføring i jordebøkene 1626-1657, eller har innføring i berre ei av jordebøkene

Som tabellane over viser er det ikkje snakk om eit stort tal gardar, men det røyser spørsmål om kvifor eller kvifor ikkje dei er i 1647-matrikkelen, og kvifor eller kvifor ikkje dei er nemnt i jordebøkene.

Som illustrasjon på at Lysekloster ikkje er nemnt i 1647-matrikkelen kan vi nemne Sæverhagen i Jondal, knr. 4618, gnr. 303. Garden finn vi i fire ulike registreringar i dei gamle Lysekloster-dokumenta: Jordebøkene for 1626 og 1657, skøytet frå 1670 og festeprotokollen for 1768-1791. I skattematrikkelen for 1647 er det ingen spor etter Lyseklostergodset, men til gjengjeld står Munkeliv i Bergen oppført med bygsla (Winge et al., 1976b, s. 159). Som eksempel på det motsette av Sæverhagen kan vi ta Beim i Luster, knr. 4644, gnr. 149. I 1647 står Lysekloster oppført med ein eigardel på 18 merker smør (Marthinsen et al., 1977, s. 32). Denne garden finn vi ikkje i nokre av Lysekloster-dokumenta, men ei kryssreferering med bygdeboka viser at godset har hatt eigarinteresse til minst år 1660 (Laberg, 1926, s. 301). Dette burde bety at den skulle vore innført i jordeboka frå 1657, noko som ikkje er tilfelle.

Ei mogleg forklaring på diskrepansen mellom matrikkelen og dei andre kjeldene dukka opp når vi skulle undersøke garden Li i Aurland, knr.4641, gnr. 31. Forfattern av bygdeboka seier her at etter at dei geistlege eigedommane kom i kongen sine hender skjedde det overføringar mellom dei ulike godssamlingane (Svein Indrelid, 2007, s. 394), slik som til dømes Nonnesetergodset og Lyseklostergodset<sup>59</sup>.

<sup>59</sup> Noko som også nyanserer N.Tveit sitt standpunkt om at gardane i skøytet frå 1670 er representativt for Lyseklostergodset.

#### 5.4.2 1838-matrikkelen

Som vist i punkt 2.2 kom denne matrikkelen på bakgrunn av ei skatterevidering og gir oss eit gardsnummer og løpenummer som viser kor mange bruk kvar gard hadde på dette tidspunktet. I utgangspunktet er denne matrikkelen praktisk å bruke då alle eigedommane til Lysekloster er samla i ein eigen del frå folio 77 og utover. Matrikkelen er sortert etter amt, futedøme, tinglag og prestegjeld og gardane er vidare ført inn basert på kor i prestegjeldet dei ligg (*Matrikkelen 1838 – lokalhistoriewiki.no*, 2017). Matrikkelen i seg sjølv er enkel og oversiktleg å jobbe med.

Det den derimot ikkje gir oss eit enkelt svar på er om det finst gardar som har vore delt mellom Lyseklostergodset og lenet eller Rosendal-baroniet. Vi veit at dette er noko som førekjem, men for å finne ut av det må vi i så tilfelle gå gjennom heile matrikkelen frå perm til perm og dobbeltsjykke namn og plassering av gardar innanfor prestegjeld, noko som ville vore særstidskrevjande og sjansen for å lese feil er overhengande.

#### 5.4.3 1855-matrikkelen

Ved kongeleg resolusjon av 17. juli 1847 blei det bestemt ei endring i sorenskriveria i Hordaland. Då vart Nordhordland og Sunnhordland omorganisert, og Midthordland vart utskilt med område frå begge (*Nordhordland sorenskriverembete – lokalhistoriewiki.no*, 2018). Unntatt frå denne delinga var Lyseklostergodset og Rosendal-baroniet. Ved ny kongeleg resolusjon av 10. mai 1852 blei Nordhordland sorenskriveri endra og forminska og sorenskriveria for Lyseklostergodset og Rosendal-baroniet avvikla. Desse endringane ligg bak matrikkelen som blei utgitt i 1855. Med denne matrikkelen følgde og nye matrikkel- og løpenummer. For oss og Lyseklostergodset sin del gjorde det til at gardane som høyrte til godset ikkje kom som eigen seksjon bakarst, slik som i 1838, men blei ført saman med resten. Her vert det presisert kva gardar, eventuelt kva løpenummer som var tilknytt Lyseklostergodset og kva som høyrde til lenet.


Lysekloster-gardar, det vere seg under Nagell eller Formann som blir liggande i Sunnhordaland- eller Hardanger futedøme, blir ført som å vere «af Lysekloster» og med det er lette å finne. I tillegg er det eit klart skilje der det kun har vore delar av ein gard som har høyrte til Lyseklostergodset, då er resterande løpenummer ført under lenet. Dette er noko vi viste i Figur 18 for korleis Holmefjord Nordre var delt mellom Lyseklostergodset og lenet.

For innføringane i Nordhordland og Voss futedøme<sup>60</sup> er det derimot ikkje like oversiktleg. 1855-matrikkelen er, til liks med 1838-matrikkelen, skriven med gotiske bokstavar som kan gjere det å lese og forstå teksten tidvis utfordrande.

Storeim, knr. 4631, gnr. 482, er av dei gardane som er tilknytt Lyseklostergods i 1838 (*Skattematrikkel 1838 Nordhordaland Tinglag*, u.å., fol. 62b). Figuren under viser korleis det i den digitale versjonen av 1838-matrikkelen er lagt inn filter som viser til at dette er innføringar som høyrer til Lyseklostergodset sitt futedøme og at dette er i Nordhordland tinglag.

---

<sup>60</sup> Voss gjekk over til Hardanger og Voss i 1857 («Hardanger og Voss fogderi», 2022)



Figur 50 Innføring for Storeim i 1838-matrikkelen. Viser filter for «Lyse klostergods». Utklipp frå digitalarkivet. (Skattematrikkel 1838 Nordhordaland Tinglag, u.å.)

Innføringa i 1855-matrikkelen er vist i figuren under. Vi ser her at det ikkje er noko direkte henvisning til Lyseklostergodset. Der står det kva kyrkjesokn Storeim soknar til, Sæbø, og kva tinglag, Nordhordland.

Sæbo Anneg			af	det	forrige	Nordhordlands	Thinglag.
69	28	8	Storheim	402	86	Storheim	Knud Hanssen . . . . . 1 3
				403	87	Do.	Erik Iversen . . . . . 1 3
				404	88	Do.	Halvor Knudsen . . . . . 1 3
				405	80	Do.	Johannes Johnsen . . . . . 1 3
				406	90a	Do.	Ellef Olsen . . . . . 1 3
				407	90b	Do.	Carl Ellingsen . . . . . 1 3
				408	91a	Do.	Mons Steffensen . . . . . 1 3
				409	91b	Do.	Jacob Steffensen . . . . . 1 3

Figur 51 Innføring for Storeim i 1855-matrikkelen. Foto: privat. (Matrikkel 1852-1855 Søndre Bergenhus Amt, 1855, fol. 14b)

I arbeidet vårt med 1855-matrikkelen klarte vi ikkje å finne nokon fellesnemnar for gardane som høyrde til i Nordhordland. Vi brukte difor mykje tid på å gå igjennom den for å finne gamle matrikkel- og løpenummer. Sidan vi ikkje fann noko mønster klarte vi heller ikkje å slå fast ut frå innføringane om heile eller berre delar av gardane hadde høyrte til Lyseklostergodset, noko som igjen førte til at vi måtte gå gjennom panteregistera på bruksnummer-nivå for å finne ut av dette.

Det viste seg i ettertid at alle Lyseklostergodset sine gardar i Nordhordland futedøme var ført inn som å vere av «Nordhordlands Thinglag», utan at det vart presisert at dette var eit av Lyseklostergodset sine tinglag. Dette er ei oppdaging som kunne ha spart oss for ein del arbeid som, i lys av denne oppdaginga, var unødvendig. Etter denne oppdaginga sit vi igjen med spørsmålet om kvifor innføringane for Nordhordland skil seg frå dei i Sunnhordland og Hardanger. Dette er noko vi

ikkje har klart å finne svar på. Ei innføring frå Sunhordland og Hardanger futedøme for to gardar som høyrte til Lyseklostergodset er vist i figuren under. Her ser vi at det er presisert at innføringa gjeld Lyseklostergodset og godset sitt tinglag for Hardanger og Strandebarms.

			af		Hardanger og Strandebarms Thinglag af		
					Lyseklosters Gods.		
43	24	35	Lysen (Ljusfer) . . .	119	1	Lysen . . . . .	Jacob Nilfen . . . . .
44	23	34	Thveit . . . . .	120	2	Thveit . . . . .	Lars Larsen den ældre . . .
				121	2	Do. . . . .	Lars Larsen den yngre . . .

Figur 52 Innføring i 1855-matrikkelen for Lyseklostergodset i Hardanger og Strandebarms tinglag. Foto: privat. (Matrikkel 1852-1855 Søndre Bergenhus Amt, 1855, fol. 74a)

## 5.5 Utfordringar knytt til kartlegging av bruksnummer

Sidan målet for eine problemstillinga vår er knytt til å finne ein metode for kartlegging og kartfesting er det å overføre dagens matrikkelnummerering til faktisk areal avgjerande for å rekonstruere sjølve utstrekninga til godset. Før vi kan geografisk kartfeste utstrekninga til Lyseklostergodset basert på dagens matrikkelnummerering må vi kartlegge utviklinga og endringar av gards og bruksnummer som har skjedd frå gardane var ein del av Lyseklostergodset. Vi veit kva kommune- og gardsnummer som høyrte til godset, men analyser basert på heile gardsnummer vil ikkje korrekt illustrere forholdet mellom dagens areal og det som hadde direkte kopling til Lyseklostergodset. Vi veit i tillegg at det under same gardsnummer kunne vere fleire eigarar enn godset, slik vi såg med Holmefjord Nordre i punkt 4.3. I slike tilfelle vil det gi eit feilaktig bilde å bruke heile gardsnummer for å vise arealet tidlegare tilhøyrande Lyseklostergodset.

### 5.5.1 Arealendringar

Arealet for eigedommane vi har funne knytt til Lyseklostergodset kan ha blitt endra etter at dei blei selt. Formålet med kartlegginga er å finne det arealet som var knytt til Lyseklostergodset, difor må vi undersøke på bruksnummernivå om det har skjedd arealendringar. Slike endringar skal vere tinglyste og difor kunne finnast i grunnbøkene.

Eit eksempel på ei slik arealendring finn vi i den elektroniske grunnboka for Skår, knr.4630, gnr.133, bnr.5, kor det står: «denne matrikkelen opprettet fra: knr:4630 gnr:133 bnr:3, eiendommen er utskilt fra flere bruksnummer.»(Skanna arkiver - Arkivverket, u.å.-a). Den elektroniske grunnboka er avgrensa og kortfatta som informasjonssjeldde. Her måtte vi inn i den gamle grunnboka til Skår, då denne gir meir utfyllande informasjon. Innføringa i den gamle grunnboka viste at bruket var skilt ut frå både bruksnummer 3 og 4. I dette tilfellet stammar bruksnummer 3 frå Lyseklostergodset medan bruksnummer 4 ikkje gjer det. Dette vil i så tilfelle bety at bruk nummer 5 stammar delvis frå Lyseklostergodset.

Til liks med utskiljingar frå fleire bruksnummer er samanslåingar ein gjengangar for fleire eigedommar. Etter ein meir nøye gjennomgang av Sakstad Øvre, knr. 4631, gnr. 318, fann vi at bnr. 15 er slått saman med Hinnenenes Indre, gnr. 324 bnr. 20, som er ein eigedom som ikkje høyrte til Lyseklostergodset.

Bruksnummer som stammar frå Lyseklostergodset kan altså vere slått saman med bruk som ikkje gjer det. Desse samanslåingane og delingane forvanskar arbeidet med å kartlegge kva areal som eventuelt har høyrte til Lyseklostergodset. Alternativ for kartlegging på bruksnummernivå er å lese skylddelingsdokument då dei skal innehalde skildring av grenser, eventuelt sjå på nyare målebrev. Bruksnummer som er oppretta før ca. 1995 skal og kunne finnast igjen i ØK-kart<sup>61</sup>, men nøyaktigheita på grenselinja kan vere låg (*Alle eiendomsgrenser i matrikkelen har god nøyaktighet*, 2021).

Grensejusteringar og arealoverføringar<sup>62</sup> har og skapt utfordringar for utarbeiding av tabellen. Utklipet under viser ei innføring i den elektroniske grunnboka av ei slik grensejustering for Sakstad Nedre, knr.4631, gnr.319, bnr.50. Dette fortel oss at grensa er justert, men gir ingen informasjon om grenselinja. Dersom ein ønsker å slå fast kva grenser det gjeld og korleis grensene er justert, er det mogleg å bestille ein kopi av det tinglyste dokumentet som står oppført med dokumentnummer i den elektroniske grunnboka. Dette er ei teneste som har ei avgift på 172 kr per kopi. Dokument som er tinglyste før 1951 ligg tilgjengelege på Digitalarkivet sine nettsider (*Kopi av tinglyst dokument*, 2023). I vår undersøking blei det ikkje mogleg å undersøke meir grundig dokument som var tinglyst før 1951 på grunna av det store omfanget og kompleksiteten. Vidare ville ei meir grundig undersøking kravd betydeleg tid og kostnader.

2006/2636-2/51  
22.03.2006

GRENSEJUSTERING  
GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE

Figur 53 Innføring i elektronisk grunnbok for grensejustering på Sakstad Nedre. Utklipp frå *seeiendom.no*. (Se eiendom - Sagstadvegen 152, u.å.)

### 5.5.2 Feilinnføring i offentlege dokument

I det følgjande skal vi sjå på eit døme på feilinnføring i elektronisk grunnbok, som vi antar er på grunn av endring av matrikkelnummerering.


Ved gjennomgang av den elektroniske grunnboka for Bøsæter, knr.4624, gnr.1, bnr.1 fant vi følgjande informasjon: «1871, Registrering av grunn. Utskilt fra denne matrikkelen: knr:4624, Gnr:86, Bnr:2, bruket er skilt ut fra flere bruksnummer» (*Se eiendom - Gåssandvegen 601*, u.å.). Vi fant i midlertidig ikkje noko informasjon knytt til dette i den gamle grunnboka til Bøsæter, det blei heller ikkje funne nokon innføringar for årstalet 1871 (*4624-1*, u.å.). Ytterlegare undersøkingar blei gjort i den elektroniske grunnboka for Aspeviken, knr. 4624, gnr. 86, bnr. 2, (*Se eiendom - Bogstrandvegen 449*, u.å.), kor det stod at den er oppretta frå Bøsæter knr. 4624, gnr. 1, bnr. 1 i 1879 ikkje 1871. I den gamle grunnboka fant vi at knr. 4624, gnr. 86, bnr. 2 er blitt utskilt frå gnr. 1 bnr. 1 og gnr. 8 bnr. 1, 2, 3 og 4 (*4624-86*, u.å.). I tillegg til dette fant vi at det som no er gnr. 86 i Bjørnafjorden kommune tidlegare har vore gnr. 1 i Fusa kommune. Figuren under viser innføringa i

<sup>61</sup> ØK, eller økonomisk kartverk, er ein nasjonal kartlegging av grunneigedommar i Norge som har økonomisk interesse i jord- eller skogbruksamanheng. Den kartlegginga blei starta på 1960-talet og fortsatte til utpå 1990-talet. Kartlegginga omfattar eigedomar større enn 5 daa. Grenser registrert på bakgrunn av ØK er ikkje juridisk bindande (*Økonomisk kartverk - historiske kartlag*, u.å.).

<sup>62</sup> Grensejustering og arealoverføring er måtar å endre ei grense på utan at det blir skilt ut ein ny eigedom. Grensejustering kan nyttast der det er maksimalt 5% endring i arealet og må ikkje tinglysast. Arealoverføring blir nytta ved endringar større enn 5% og må tinglysast (*Grensejustering, arealoverføring og endring av festegrund*, 2022).



den gamle grunnboka for Bogstranden. Det visast her at den har hatt gardsnummer 1 Fusa kommune, men er blitt omnummerert til gardsnummer 86 i Os kommune.



Figur 54 Utklipp frå gammal grunnbok for Aspeviken knr. 4624, gnr. 86, bnr. 2. Utklipp frå digitalarkivet. (Skanna arkiver - Arkivverket, u.å.-b)

Basert på desse funna kan vi konkludere med at Aspeviken, knr. 4624, gnr. 86, bnr. 2, blei skilt ut frå Bogstranden, knr.4624, gnr. 86, bnr. 1, og aldri hadde noko tilknytning til Bøsæter, knr.4624, gnr.1, bnr.1. Dette er mest sannsynleg ei feilføring i den elektroniske grunnboka som stammar frå endringar då det som var gnr. 1 i Fusa blei overført til Os i 1964 i samband med ei grenseregulering mellom kommunane (Juvkam, 1999, s. 52).

På grunn av at kartlegginga av bruksnummer var ein ganske omfattande prosess bestemte vi å avgrense undersøkinga ved å berre gå gjennom dei gardane som stammar frå SAB si oversikt. Gardane der vi fant ut at alle løpenummer i 1855-matrikkelen høyrde til Lyseklostergodset blei og utelete då alle seinare utskilte bruk vil stamme frå det som opphaveleg var Lyseklostergodset<sup>63</sup>.

### 5.5.3 Kartlegging der eigedomsrett ikkje kan knytast til areal

I punkt 5.1.2 definerte vi vår forståing av eigedomsomgrepet, og sette likskap mellom det og alle typar rettar Lyseklostergodset hadde. Denne definisjonen er ikkje optimal når vi skal knytte eigarskapen opp mot areal, men er det beste vi kan gå ut ifrå.

Av eigedommane vi har kartlagt er det ein handfull som skil seg ut i på det viset at vi ikkje kunne knyte Lyseklostergodset sin eigarrett opp mot bestemte bruksnummer. Dette gjeld samlege av gardane i Rogaland, alle unntatt to i Sogn og Fjordane og 15 stykke i Hordaland. Desse 15 er vist i tabellen under. Der viser vi også kva årstal vi har funne at gardane er blitt selt frå godset. Gardane i tabellen er både slike som betalte skatten sin til godset, men og slike som betalte den til lenet.

<sup>63</sup> Dette med forbehold om at dei ikkje er slått saman med eller blitt frådelt areal tilhøyrande gards- og bruksnummer som ikkje høyrte til godset.

Namn	Matrikkel nr.	Årstal for løysing
Mjøvatne	4616-9	1674
Hildal	4618-48	1702
Tveit	4622-89	1702
Skår	4624-216	1674
Svinestein	4624-213	1674
Bustetun	4618-61	1674
Hjorteland	4617-30	1798
Tuften	4622-11	N/A <sup>64</sup>
Skarvetun	4617-18	1773
Nesheim	4620-78	1770
Lille Haukås	4622-108	1850
Bakke	4625-29	1650? <sup>65</sup>
Lien	4624-81	N/A
Eide	4618-53	1674
Bringedal	4617-136	1826
Oppeim	4620-55	1666

Tabell 14 Oversikt over gardar i Hordaland kor vi ikkje kan knytte bruksnummer til Lyseklostergodset


Normalen i kartlegginga av bruk er at vi i pantebøkene har funne at på 1800-talet er bruka løyst frå dødsbuet etter Formann eller konsul Nagell, eventuelt selt av Johanne Nagell, og i tillegg vore anført som Lyseklostergods, sjå døme i punkt 4.3. For desse 15 gardane i tabellen over har det ikkje vore like lett. Her er det ulike typar referansar til Lyseklostergodset, eller ingen i det heile. Dømer på innføringar vi har funne er blant anna:

«Lysekloster gods angiver at tilkomme landskyld [...]» (*Tinglysingsmateriale*, u.å.-c), «Svarer rostjeneste til Lysekloster ifølge det ældre register» (*Tinglysingsmateriale*, u.å.-e), «Sigt og Sakefald følger Lyseklosteret» (*Tinglysingsmateriale*, u.å.-a). Det er altså snakk om ulike rettar som Lyseklostergodset har hatt frå gammalt av og som er blitt helde igjen når sjølve arealet er gått over i andre eigarhender. Som vi viste i punkt 2.4.3 blei desse rettane fasa ut og forsvann utover 1800-talet, og det finst difor ikkje salsskøyter på desse rettane. NB: det kan her verke som om vi motseier funna frå punkt 5.1, då vi der har vist til tilfelle der rettar er blitt selt. At det same ikkje er tilfelle her meiner vi underbygger kor komplekst eigedomsomgrepet var tidlegare og kvifor vi har vore nøydd til å betrakte alle måtar Lyseklostergodset hadde tilknytning til ein eigedom på som eigarrett.

Vi vil med utgangspunkt i informasjonen vi har funne om Mjøvatne, knr. 4616, gnr. 9, vise kvifor det er så vanskeleg å kople Lyseklostergodset sine rettar opp mot bruksnummer og dagens matrikkel. Bygdeboka fortel at halvparten av garden høyrte til godset, medan den andre halvparten var sjølveiga. I 1674 løyser brukaren òg inn Lyseklostergodset sin del, men denne «delen vart likevel liggjande under Lyseklosteradministrasjonen frametter til ut på 1800-talet» (Drange & Tysnes sogelag, 1986, s. 162). I figuren under viser vi ei tidslinje for eigarskap og delingar for Mjøvatne.

<sup>64</sup> Bygdeboka fortel at Lyseklosterparten har gått over til Rosendal-baroniet, men seier ingenting om årstal (Næss et al., 1950, s. 388). Vi har heller ikkje funne årstal i andre kjelder. Det same gjeld for Lien.

<sup>65</sup> I følge bygdeboka var garden Lyseklostergods i 1647 og «nokre år utover», men den er i 1657 gått over i Axel Mowat sitt eige (Tufteland et al., 1978, s. 688).



Figur 55 Illustrasjon av endringar for eigartilhøve på Mjøvatne. Eigenlaga illustrasjon.

Sidan delinga i to bruk ikkje skjer før i 1725, over 75 år etter at garden er innløyst, er det umogleg å sei om det er bruk 1 eller bruk 2 som svarar til den halvparten som Lyseklostergodset eigde før 1674.

## 5.6 Gardar som ikkje finst i Lyseklosterdokument

I punkt 5.4.1 viste vi at det ikkje alltid er samanfall mellom jordebøkene for Lyseklostergodset frå 1600-talet og skattematrikkelen frå 1647, og at det finst gardar som ikkje står i jordebøkene, men er ført som å høyre til godset i matrikkelen og omvendt. Det er ikkje berre i forhold til skattematrikkelen at vi har funne slike avvik mellom jordebøkene og andre kjelder. Andre kjelder vil i denne delen av drøftinga bety bygdebøker. Som vi har påpeikt tidlegare i punkt 4.1 er ikkje nødvendigvis all informasjon ein finn i slike bøker å stole på, og det kan vere vanskeleg å vite kvar forfattarane har henta sin informasjon frå. Sjølv om informasjonen er usikker vil vi likevel ta for oss dei to tilfella der bygdebøkene er einaste kjelde.

Gardane Øvre Jørrongo, knr. 4644, gnr. 94, og Høyheim, knr. 4644, bnr. 71, dukka opp som treff på søket «lyse\*» eller «lysekloster» når vi var på leiting etter informasjon om andre gardar. For Øvre Jørrongo kan vi ut frå bygdeboka lese at Lyseklostergodset har hatt ein eigardel på ca. 1/3 i 1607. vi får ikkje noko årstal for når denne delen blir selt, men ut frå teksten verkar det som om det har skjedd rundt 1670 (Laberg, 1926, s. 450). Korleis og kor tid Høyheim har komme til Lyseklostergodset er ut frå det vi kan lese i bygdeboka høgst uklart. Her står det at i 1647 har magister Jonas Sørensen i Bergen ein lott (Øyane & Luster, 1987, s. 669), dette er informasjon som vi får verifisert frå skattematrikkelen for same år (Marthinsen et al., 1977, s. 14). Vidare får vi opplyst at denne eigardelen «vart visstnok lagd til Lyseklostergodset [...] Georg Fredrik von Krogh, kjøpte den halve laupen klostergodts, truleg på 1690-talet» (Øyane & Luster, 1987, s. 670).

## 6 Drøfting av framgangsmåte for kartlegging og kartfesting

Eit av måla med denne oppgåva er å skape ein formålstenleg metode for kartlegging og kartfesting av norske eigedomsgods. Ulike framgangsmåtar for kartlegging og kartfesting presenterte vi i kapittel 4. I det følgjande skal vi gå gjennom kva vi ser fungerer eller ikkje fungerer med desse framgangsmåtane.

### 6.1 Kartlegging av eigedomsgods

Vi har hatt fleire utfordringar når det kjem til kartleggingsdelen av Lyseklostergodset, i kapittel 5 har vi vist til spesifikke problemstillingar knytt til funna i kjeldene. I denne delen vil vi på den andre sida drøfte utfordringar knytt til sjølve informasjonsinnhentinga, kjeldebehandlinga og dei framgangsmåtane vi har nytta for å kartlegge kva eigedomar som har høyrte til Lyseklostergodset.

#### 6.1.1 Utfordringar med kartlegging

Ei av utfordringane vi møtte når det gjaldt kartlegginga var at det frå starten ikkje var klart for oss at den informasjonen vi fekk i oversikta frå SAB var så avgrensa. Denne oversikta sto fram som ei fullstendig liste over Lyseklostergardane, og kartlegginga byrja difor med desse 163 gardane. Som ein konsekvens av leiting etter informasjon om desse 163 gardane dukka det opp nye gardsnamn som kunne knytast til godset. Nye kjelder gav ny informasjon, noko som gjorde at vi etter kvart fekk eit enormt kjeldemateriale. Dette gjorde at vi heile tida måtte utvide oversiktstabellen vår med nye rader og kolonnar etter kvart som kjeldematerialet vaks. Nye kjelder gjorde det òg lett å bli avleia og i staden for å fullføre ein del av undersøkinga heller ta fatt på det som var nytt og spanande. Utfordringa med stadig ny informasjon var å avgrense kva vi kunne rekne for å vere relevant for kartlegginga og å klare å ferdigstille arbeidet med ei kjelde før vi gjekk vidare til neste kjelde. Å ha store mengder informasjon krev god struktur og oversikt. Det som kunne gjort arbeidet med kjeldene lettare og meir oversiktleg var om vi frå starten visste at SAB si oversikt ikkje var ei fullstendig oversikt over Lyseklostergodset, men var avgrensa til å kun nemne gardane som skatta til Lyseklostergodset jamfør 1838-matrikkelen.

Det meste av kjeldemateriale finst digitalt tilgjengeleg, men nokre av dei viktigaste kjeldene våre finst berre i fysisk format på SAB sine lokale. Dette gjeld både for dokument som høyrer til Lyseklosterarkivet, men og enkelte bygdebøker. For å finne tak i dokumenta direkte knytt til Lyseklostergodset var vi avhengig av å få hjelp av dei tilsette på SAB som har inngående kunnskap om arkivmaterialet. Dei digitalt tilgjengelege kjeldene var praktiske å nytte, men enkelte dokument har blitt skanna og digitalisert på eit tidspunkt der teknologien var dårlegare enn no. Vi opplevde difor at nokre av dokumenta hadde dårleg oppløysing og at detaljar med dette var vanskeleg å tyde noko som auka sjansen for feillesing.

Kodinga av kjelder i oversiktstabellen vår var også noko som kravde at vi var konsekvente i systematiseringa. I utgangspunktet blei kjeldene forsøkt koda med 0/1, enten/eller, ut frå om gardane var nemnt i dei eller ikkje, slik at vi lett kunne sjå om ein gard var registrert på eit visst årstal eller ikkje. Denne kodinga var blant anna med på å avsløre gardsnamn som berre dukka opp i ei eller kanskje to kjelder. Dei fleste av gardane har multiple innføringar som gir ei klar tidslinje som kan følgast. Dei som derimot berre hadde ei eller to innføringar blei det då nødvendig å undersøke nærare for å sjå om dei var faktiske gardar, eller om det var feillesing, feilføring eller t.d. det som no er eit underbruk som var blitt ført som ein sjølvstendig gard. I andre tilfelle var det ikkje nok å kode berre 0 og 1 då kjeldene gav informasjon som måtte delast i fleire kategoriar. Det var då viktig å ha

god kontroll på kva dei ulike kodane faktisk representerte av informasjon. Utfordringa her var difor å kode på ein informativ og konsekvent måte for å lett finne tilbake til kva vi meinte med dei ulike kodingane.

Kartlegging av matrikkelnummer var òg utfordrande med utgangspunkt i SAB si oversikt sidan den er basert på gamle kommunenamn, noko som verka inn på dagens matrikkelnummerering. Dette kjem som følge av namneendring eller samanslåingar av kommunar.

### 6.1.2 Kva fungerer?

Sjølve oversiktstabellen vår som vi utarbeida i Excel har gitt oss eit godt utgangspunkt for å få oversikt over dei ulike Lyseklostereigedomane. Ei slik oversikt var heilt avgjerande for å halde styr på kjeldematerialet. At vi fekk samla alle gardane i eit dokument gjorde det enklare å søke opp gardsnamn og finne att informasjonen når vi trengte den. Her er også kryssrefereringa mellom dei ulike kjeldene noko som kjem tydeleg fram, sidan vi kan sjå av kodinga i tabellen (1 eller 0) kva gardar som kan finnast igjen i fleire oversikter eller register. Men som nemnt over har også oversiktstabellen vår sine avgrensingar sidan den ikkje like enkelt viser alle nyansane som vi kunne ønskt oss. Likevel er denne tabellen sjølve kjerna i vår metode for kartlegging nettopp fordi den til ei kvar tid viste oss kva informasjon vi hadde og kva vi mangla. Dette var med andre ord ein formålstenleg metode for kartlegging av eigedomane.

## 6.2 Kartfesting av eigedomsgods

Etter å ha funne fram til dei gardane som var eigd av Lyseklostergodset var neste steg å få fastsett desse til eit faktisk areal for å vise den geografiske utstrekninga til Lyseklostergodset. I kapittel 4 viste vi til ulike framgangsmåtar for korleis vi kan forsøke å kartfeste eigedomsarealet knytt til Lyseklostergodset. Desse metodane var bruk av grenseforretningar/utskiftingar og bruk av matrikkelnummerering.

### 6.2.1 Utfordringar med kartfesting

Å kartfeste større eigedomsgods skil seg frå kartfesting av enkelt-eigedomar. I praksis er det i godssamanheng ikkje ein enkelt eigedom, men mange, som må sporast tilbake i tid. Utfordringane knytt til å kartfeste arealet til Lyseklostergodset er avhengig av fleire faktorar. Avgrensa tilgang på kjelder eller gode kjelder er eit av dei. Ut frå nøyaktighetsnivået på det arealet vi ynskjer å kartlegge vil også tidsbruk vere ei stor utfordring sidan detaljert kartfesting av areal er veldig tidkrevjande. Ut frå formålet med kartfestinga må ein bestemme kva metode som best illustrerer dette. Formålet vårt knytt til visualisering av geografisk utstrekning i denne oppgåva er først og fremst å vise godset si faktiske utstrekning.

#### 6.2.1.1 Utskiftingsprotokoll og georeferering

Når vi i kapittel 4 gjekk gjennom ulike metodar for kartlegging, jobba vi oss gjennom kva informasjon vi kan få frå utskiftingar. Ved å nytte eksempelet Nordvik viser vi noko av utfordringa knytt til desse. Først og fremst er eldre utskiftingar, i vår samanheng: grensegangsføretningane for heile gardar frå 1830-40 talet, lite detaljerte. Det vert difor vanskelege å rekonstruere grensene utan å vitje sjølve området og ha kontroll på lokalkunnskap og eigarforholda på det tidspunktet for grensebeskrivinga. Også avrissa frå enkelte gardar knytt til Lyseklostergodset har lav nøyaktigheit når det kjem til å kartfeste sjølve arealet, men som vi såg i drøftinga i punkt 5.1.1 knytt til

eigedomsgrepet for Lyseklostergodset kan desse vere med på å illustrere interne forhold på gardane.

Slik vi ser det er georeferering av detaljerte utskiftingskart etter 1857 den einaste formålstenlege metoden som potensielt kan gje oss tilstrekkeleg med informasjon angående arealet til enkelteigedomar. Utfordringane med georeferering er at det må vere mogleg å finne gode utskiftingskart på dei enkelte gardane, og helst nærme i tid opp til då eigedomane gjekk ut av Lyseklostergodset. I arbeidet med denne oppgåva fant vi fleire utskiftingskart men mange av dei kjem ikkje før utover på 1900-talet. Vi kan stort sett sjå i realregistra når det har blitt halde utskiftingar, men fleire omformingar av areal kan skje i tida mellom dei ulike utskiftingskarta. Tilgangen, tidspunktet og kvaliteten til utskiftingskart vil difor vere utfordringar vi møter på om vi skal nytte utskiftingsforretningar som kjelde for kartfesting. I tillegg vil bruken av desse kjeldene krevje at vi ser i detalj på grensene og arealet til kvar enkeltgard og eigedom. Dette vil difor ikkje vere særleg formålstenleg metode å nytte for å kartlegge større eigedomssamlingar slik som Lyseklostergodset. Dette fører oss vidare til meir effektive metodar for kartfesting av areal, nemleg dei som til ei viss grad kan automatiserast gjennom å nytte digitale hjelpemiddel.

#### 6.2.1.2 Gardsnummer

Den framgangsmåten vi har nytta for illustrere areal i kart og figurar elles i oppgåva er forankra i at vi nytter matrikkelnummerering og dagens matrikkelkart som referanse for å vise det arealet som har høyrte til Lyseklostergodset. Her har vi enda opp med å kun avgrense med tanke på gardsnummer. Utfordringa med dette er at denne metoden for kartfesting kan medføre visse avgrensingar i nøyaktigheit. Som vi har nemnt tidlegare i oppgåva vil ikkje illustrasjonar kun basert på heile gardsnummer ta høgde for om Lyseklostergodset eigde heile eller kun delar av garden.

#### 6.2.1.3 Bruksnummer

Det kan ha skjedd små og store endringar i yttergrenser til eigedomane, ved at eigedomar har fått eller gitt frå seg areal til andre matrikkelnummer m.m.. Dagens matrikkelkart viser dei nyaste tinglyste grensene, alle endringar som har skjedd tidlegare er sletta frå matrikkelkartet. Skal vi ta høgde for alle arealendringar frå Lyseklostergodset blei oppløyst og fram til d.d., må vi gå gjennom både grunnbøkene og eventuelle tinglyste dokument for samlege bruk som stammar frå tidlegare Lyseklostergardar. Vi såg i punkt 4.5.2 på korleis arbeidet med å spore bruksnummer tilbake i tid er ein omfattande prosess. Dei 18 gardane kartlagt der har til saman 953 bruk som potensielt har tilknytning til areal tidlegare tilhøyrande Lyseklostergodset. Dette gir eit gjennomsnitt på 53 bruk per gardsnummer. Om vi antar at dette er eit representativ snitt for alle gardane vi har funne tilknytt Lyseklostergodset vil dette gi nærare 12 000 bruksnummer. Det syner at om vi skulle ha sett i detalj på alle innføringane i grunnbøkene knytt til arealendringar til desse bruka ville dette vore eit enormt arbeid.

På eit tidspunkt må ein vere nøgd med detaljnivået. For vår del vil dette vere avgrensa av kva kjelder vi har tilgjengeleg, samt kor tidkrevjande kartfestinga vil bli om ein ser på alle arealendringar på gardar tilhøyrande Lyseklostergodset.

#### 6.2.2 Kva fungerer?

Vi har no sett på utfordringar knytt til kartfesting av areal, men sjølv om det er fleire utfordringar knytt til å overføre eigedomar til fysisk areal er det enkelte framgangsmåtar som fungerer. Har ein

tilgang på gode og nøyaktige kjelder, slik som utskiftingskart som ideelt sett tar for seg forholda på eigedomane i nært opp mot den var del av Lyseklostergodset, er dette veldig illustrerande for å kartfeste areal på denne enkelte garden. Dette kan difor vere ein god metode for kartlegging om formålet er god nøyaktigheit i eit mindre område. For kartlegging av heile eigedomsgods slik som med Lyseklostergodset vert det derimot ikkje formålstenleg.

Vi meiner at den mest formålstenlege metoden for å kartfeste heile Lyseklostergodset på er å nytte gardsnummer. På denne måten ser vi kva for geografiske områder godset har hatt eigarskap til, j.f. vår definisjon av eigarskap i punkt 5.1.2.

### 6.3 Kritikk av eige arbeid

Denne oppgåva forsøker å famne eit breitt utval av perspektiv og kjelder, både teoretisk og historisk. Her må vi vere klar over eigen manglande kunnskap og moglegheiter for feiltolking av tekst og meiningsinnhald. Dette er svakheiter vi ikkje lett kan gjere noko med i det avgrensa tidsrommet vi har hatt til rådighet. Det er likevel viktig å vere bevisst på at feil kan bli gjort undervegs og at det er rom for forbetringar knytt til eige arbeid.

Det som derimot kan betrast er korleis vi fordelte ein del av arbeidet. Fordeling av arbeidet har vore slik at berre ein av oss har hatt hovudansvar for innføringane i oversiktstabellen, ein har hatt hovudansvar for arbeidet knytt til visualisering i ArcGIS-Pro, og ein for å sjå på utskiftingsprotokollen for Lyseklostergodset. Vi har difor ikkje hatt ein systematisk måte å kvalitetssjekke om det er blitt gjort tastefeil, feilregistrering o.l. Vi veit at slike feil har skjedd, men desse feila er blitt oppdaga som ledd i andre delar av kartlegging og kartfesting. Eit eksempel er at det blei oppdaga at eit gardsnummer ikkje kunne knytast opp mot dagens matrikkelkart. I dette tilfellet hadde det då skjedd ein inntastingsfeil for Langsæter indre, knr. 4618, bnr. 201. I oversiktstabellen var det innført gnr. 101 som er eit gardsnummer som ikkje finst i dag. Det er ingen opplagt måte å unngå å taste feil, men sjansen for slike følgjefeil blir redusert ved å gå gjennom materialet fleire gonger.

### 6.4 Overføringsverdi

Då vi starta med å kartlegge Lyseklostergodset var intensjonen vår at den metoden vi kom fram til skulle ha ein overføringsverdi til kartfesting og kartlegging av tilsvarande eigedomsgods i Noreg. I ettertid har vi sett at forholda på Lyseklostergodset i mange tilfelle er særigne for akkurat dette godset. Dette er mest fordi at godset var eit eige futedøme og hadde egne tinglag, og difor har sine egne protokollar, oversikter og realregister ein må leite etter informasjon i.

Sjølve metoden vår der vi nyttar ein Excel-tabell for å samle og systematisere informasjon har som nemnt over i 6.1.2 ein klar overføringsverdi, til tross for at det er mykje særigne for Lyseklostergodset. Oversikta vi fekk frå oversiktstabellen vår i kan i andre tilfelle fungere som ein mal for systematisering av informasjon, og gje eit innsyn i det breie utvalet av kjelder som ein elles ikkje er klar over kan eksistere. Dei spesifikke kjeldene vi har nytta i casen vår, som er koda i oversiktstabellen og nemnt i oppgåva, vil ikkje nødvendigvis ha ein direkte overføringsverdi. Oppgåva vil derimot gje ein peikepinn på kva kjeldetypar ein kan forvente seg å måtte nytte om ein ynskjer å kartlegge eller kartfeste tilsvarande eigedomsgods.

Det som kanskje vil ha størst overføringsverdi frå metoden vår til andre tilsvarande kartleggingar er sjølve erfaringane og refleksjonane vi har gjort oss undervegs. Å vite frå starten av ei kartlegging kva potensielle fallgruver ein kan støyte på vil kunne gjere arbeidet meir effektivt og tidssparande.

## 7 Konklusjon

Vi har no gått gjennom ulike måtar å samle inn og nytte informasjon på knytt til kartlegging og kartfesting av Lyseklostergodset. Med bakgrunn i funna våre skal vi i det følgjande summere opp svara våre på problemstillingane. Den første problemstillinga vår var

- *Kva vil det seie at ein eigedom var eigd av Lyseklostergodset?*

I teorien viste vi at det tidlegare fanst ulike måtar å ha eigarskap eller eigarrett. I drøftinga såg vi på ulike hypotesar for kva som var avgjerande for om Lyseklostergodset sto oppførst som eigar på gardar. Vi fant ikkje ein definitiv årsakssamanheng mellom ulike typar eigarinteresse og eigarskap til areal. Svaret på første problemstilling vert med dette *at alle eigedomar der Lyseklostergodset har hatt ei eigarinteresse er å rekne som «eigd av Lyseklostergodset»*.

Den andre problemstillinga vår lyder som følger

- *Kan vi med bakgrunn i kjelder frå Lyseklostergodset finne ein formålstenleg metode for kartlegging og kartfesting av norske eigedomsgods?*

Svaret på denne problemstillinga vår vert: *Nei, kjeldene for Lyseklostergodset er i fleire tilfelle unike, og kan difor ikkje direkte overførast til kartlegging av andre norske eigedomsgods.*

Til tross for dette har vi som vist over i kapittel 6 funne nokre generelle metodiske framgangsmåtar for kartlegging og kartfesting av norske eigedomsgods. Desse framgangsmåtane tar utgangspunkt i måten vi har nytta kjeldene frå Lyseklostergodset på. Den mest formålstenlege metoden for kartlegging og kartfesting blir med bakgrunn i denne oppgåva følgjande:

- 1) Finn kjelder som viser kva eigedomar som har vore tilknytt eigedomsgodset som skal kartleggast.
- 2) Lag ein oversiktstabell for å systematisere og verifisere funn og relevant informasjon knytt til dei ulike eigedomane.
- 3) Kartlegg dagens matrikelnummer for dei eigedomane vi via kjeldene kan verifisere har høyrte til godset.
- 4) Overfør matrikelnummereringa til eit GIS-program ved hjelp av unik koplingsnøkkel mellom oversiktstabellen og dagens matrikelkart.
- 5) Kartfest og visualiser gardane tilknytt godset ved å bruke kommune og gardsnummer.



## 8 Kjeldeliste

- Adelsloven – lokalhistoriewiki.no.* (2021). <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Adelsloven>
- Alle eiendomsgrenser i matrikkelen har god nøyaktighet.* (2021, september 20). Kartverket.no.  
<https://kartverket.no/eiendom/lokal-matrikkelmyndighet/datakvalitet/myter/alle-eiendomsgrenser-i-matrikkelen-har-god-noyaktighet>
- Andersen, P. S., Viken, Ø. L. I., & Allkunne. (2022). Leidang. I *Store norske leksikon*.  
<http://snl.no/leidang>
- Andersen, R. & Bergen. (1999). Frå dei eldste tider til 1840. I *Arna bygdebok*. Bergen : Alma mater, cop. 1999-. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2010041203016](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2010041203016)
- Anderssen, H. B. (2019). Løsningsrett. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/l%C3%B8sningsrett>
- Arkivverket, P. 15 5 2020 S. E. 6 5 2021. (2021). *Hvilket sorenskriveri skal jeg lete i?* Arkivverket.  
<https://www.arkivverket.no/opplysninger-om-eiendom/sorenskriverier>
- Arntzen, J. G. (2023). Krongods. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/krongods>
- aug. 2018, P. 8, mai 2019, S. endret: 23, Data, R. S. og, & Holden, F. F. (2018, august 8).  
*Skattemanntall*. Slekt og Data. <https://slektogdata.no/nb/skattemanntall>
- August Røsnes. (2014a). Introduksjon til arealadministrasjon. I August Røsnes (Red.),  
*Arealadministrasjon*. Universitetsforlaget.
- August Røsnes (Red.). (2014b). Matrikkelsystem og informasjonstilfang. I *Arealadministrasjon*.  
Universitetsforlaget.
- Bergsholm, E. (2022). Eiendomsskattens historie i Norge. *Kart og Plan*, 115(3), 303–319.  
<https://doi.org/10.18261/kp.115.3.8>
- Bugård. (2020). I *Store norske leksikon*. <http://snl.no/bug%C3%A5rd>
- Bygdebok. (2020). I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/bygdebok>
- Bygsling. (2023). I *Store norske leksikon*. <http://snl.no/bygsling>
- Børge Aadland. (2014). Eiendomsrett, særlige tinglige retter, samt bo- og eieformer i fast eiendom. I  
August Røsnes (Red.), *Arealadministrasjon*. Universitetsforlaget.

- Diplomatarium Norvegicum*. (1352). [https://www.dokpro.uio.no/cgi-bin/middelalder/diplom\\_vise\\_tekst.cgi?b=1436&s=n&str=](https://www.dokpro.uio.no/cgi-bin/middelalder/diplom_vise_tekst.cgi?b=1436&s=n&str=)
- Drange, E. B. (1987). Tysnes: Gards- og ættesoge. 2. I *Tysnes*. Uggdalseidet] : Tysnes sogelag, c1986-1991. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2007080604014](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2007080604014)
- Drange, E. B. & Tysnes sogelag. (1986). Tysnes: Gards- og ættesoge. 1. I *Tysnes*. Uggdalseidet] : Tysnes sogelag, c1986-1991. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2018030648545](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2018030648545)
- Drange, E. B. & Tysnes sogelag. (1991). Tysnes: Gards- og ættesoge. 4. I *Tysnes*. Uggdalseidet] : Tysnes sogelag, c1986-1991. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2018030748120](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2018030748120)
- Dørum, K. (2023). Norsk jordeiendomshistorie. I *Store norske leksikon*.  
[http://snl.no/Norsk\\_jordeiendomshistorie](http://snl.no/Norsk_jordeiendomshistorie)
- Ersland, G. A. (1989). *EIT FORSØK PÅ REKONSTRUKSJON AV GRUNNEIGEFORDELINGA I BERGEN VED UTGANGEN AV SEINMELLOMALTEREN*.
- Falkanger, T., Reusch, M., & Eriksen, G. (2023). Eiendomsrett. I *Store norske leksikon*.  
<https://snl.no/eiendomsrett>
- Falkanger, T., Reusch, M., Mæhlum, L., & Eriksen, G. (2023). Matrikkelen. I *Store norske leksikon*.  
<http://snl.no/Matrikkelen>
- Fana kommune – lokalhistoriewiki.no*. (2021). [https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Fana\\_kommune](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Fana_kommune)
- Fil:12f.png – lokalhistoriewiki.no*. (u.å.). Henta 25. mars 2023, frå  
<https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Fil:12f.png>
- Fiskal. (2021). I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/fiskal>
- Flottorp, H., & Halvorsen, P. B. (2021). Cistercienserordenen. I *Store norske leksikon*.  
<http://snl.no/Cistercienserordenen>
- Fortegnelse over matrikulerede Eiendomme og deres Skyld i: Affattet i Henhold til Kgl. Resolution af 29de Mai og 6te December 1886. Herreds-No. 12-28: Søndre Bergenhus Amt Nordhordland Fogderi. (1890). I *Fortegnelse over matrikulerede Eiendomme og deres Skyld i .... Søndre*

*Bergenhus Amt. Kristiania* : Grieg, [1890. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2011061605067](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2011061605067)

*Grensejustering, arealoverføring og endring av festegrunn.* (2022, september 8). Kartverket.no.

<https://kartverket.no/eiendom/eiendomsgrenser/grensejustering-og-arealoverforing>

*Grunnboksutskrift.* (2020, september 16). Eiendomsrett.no®.

<https://www.eiendomsrett.no/grunnboksutskrift/>

Hardanger og Voss fogderi. (2022). I *Wikipedia*.

[https://no.wikipedia.org/w/index.php?title=Hardanger\\_og\\_Voss\\_fogderi&oldid=22147212](https://no.wikipedia.org/w/index.php?title=Hardanger_og_Voss_fogderi&oldid=22147212)

*Historiske opplysninger fra grunnboken.* (2022, desember 5). Kartverket.no.

<https://kartverket.no/eiendom/bestille-fra-grunnboken/historiske-opplysninger-fra-grunnboken>

Hjartåker, T. (2023). Grensegang. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/grensegang>

Hofstad, K., Mæhlum, L., & Ljone, F. (2023). Teig. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/teig>

*Hovedmatrikelkommissjonen, RA/S-1529, 1819.* (1819).

<https://media.digitalarkivet.no/view/61547/84>

Hødnebo, F. (1962). Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjonstid.

7: Hovedstad-judar. I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjonstid*. Oslo : Gyldendal, 1956-1978. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2015030308005](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2015030308005)

[https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2015030308005](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2015030308005)

*Info om jordskiftesak 1280-1935-0005.* (u.å.). Henta 19. mai 2023, frå

<https://wcarkiv.domstol.no/wcarkiv/saksinfo.wc?ID=128019350005>

Jordebok. (2020). I *Store norske leksikon*. <http://snl.no/jordebok>

Juvkam, D. (1999). *Historisk oversikt over endringer i kommune- og fylkesinndelingen*. Statistisk Sentralbyrå.

Jørn Ø. Sunde. (2004). Ei avhandling om Rosendal birk—Samt ei kort drøfting om birkeretten på

Vestlandsgodsa Svanøy, Halsnøy Kloster og Lysekloster. *Bergensposten*, 85.

- Kolltveit, O. (1967). Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid. 3 1: Bygdesoga 1913-63 : gards- og ættesoga : Odda. I *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid. 3, Bygdesoga 1913-63*. Odda] : Bygdeboknemnda, 1967. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2010090208047](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2010090208047)
- Kolltveit, O. (1974a). Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid. 5 1: Bygdesoga. I *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid. 5, Bygdesoga*. Odda] : Bygdeboknemnda, 1974. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2010090208048](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2010090208048)
- Kolltveit, O. (1974b). *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid. 5 2. Bygdesoga*. Bygdeboknemnda. <https://www.nb.no/items/5a3f8565ae863331d95e6a9263fe2511?page=7&searchText=bus tetun>
- Kopi av tinglyst dokument*. (2023, januar 26). Kartverket.no. <https://kartverket.no/eiendom/bestille-fra-grunnboken/kopi-dok>
- Laberg, J. (1926). Hafslo: Bygd og ætter. I *Auresamlingen*. I kommisjon hjaa John Griegs forl. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2012092108109](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2012092108109)
- Landkommissariatet – lokalhistoriewiki.no*. (2023). <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Landkommissariatet>
- Langgåat, A. (2009). *Lyse klostets jordegods*.
- Lars Eknes. (1926). *Utsikt over utviklingen av norsk matrikkelvesen*. Utskiftningsfunksjonærenes landsforening.
- Leksikon:Birk – lokalhistoriewiki.no*. (2020). <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Birk>
- Leksikon:Bygdeting – lokalhistoriewiki.no*. (2020). <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Bygdeting>
- Leksikon:Byggesel – lokalhistoriewiki.no*. (2020). <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Byggesel>
- Leksikon:Fredtoll – lokalhistoriewiki.no*. (2009). <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Fredtoll>

*Leksikon:Hals- og håndsrett – lokalhistoriewiki.no.* (2009).

[https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Leksikon:Hals-\\_og\\_h%C3%A5ndsrett](https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Leksikon:Hals-_og_h%C3%A5ndsrett)

*Leksikon:Herred – lokalhistoriewiki.no.* (2023). <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Herred>

*Leksikon:Jordebokskatter – lokalhistoriewiki.no.* (2009).

<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Jordebokskatter>

*Leksikon:Klosterlen – lokalhistoriewiki.no.* (2013).

<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Klosterlen>

*Leksikon:Landskyld – lokalhistoriewiki.no.* (2004).

<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Landskyld>

*Leksikon:Len – lokalhistoriewiki.no.* (u.å.). Henta 17. mai 2023, frå

<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Len>

*Leksikon:Len – lokalhistoriewiki.no.* (2004). <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Len>

*Leksikon:Lensvesen – lokalhistoriewiki.no.* (2004).

<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Lensvesen>

*Leksikon:Matrikkel – lokalhistoriewiki.no.* (2004).

<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Matrikkel>

*Leksikon:Pant – lokalhistoriewiki.no.* (2011). <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Pant>

*Leksikon:Skipreide – lokalhistoriewiki.no.* (2004a).

<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Skipreide>

*Leksikon:Skipreide – lokalhistoriewiki.no.* (2004b).

<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Skipreide>

*Leksikon:Sorenskriver – lokalhistoriewiki.no.* (2019).

<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Leksikon:Sorenskriver>

*Leksikon:Tinglysing – lokalhistoriewiki.no.* (2004).

[https://lokalhistoriewiki.no/index.php?title=Leksikon:Tinglysing&mobileaction=toggle\\_view\\_desktop](https://lokalhistoriewiki.no/index.php?title=Leksikon:Tinglysing&mobileaction=toggle_view_desktop)

Lorentzen, B. (1952). Gård og grunn i Bergen i middelalderen. I *Norbok*. John Griegs boktrykkeri.

[https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2016010707537](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2016010707537)

Lott. (2023). I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/lott>

*Lov om innløsning av jordavgifter, løs landskyld, jordeboksrettigheter og beslektede avgifter m.v.—*

*Lovdata*. (u.å.). Henta 12. april 2023, frå <https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1939-06-16-1?q=jordavgifter>

*Lysekloster Byggeselprotokol nr. 6 1791—1802*. (1802).

Marthinsen, L., Fladby, R., & Norsk lokalhistorisk institutt. (1977). *Skattematrikkelen 1647. 12: Sogn*

*og Fjordane fylke*. Oslo : Universitetsforlaget, c1969-1978. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2013090424001](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2013090424001)

*Matrikkelen 1852-1855 Søndre Bergenhus Amt*. (1855).

*Matrikkelen 1838 – lokalhistoriewiki.no*. (2017). [https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Matrikkelen\\_1838](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Matrikkelen_1838)

*Matrikkelen 1886 – lokalhistoriewiki.no*. (2022). [https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Matrikkelen\\_1886](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Matrikkelen_1886)

*Matrikkelen—Eiendomskart Teig—Kartkatalogen*. (u.å.). Henta 4. mai 2023, frå

<https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/matrikkelen-eiendomskart-teig/74340c24-1c8a-4454-b813-bfe498e80f16>

*Matrikkelforarbeidet 1723 – lokalhistoriewiki.no*. (2022).

[https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Matrikkelforarbeidet\\_1723](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Matrikkelforarbeidet_1723)

Myking, J. R. (2022). Minnelege utskiftingar på Lyseklostergodset på 1800-talet. *Kart og Plan*,

*115*(3), 263–286. <https://doi.org/10.18261/kp.115.3.6>

Myking, J. R. (2023). Landskyld. I *Store norske leksikon*. <http://snl.no/landskyld>

*Namnegard – lokalhistoriewiki.no*. (2016). <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Namnegard>

*Nordhordland sorenskriverembete – lokalhistoriewiki.no*. (2018).

[https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Nordhordland\\_sorenskriverembete](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Nordhordland_sorenskriverembete)

Norges historie. B. 15: Historisk atlas. (1995). I *Norges historie* (3. utg.). Oslo] : Cappelen, 1995.

[https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2013010408073](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2013010408073)

NORSKE GÅRDS- OG STEDSNAVN. (2002). <https://www.arild-hauge.com/gardsnavn.htm>

*Norske Rigs-Registrarer tildeels i uddrag: Udgivne efter offentlig foranstaltning. I.* (1861). Brögger.

Næss, A., Kolltveit, O., & Strandebarm og Varaldsøy bygdeboknemnd. (1950). Strandebarm og

Varaldsøy i gamal og ny tid. 2: Gards og ættesoga. I *Strandebarm og Varaldsøy i gamal og ny tid*. Bergen] : Strandebarm og Varaldsøy bygdeboknemnd, [1947-1950.

[https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2011031120033](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2011031120033)

O. Rygh: *Norske Gaardnavne*. (u.å.). Henta 15. februar 2023, frå

[https://www.dokpro.uio.no/perl/navnegransking/rygh\\_ng/rygh\\_soek.prl?s=n&AMT=&start=S%C3%B8k&HERRED=&SOGN=&GNAVN=&GNR=&LITREF=&REFORDF=&BIND=&SIDE=&S OEKESTRENG=tveit&med\\_amt=on&med\\_herred=on&med\\_sogn=on&konkordanse\\_streng=hurtigliste&sort\\_tfunn=-&sort\\_amt=1&sort\\_herred=2&sort\\_sogn=3&sort\\_gard=4](https://www.dokpro.uio.no/perl/navnegransking/rygh_ng/rygh_soek.prl?s=n&AMT=&start=S%C3%B8k&HERRED=&SOGN=&GNAVN=&GNR=&LITREF=&REFORDF=&BIND=&SIDE=&S OEKESTRENG=tveit&med_amt=on&med_herred=on&med_sogn=on&konkordanse_streng=hurtigliste&sort_tfunn=-&sort_amt=1&sort_herred=2&sort_sogn=3&sort_gard=4)

Oldervoll, J. (2022). Rosstjeneste. I *Store norske leksikon*. <http://snl.no/rosstjeneste>

*Oppebørsel – lokalhistoriewiki.no*. (u.å.). Henta 26. april 2023, frå

<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Oppeb%C3%B8rsel>

Orning, H. J. (2015). *Norge blir et lydrike—Norgeshistorie*.

<https://www.norgeshistorie.no/senmiddelalder/1011-norge-blir-et-lydrike.html>

Pantebok. (2023). I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/pantebok>

*Pantebok – lokalhistoriewiki.no*. (2022). <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Pantebok>

*Panteregister – lokalhistoriewiki.no*. (2022). <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Panteregister>

*Priskalkulator*. (u.å.). Henta 17. januar 2023, frå <https://www.norges->

[bank.no/tema/Statistikk/Priskalkulator/](https://www.norges-bank.no/tema/Statistikk/Priskalkulator/)

*Propositioner og Meddelelser*. (1851). Stortinget.

*Realregister*. (2012, februar 6). Jusleksikon.no. <https://jusleksikon.no/wiki/Realregister>

Reksten, E. (1979). *Krongodssalg og embetsstan i Bergenhus len/Bergen stiftamt i 2. Halvdel av 1600-tallet*.

Reusch, M. (2023). Hjemmelshaver. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/hjemmelshaver>

Rygh, O. (Oluf). (1999). Norske Gaardnavne: Forord og Indledning. I *Norbok*. Tapir.

[https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2015061708031](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2015061708031)

*Saltødegården | Bergen byleksikon*. (2009).

<https://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/1422937>

*Se eiendom—Bogstrandvegen 449*. (u.å.). Henta 14. mai 2023, frå

<https://seeiendom.kartverket.no/eiendom/4624/86/2/0/0>

*Se eiendom—Gåssandvegen 601*. (u.å.). Henta 14. mai 2023, frå

<https://seeiendom.kartverket.no/eiendom/4624/1/1/0/0>

*Se eiendom—Sagstadvegen 152*. (u.å.). Henta 25. april 2023, frå

<https://seeiendom.kartverket.no/eiendom/4631/319/50/0/0>

Sevatdal, H. (2017). *Eigedomshistorie: Hovudliner i norsk eigedomshistorie frå 1600-talet fram mot nåtida* (P. K. Sky & E. Berge, Red.). Universitetsforlaget.

*Sikt og sakefall*. (2021, juni 3). Jusleksikon.no. [https://jusleksikon.no/wiki/Sikt\\_og\\_sakefall](https://jusleksikon.no/wiki/Sikt_og_sakefall)

*Skanna arkiver—Arkivverket*. (u.å.-a). Henta 25. april 2023, frå <https://media.digitalarkivet.no/self-service/grbb?municipalities%5B0%5D=4630&gnr=133&bnr=5&fnr=&snr=&name=>

*Skanna arkiver—Arkivverket*. (u.å.). Henta 14. mai 2023, frå <https://media.digitalarkivet.no/self-service/grbb?municipalities%5B0%5D=4624&gnr=1&bnr=1&fnr=&snr=&name=>

*Skanna arkiver—Arkivverket*. (u.å.). Henta 14. mai 2023, frå <https://media.digitalarkivet.no/self-service/grbb?municipalities%5B0%5D=4624&gnr=86&bnr=2&fnr=&snr=&name=>

*Skanna arkiver—Arkivverket*. (u.å.-b). Henta 21. mai 2023, frå <https://media.digitalarkivet.no/self-service/grbb?municipalities%5B0%5D=4624&gnr=86&bnr=2&fnr=&snr=&name=>

*Skanna arkiver—Arkivverket*. (2023).

[https://media.digitalarkivet.no/tl/preg/search?counties%5B0%5D=14&gnr=&bnr=&matnr=&lnr=&other\\_no=&name=r%C3%B8d%2A](https://media.digitalarkivet.no/tl/preg/search?counties%5B0%5D=14&gnr=&bnr=&matnr=&lnr=&other_no=&name=r%C3%B8d%2A)

*Skanna arkiver—Arkivverket*. (2023). [https://media.digitalarkivet.no/self-](https://media.digitalarkivet.no/self-service/grbb?municipalities%5B0%5D=4640&gnr=279&bnr=&fnr=&snr=&name=)

[service/grbb?municipalities%5B0%5D=4640&gnr=279&bnr=&fnr=&snr=&name=](https://media.digitalarkivet.no/self-service/grbb?municipalities%5B0%5D=4640&gnr=279&bnr=&fnr=&snr=&name=)



*Skanna materiale: Andre publikasjoner, PUBL/PUBL-999/0002/Bind-12: Søndre Bergenhus amt:*

*Nordhordland og Voss fogderi, 1838, s. 109. (u.å.). Henta 20. mars 2023, frå*

<https://media.digitalarkivet.no/view/35485/109>

*Skanna materiale: Hovedmatrikelkommissjonen, RA/S-1529, 1819. (1819).*

<https://media.digitalarkivet.no/view/61547/84>

*Skanna materiale: Lyseklostergodset - Godsforvaltning, SAB/A-36602/Da/L0002: Protokoll over*

*grenseforretninger. Register, 1835-1836. (u.å.-a). Henta 20. mai 2023, frå*

<https://media.digitalarkivet.no/view/115734/85>

*Skanna materiale: Lyseklostergodset—Godsforvaltning, SAB/A-36602/B/L0001: Jordbok, 1722.*

*(1722). <https://media.digitalarkivet.no/view/115735/70>*

*Skanna materiale: Rentekammeret, Kammerkanselliet, RA/EA-3111/G/Gg/Ggj/Ggj/L0001:*

*Skjøtebok over kongelig avhendet jordegods i Norge Q, 1670-1680, s. 22. (u.å.). Henta 25.*

*mars 2023, frå <https://media.digitalarkivet.no/view/73517/22>*

*Skanna materiale: Statsrådssekretariatet, RA/S-1001/A/Ab/L0075: Kgl. res. 1. halvår, 1852. (u.å.-b).*

*Henta 17. april 2023, frå <https://media.digitalarkivet.no/view/144048/408>*

*Skanna materiale: Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Ek/L0004/0001: Jordebøker til*

*utlikning av garnisonsskatt 1624-1626: / Jordebøker for Bergenhus len, 1626, s. 115. (1626).*

<https://media.digitalarkivet.no/view/39887/115>

*Skattematrikkelen 1647 – lokalhistoriewiki.no. (2023).*

[https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Skattematrikkelen\\_1647](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Skattematrikkelen_1647)

*Skipreide – lokalhistoriewiki.no. (2023). <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Skipreide>*

*Skaathun, O. B. (1967). Soga for Fusa, Hålandsdal og Strandvik. 2. I *Soga for Fusa, Hålandsdal og**

*Strandvik*. Bergen : [s.n.], 1961-1967. <https://urn.nb.no/URN:NBN:no->

[nb\\_digibok\\_2018030748542](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2018030748542)

*Sorenskriverembeter – lokalhistoriewiki.no. (2021).*

<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Sorenskriverembeter>

Svein Indrelid. (2007). *Soga om Flåm*. Aurland Sogelag.

*Søk i arkivet til jordskifterettene:* (u.å.). Henta 19. mai 2023, frå

<https://wcarkiv.domstol.no/wcarkiv/kommunelist.wc?ID>

Tang, P. & Norges geografiske oppmåling. (1936). Norges inndelingsgrenser og deres avlegning på

Norges geografiske opmålings karter. I *Norsk lokalhistorisk institutt*. Grøndahl.

[https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2016101128001](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2016101128001)

Thorsnæs, G., Helleve, E., & Allkunne. (2023). Jondal – tidlegare kommune. I *Store norske leksikon*.

[http://snl.no/Jondal\\_-\\_tidlegare\\_kommune](http://snl.no/Jondal_-_tidlegare_kommune)

*Tinglysingsmateriale: Hardanger og Voss sorenskriveri, SAB/A-2501/2/2A/2Aa/L0002: Panteregister*

*nr. II.A.a.2, 1800-1850, s. 16-17.* (u.å.-a). Henta 17. mai 2023, frå

<https://media.digitalarkivet.no/view/13106/12>

*Tinglysingsmateriale: Hardanger og Voss sorenskriveri, SAB/A-2501/2/2A/2Aa/L008a: Panteregister*

*nr. II.A.a.8a, 1800-1940, s. 164.* (u.å.-b). Henta 20. mai 2023, frå

<https://media.digitalarkivet.no/view/13100/166>

*Tinglysingsmateriale: Hardanger og Voss sorenskriveri, SAB/A-2501/2/2A/2Aa/L0029: Panteregister*

*nr. II.A.a.29, 1800-1940, s. 435.* (u.å.-c). Henta 17. mai 2023, frå

<https://media.digitalarkivet.no/view/13127/442>

*Tinglysingsmateriale: Midhordland sorenskriveri, SAB/A-3001/1/G/Ga/Gab/L0005a: Panteregister*

*nr. II.A.b.5a, s. 152.* (u.å.-d). Henta 23. april 2023, frå

<https://media.digitalarkivet.no/view/12941/164>

*Tinglysingsmateriale: Midhordland sorenskriveri, SAB/A-3001/1/G/Ga/Gab/L0010a: Panteregister*

*nr. II.A.b.10a, s. 147.* (u.å.-e). Henta 17. mai 2023, frå

<https://media.digitalarkivet.no/view/12951/156>

*Tinglysingsmateriale: Midhordland sorenskriveri, SAB/A-3001/1/G/Ga/Gab/L0021a: Panteregister*

*nr. II.A.b.21a, s. 11.* (u.å.). Henta 27. januar 2023, frå

<https://media.digitalarkivet.no/view/12965/18>

*Tinglysingsmateriale: Midhordland sorenskriveri, SAB/A-3001/1/G/Ga/Gab/L0039a: Panteregister*

*nr. II.A.b.39a, s. 75. (u.å.-f). Henta 2. mai 2023, frå*

<https://media.digitalarkivet.no/view/12993/86>

*Tinglysingsmateriale: Midhordland sorenskriveri, SAB/A-3001/1/G/Ga/Gab/L0039b: Panteregister*

*nr. II.A.b.39b, s. 321. (u.å.-g). Henta 20. mai 2023, frå*

<https://media.digitalarkivet.no/view/12994/123>

*Tinglysingsmateriale: Midhordland sorenskriveri, SAB/A-3001/1/G/Ga/Gab/L0039b: Panteregister*

*nr. II.A.b.39b, s. 335. (u.å.-h). Henta 11. april 2023, frå*

<https://media.digitalarkivet.no/view/12994/137>

*Tinglysingsmateriale: Midhordland sorenskriveri, SAB/A-3001/1/G/Ga/Gab/L0039b: Panteregister*

*nr. II.A.b.39b, s. 338. (u.å.-i). Henta 18. mai 2023, frå*

<https://media.digitalarkivet.no/view/12994/140>

*Tinglysingsmateriale: Midhordland sorenskriveri, SAB/A-3001/1/G/Gb/Gbe/L0001: Pantebok nr.*

*II.B.e.1, 1834-1846. (u.å.-j). Henta 20. mai 2023, frå*

[https://media.digitalarkivet.no/view/12294/1?fbclid=IwAR0DMvW8XfW2N638bdepXWyH\\_65fe-3oBWY2TmM-X142iuE98VzeKO5FQ5c](https://media.digitalarkivet.no/view/12294/1?fbclid=IwAR0DMvW8XfW2N638bdepXWyH_65fe-3oBWY2TmM-X142iuE98VzeKO5FQ5c)

*Tinglysingsmateriale: Midhordland sorenskriveri, SAB/A-3001/1/G/Gb/Gbe/L0001: Pantebok nr.*

*II.B.e.1, 1834-1846, s. 109. (u.å.-k). Henta 19. mai 2023, frå*

<https://media.digitalarkivet.no/view/12294/113>

*Tinglysingsmateriale: Midhordland sorenskriveri, SAB/A-3001/1/G/Gb/Gbe/L0001: Pantebok nr.*

*II.B.e.1, 1834-1846, s. 260. (u.å.-l). Henta 19. mai 2023, frå*

<https://media.digitalarkivet.no/view/12294/264>

*Tinglysingsmateriale: Nordhordland sorenskriver, SAB/A-2901/1/G/Ga/Gaaa/L0020: Panteregister*

*nr. II.A.a.20, 1893-1952, s. 300-301. (u.å.). Henta 27. januar 2023, frå*

<https://media.digitalarkivet.no/view/12896/152>

*Tinglysingsmateriale: Nordhordland sorenskrivar, SAB/A-2901/1/G/Ga/Gaaa/L0040: Panteregister*

*nr. II.A.a.40, 1893-1952, s. 236-237. (u.å.-m). Henta 17. mai 2023, frå*

<https://media.digitalarkivet.no/view/12915/121>

*Tinglysingsmateriale: Sunnhordland sorenskrivar, SAB/A-2401/1/G/Ga/Gad/L0004: Panteregister*

*nr. II.A.d.4, 1866-1940, s. 223. (u.å.-n). Henta 20. mai 2023, frå*

<https://media.digitalarkivet.no/view/11964/28>

Tora Katrine Haugland & Ingrid Askheim Liknes. (2021). *Korleis var eigedomstilhøva fram til*

*Rosendal-godset vart oppløyst i 1927* [Høgskulen på Vestlandet].

[https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-](https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/bitstream/handle/11250/2767371/Haugland_Liknes.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

[xmlui/bitstream/handle/11250/2767371/Haugland\\_Liknes.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/bitstream/handle/11250/2767371/Haugland_Liknes.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

Torleif Hansen. (1981). *Lyseklosterarkivet 1670-1852*. Statsarkivet i Bergen.

*Tredjearstake – Slekthistoriewiki*. (2014).

<https://www.genealogi.no/wiki/index.php/Tredje%C3%A5rstake>

Tufteland, J., Austevoll sogenemnd, & Austevoll. (1978). *Austevoll. 1: Gard og ætt Møkster sokn. I*

*Austevoll. Gard og ætt. Austevoll*] : Heradet, 1978-1991. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2018030748061)

[nb\\_digibok\\_2018030748061](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2018030748061)

Tveit, N. (1946). *Lysekloster gjennom 800 år: 10. juli 1146 - 10. juli 1946*. I *Norbok*. Os kommune.

[https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2011011905051](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2011011905051)

Tøllefsen, T. O. (2023). *Vasall*. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/vasall>

*Utskrifter av Danske Registrarer 1670-72 (Bd. 8)*. (1672).

Winge, H., Fladby, R., & Norsk lokalhistorisk institutt. (1976a). *Skattematrikkelen 1647. 11:*

*Hordaland fylke*. I *Skattematrikkelen 1647*. Oslo : Universitetsforlaget, c1969-1978.

[https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2013042906040](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2013042906040)

Winge, H., Fladby, R., & Norsk lokalhistorisk institutt. (1976b). *Skattematrikkelen 1647. 11:*

*Hordaland fylke*. Oslo : Universitetsforlaget, c1969-1978. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2013042906040)

[nb\\_digibok\\_2013042906040](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2013042906040)

Økonomisk kartverk—Historiske kartlag. (u.å.). Nibio. Henta 19. april 2023, frå

<https://www.nibio.no/tema/jord/arealressurser/andre-kart/gammel-ok-raster>

Øyane, L. E. (Lars E. & Luster. (1987). Gards- og ættesoge for Luster kommune. B. 3: Dale 2 - og Nes

sokn. I *Norbok*. Gaupne] : Luster kommune, 1984- . <https://urn.nb.no/URN:NBN:no->

[nb\\_digibok\\_2016062748136](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2016062748136)

## Vedlegg

Vedlegg 1: Oversiktstabellen

Vedlegg 2: Kartlegging av bruksnummer